

Tittel	Opplæringslovforskriften
Status	Gjeldende
Trådt i kraft	01-08-2006
Type	Forskrift
Utgitt	01-08-2006
Utgiver	Kunnskapsdepartementet
Skrevet ut av	geir johansen
Dato	20-01-2017

Opplæringslovforskriften¹

Kapitel 1 Innholdet i opplæringa

(Opplæringslova , § 2-2 første ledd og femte ledd, § 2-3 tredje ledd, § 2-5 sjette ledd, § 2-6, § 3-1 tredje ledd, § 3-2 første ledd og første ledd og § 6-4)

§ 1-1 Opplæringa i grunnskolen²

I grunnskolen skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag- og timefordelinga. Frå kravet i første punktum gjeld desse unntaka:

- a) For spesialundervisning gjeld opplæringslova § 5-5. Reglane om spesialundervisning gjeld også for opplæring med utgangspunkt i dei læreplanalternativa som går fram av dei andre punkta i denne paragrafen.
- b) Elevar i samisk distrikt, jf. opplæringslova § 6-1, skal ha opplæring i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet - Samisk. Det same gjeld elevar utanfor samisk distrikt når dei får opplæring på samisk, jf. opplæringslova § 6-2 andre ledd.
- c) Elevar som får opplæring i samisk utanfor samisk distrikt, skal ha opplæring i samsvar med det ordinære Læreplanverket for Kunnskapsløftet, men skal følgje Læreplanverket for Kunnskapsløftet - Samisk når det gjeld opplæringa i samisk.
- d) Elevar med teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 2-6 har i teiknspråk, norsk, engelsk og musikk rett til opplæring i samsvar med læreplanane i norsk teiknspråk, norsk for hørselshemma, engelsk for hørselshemma og drama og rytmikk for hørselshemma.
- e) Elevar som har rett til særskild norskopplæring etter opplæringslova § 2-8, skal få opplæring etter tilpassing til læreplanen i norsk eller opplæring etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar.
- f) Elevar med rett til punktskriftopplæring med mer etter opplæringslova § 2-14 har rett til inntil 1525 timar i tillegg til den ordinære timeramma i fag- og timefordelinga.

Skoleeigaren kan omdisponere inntil 5 prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget for heile klassar/grupper eller årstrinn. Skoleeigaren gir forskrifter om fag- og timefordelinga for det enkelte skoleåret der omdisponeringa av timar mellom fag kjem fram. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

§ 1-1a Rett til fysisk aktivitet³

Elevar på 5.-7. årstrinn skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvingfaget. Tilsaman skal dette utgjere 76 timar innanfor 5.-7. årstrinn, jf. fag- og timefordelinga.

Den fysiske aktiviteten skal tilretteleggjast slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skoledagen.

Reglane om individuell vurdering i kapittel 3 og reglane om krav til pedagogisk kompetanse for undervisningspersonale i kapittel 14 gjeld ikkje. Elles gjeld opplæringslova med tilhøyrande forskrifter.

¹ Dato: FOR-2006-06-23-724 Departement: KD (Kunnskapsdepartementet) Ikrafttredelse: 01.08.2006 Sist endret: 19. desember 2016 nr. 1675 (i kraft 01.01.2017). Endrer: FOR-1999-06-28-722 Hjemmel: Opplæringslova §1-3, §2-2, §2-3, §2-5, §2-6, §2-7, §3-1, §3-2, §3-3, §3-4, §3-6, §3-9, §4A-3, §4A-4, §6-2, §6-3, §6-4, §7-2, §9-2, §9-4, §9a-9, §10-1, §10-3, §10-9, §11-9, §12-4, §13-1, §13-3, §14-1, §13-3b

² Endra ved forskrifter 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010), 14 juli 2015 nr. 902 (i kraft 1 aug 2015).

³ Ny paragraf etter forskrift 30. juli 2009 nr. 1014 (i kraft 01.08.2009)

§ 1-2. Grunnskoleopplæring for vaksne

Læreplanverket for Kunnskapsløftet skal, så langt det passar, også brukast i grunnskoleopplæringa for vaksne. Opplæringa skal tilpassast vaksne og skal vere eigna til å føre dei vaksne fram til vitnemål etter §§ 4-31 fig.

§ 1-3. Vidaregåande opplæring⁴

Den vidaregåande opplæringa skal vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet og den fastsette tilbudsstrukturen. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag- og timefordelinga.

- a) Elevar som får opplæring ved ein knutepunktskole etter opplæringslova § 3-9 andre ledd, har i teiknspråk, norsk og engelsk rett til opplæring i samsvar med læreplanane i norsk teiknspråk, norsk for hørselshemma og engelsk for hørselshemma.
- b) Elevar med rett til punktskriftopplæring med meir etter opplæringslova § 3-10 har rett til inntil 456 timar i tillegg til den ordinære timeramma i fag- og timefordelinga.

Opplæringa i fellesfaga skal vere tilpassa dei ulike utdanningsprogramma.

Skoleeigaren kan leggje fag på andre trinn enn det som er fastsett i fag- og timefordelinga. Skoleeigaren gir forskrifter der det kjem fram på kva trinn dei ulike faga skal liggje. Fag- og timefordelinga må sikre progresjonen i faga og at den vidaregåande opplæringa samla sett følgjer ordinær opplæringstid. Skoleeigarar som gir forskrifter om endra fag- og timefordeling, må òg tilby den ordinære fag- og timefordelinga.

§ 1-4. Tid til opplæring og eksamen

I Læreplanverket for Kunnskapsløftet er fag- og timefordelinga fastsett. Tida som går med til eksamen, medrekna eventuell førebuingstid som blir teken frå undervisninga, skal reknast som opplæringstid. Elevar som ikkje blir trekte ut til eksamen, skal ha ordinær opplæring.

§ 1-4a Tid til arbeid med elevråd og elevmedverknad⁵

Alle elevar skal ha moglegheit og tid til å arbeide med saker knytt til elevdemokrati og medverknad i opplæringa. Arbeidet må vere godkjent av skolen.

§ 1-5. Særleg om fag- og timefordelinga i grunnskolen

For elevar som skifter skole gjeld den vedtekne timefordelinga for den skolen dei til kvar tid går på.

§ 1-6. Rammer for dagleg skoletid i grunnskolen

Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl. 08.00 eller slutte etter kl. 15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd.

§ 1-7. Bruk av skoletida i grunnskolen til anna enn grunnskoleopplæring

Når skoletida blir nytta til konfirmantundervisning etter § 36 i kyrkjelova, skal dei timane som fell bort, delast på alle faga i skolen. Andre trus- og livsynssamfunn har same retten til å bruke av skolen si tid som Den norske kyrkja har.

⁴ Endra ved forskrifter 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010), 14 juli 2015 nr. 902 (i kraft 1 aug 2015).

⁵ Tilføyd ved forskrift 30. juni 2012 nr. 816 (i kraft 06.08.2012)

§ 1-8. Opplæring i framandspråk, språkleg fordjuping og arbeidslivsfag i grunnskolen⁶

Elevane på ungdomstrinnet i grunnskolen skal i tillegg til opplæring i engelsk ha opplæring i eit framandspråk til, språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk eller opplæring i arbeidslivsfaget.

Skoleeigaren skal tilby opplæring i framandspråk i minst eitt av dei fire språka tysk, fransk, spansk eller russisk etter læreplanen i framandspråk på nivå I ved kvar skole. I tillegg kan det vere tilbod om andre språk, også ikkje-europeiske, etter same læreplanen. Skoleeigaren bestemmer kva for framandspråk elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast.

Skoleeigaren skal tilby opplæring i språkleg fordjuping i minst eitt av faga norsk, engelsk eller samisk ved kvar skole. Skoleeigaren bestemmer kva for språkleg fordjuping elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast. Skoleeigarar kan i tillegg tilby arbeidslivsfaget.

Elevar som har hatt opplæring i framandspråk, språkleg fordjuping eller arbeidslivsfaget, har ikkje rett til å halde fram med opplæring i det faget dei har begynt på, dersom dei skifter skole. Skoleeigaren bør likevel, så langt det er mogleg, leggje til rette for at elevane kan halde fram med opplæring i det språket eller faget dei har begynt på.

Når ein elev har valt anten framandspråk, språkleg fordjuping eller arbeidslivsfag, skal eleven ha faget på heile ungdomstrinnet. Elevane kan i det første halvåret likevel gjere omval i samråd med skolen. Når det ligg føre særlege grunnar, kan skoleeigaren godkjenne overgang på eit seinare tidspunkt.

Skoleeigarar kan tilby fordjuping i matematikk til elevar som begynner på 8. trinn i skoleåret 2015/2016, som eit alternativ til eit framandspråk til, til språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk eller arbeidslivsfaget. Skoleeigarar som vel å tilby fordjuping i matematikk for elevar på 8. trinn i skoleåret 2015/2016, må tilby faget for desse elevane gjennom alle dei tre åra på ungdomstrinnet. For fordjuping i matematikk gjeld fjerde og femte ledd tilsvarande. Føresegna får ein tilsvarande bruk for elevar som er omfatta av § 1-9 første ledd i forskrifta.

§ 1-9. Nærmare om opplæring i framandspråk, språkleg fordjuping og arbeidslivsfag i grunnskolen⁷

Elevar som får opplæring i samisk som første- eller andrespråk, er unnatekne frå kravet om opplæring etter § 1-8. Desse elevane har likevel rett til opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping dersom dei ønskjer det, eventuelt også arbeidslivsfaget dersom skoleeigar tilbyr dette faget.

Elevar som får opplæring i finsk som andrespråk etter opplæringslova § 2-7, norsk teiknspråk etter opplæringslova § 2-6 eller særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, kan etter søknad bli fritakne frå kravet om opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping.

Elevar som er unnatekne frå kravet om opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping, skal få forsterka opplæring i engelsk, norsk, samisk, finsk eller eit anna språk som eleven alt har eit grunnlag i.

§ 1-10. Opplæring i framandspråk i vidaregåande opplæring

Elevar i vidaregåande opplæring som held fram med det same framandspråket som dei har hatt i grunnskolen, skal følgje læreplanen for framandspråk fellesfag, nivå II. Elevar som begynner med eit nytt framandspråk, skal følgje læreplanen for framandspråk fellesfag, nivå I. Elevar som på ungdomstrinnet ikkje har hatt opplæring i framandspråk i grunnskolen, skal ha opplæring både i nivå I og i nivå II i læreplanen når dei begynner med framandspråk i vidaregåande opplæring.

⁶ Endra ved forskrifter 12 april 2012 nr. 357 (i kraft 1 aug 2012). 20 feb 2013 nr. 228 (i kraft 1 aug 2013), 4 mars 2014 nr. 255 (i kraft 1 aug 2014), 17 juni 2015 nr. 708 (i kraft 1 aug 2015).

⁷ Endra ved forskrift 17 juni 2015 nr. 708 (i kraft 1 aug 2015).

Elevar som får opplæring i samisk som første- eller andrespråk, finsk som andrespråk eller norsk teiknspråk etter opplæringslova § 3-9, er unntatte frå kravet om opplæring i framandspråk.

§ 1-11. Opplæring i skriftleg sidemål⁸

For desse elevane gjeld ikkje kravet om opplæring i skriftleg sidemål:

- a) elevar med opplæring i samisk som førstespråk eller andrespråk
- b) elevar som har finsk som andrespråk
- c) elevar som får opplæring i teiknspråk etter opplæringslova § 2-6 og § 3-9
- d) elevar som får særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 og § 3-12.

Når det gjeld fritak frå vurdering i skriftleg sidemål, sjå § 3-22 og § 4-15.

For elevar med rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, avgjerast spørsmålet om fritak frå opplæring i skriftleg sidemål etter reglane i opplæringslova kapittel 5.

§ 1-12. Fritak frå opplæring i kroppsøving⁹

Rektor kan etter søknad gi elevar i vidaregåande opplæring fritak frå opplæring i kroppsøving. Eleven må leggje fram ei fråsegn frå lege som dokumenterer at opplæringa er til skade for eleven, og at tilpassa opplæring ikkje er mogleg, jf. § 3-23. Rektor si avgjerd er eit enkeltvedtak.

§ 1-13. Fritak frå fag for privatistar og vaksne som følgjer vidaregåande opplæring spesielt organisert for dei¹⁰

Reglane i § 1-10, § 1-11, § 1-12 og § 1-16 gjeld også for privatistar og for vaksne som følgjer vidaregåande opplæring spesielt organisert for dei. Fylkeskommunen gjer enkeltvedtak om godkjenning etter § 1-16.

Privatistar i yrkesfaglege utdanningsprogram som har minst 5 år allsidig yrkespraksis, eventuelt inkludert opplæring i faget, er fritatte frå kravet om fellesfag for å få vitnemål som gir yrkeskompetanse. Det same gjeld vaksne som følgjer opplæring spesielt organisert for dei, og som har minst 5 år allsidig praksis, eventuelt inkludert opplæring i faget. Føresegnene om fritak frå fellesfag for å få yrkeskompetanse gjeld ikkje krava for å få generell studiekompetanse. I dei yrkesfaga der det er knytt offentleg nasjonal eller internasjonal sertifisering til eit utferd vitnemål, kan det ikkje gjerast unntak i strid med slike sertifiseringsføresegner.

Vaksne som følgjer vidaregåande opplæring særskild organisert for dei etter kapittel 4A, er fritatte frå opplæring i faget kroppsøving.

§ 1-14 Opplæring i valfag på ungdomstrinnet¹¹

Elevane på ungdomstrinnet i grunnskolen skal ha opplæring i valfag frå 8. årstrinn. Elevane kan ha same valfag på fleire trinn eller dei kan velje nytt valfag på kvart årstrinn.

Skoleeigaren pliktar å setje i gang minst to ulike valfag per skoleår ved kvar skole. Skoleeigaren avgjer kva for valfag elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast.

§ 1-15 Tilbod om fag frå vidaregåande opplæring til elevar på ungdomstrinnet¹²

Elevane i grunnskolen skal følgje opplæringa i alle fag slik det er fastsett i læreplanverket, jf. § 1-1. Dette gjeld likevel ikkje fullt ut for elevar på ungdomstrinnet som har tilstrekkeleg kompetanse i

⁸ Endret ved forskrift 01.07.2009 nr. 964 (i kraft 01.08.2009)

⁹ Endra ved forskrifter 15 des 2011 nr. 1513 (i kraft 1 aug 2012), 13 juni 2012 nr. 731 (i kraft 6 aug 2012), 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

¹⁰ Endret ved forskrift 01.07.2009 nr. 964 (i kraft 01.08.2009), 15. desember 2011 nr. 1513 (i kraft 01.08.2012), 13.juni 2012 nr. 731 (i kraft 05.08.2012), 22. august 2012 nr. 822 (i kraft 27.08.2012)

¹¹ Ny §1-14 etter forskrift 23. juni 2012 nr. 732 (i kraft 06.08.2012)

¹² Tilføyd ved forskrift 23. mai 2008 nr. 940 (i kraft 22. august 2008). Endret fra §1-14 til §1-15 etter

grunnskolefaga til å følgje opplæringa i eit eller fleire fag på vidaregåande nivå i samsvar med læreplanverket. På vidaregåande nivå kan elevar på ungdomstrinnet ta fellesfag og programfag, som byggjer på fag i grunnskolen. Kommunen gjer enkeltvedtak om at eleven på ungdomstrinnet skal ta eit eller fleire fag i vidaregåande opplæring. Før kommunen gjer enkeltvedtaket, skal det innhentast samtykke frå eleven eller foreldra til eleven.

Eleven skal ha undervegsvurdering og sluttvurdering etter kapittel 3 i faget både på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. For trekk til eksamen i grunnskolen gjeld § 3-25 tredje ledd.

Elevar som følgjer opplæring på vidaregåande nivå etter første ledd, kan også ta i bruk timane til valfag og inntil 60 % av timane i faget utdanningsval til denne opplæringa.

Vaksne i grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 4A-1 kan òg ta fag i vidaregåande opplæring etter denne føresegna.

§ 1-16 Godkjenning innan vidaregåande opplæring av tidlegare bestått opplæring i Noreg eller i utlandet¹³

Ein elev som tidlegare har bestått eit fag som er det same faget, eller som er likeverdig med eller meir omfattande enn eit fag etter læreplanverket, skal få godkjenning for dette som bestått fag etter læreplanverket. Dette gjeld anten det aktuelle faget er bestått i Noreg eller i utlandet. Eleven må søkje rektor om slik godkjenning, og må sjølv leggje fram den nødvendige dokumentasjonen.

Ein elev som har gjennomført og bestått eit opplæringsår i utlandet på nivå med norsk Vg1 og/eller Vg2, kan søkje fylkeskommunen om å få denne opplæringa godkjend som ein del av norsk vidaregåande opplæring. Denne ordninga gjeld for alle utdanningsprogramma. Fylkeskommunen skal vurdere søknaden og gje godkjenning når innhaldet i opplæringsåret i utlandet er likeverdig med eller meir omfattande enn opplæringa etter læreplanverket. Opplæringsåret i utlandet må ha hovudvekta på den fagkrinsen ein finn i det tilsvarande norske opplæringsåret, men det er ikkje krav om at den utanlandske opplæringa inneheld alle dei einskilde faga i det aktuelle utdanningsprogrammet. Søkjaren må leggje fram nødvendig dokumentasjon på den utanlandske opplæringa. Fylkeskommunen kan gje tilsegn om godkjenning på vilkår før eleven dreg til utlandet.

Avgjerd etter første og andre ledd er enkeltvedtak som det kan klagast på til fylkesmannen.

§ 1-17 Opplæring og eksamen etter læreplanen i norsk for språklege minoritetar med kort butid i Noreg¹⁴

Elevar i vidaregåande opplæring kan velje å følgje læreplanen i norsk for språklege minoritetar med kort butid i Noreg, om alle desse vilkåra er oppfylte:

- a) Eleven har enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 3-12.
- b) Eleven har på tidspunktet for eksamen kortare enn 6 års butid i Noreg.
- c) Skolen tilbyr norskopplæring etter denne læreplanen.

forskrift 23. juni 2012 nr. 732 (i kraft 06-08-2012). 19. juli 2012 nr. 753 (i kraft 08-08-2012), 1. september 201 nr. 1046 (i kraft 3. september 2013).

¹³ Tilføyd ved forskrift 15. desember 2011 nr. 1513 (i kraft 01.08.2012), Endret fra §1-15 til §1-16 etter forskrift 23. juni 2012 nr. 732 (i kraft 06-08-2012)

¹⁴ Føyd til med forskrift 30. juni 2016 nr. 892 (i kraft 01.08.2016).

Kapitel 1A Leksehjelp for elevar i grunnskolen

§ 1-A-1 Leksehjelp i grunnskolen¹⁵

Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.

Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.

Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis.

Kommunen pliktar å sørge for at elevane har eit godt psykososialt miljø i leksehjelpa som fremjar helse, trivsel og læring. Dersom ein tilsett har kunnskap eller mistanke om at eleven sin rett ikkje blir oppfylt skal den tilsette undersøkje saka, varsle kommunen og om nødvendig og mogleg sjølv gripe inn. Eleven og foreldre kan be om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet. Kommunen pliktar snarast mogleg å behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom vedtak ikkje er fatta innan rimeleg tid kan eleven og foreldre klage som om vedtak vart fatta.

Kommunen plikter å sørge for forsvarleg tilsyn med elevane i leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Leksehjelpa skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skolefritidsordninga, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottek leksehjelp etter denne føresegna. Dette gjeld og for elevar som ikkje deltek i skolefritidsordninga elles.

Kapitel 2 Rapportering og evaluering av opplæringsverksemda (Opplæringslova § 14-1 fjerde ledd.)

(Opplæringslova § 14-4.)

§ 2-1. Skolebasert vurdering¹⁶

Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.

§ 2-2. Rapportering frå kommunen og fylkeskommunen

Skoleeigaren skal medverke til å etablere administrative system og å innhente statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa.

§ 2-3. Nasjonale undersøkingar om læringsmiljøet for elevane

Skoleeigaren skal sørge for at nasjonale undersøkingar om motivasjon, trivsel, mobbing, elevmedverknad, elevdemokrati og det fysiske miljøet blir gjennomførte og følgde opp lokalt.

§ 2-4. Prøver, utvalsprøver og andre undersøkingar¹⁷

Elevar skal delta i prøver, utvalsprøver og andre undersøkingar fastsette av departementet. Skoleeigaren skal sørge for at dette blir gjennomført.

¹⁵ Tilføyd ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046 (i kraft 01.08.2010). Endret ved forskrift 13. juni 2014 nr. 890 (i kraft 01.08.2014).

¹⁶ Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

For elevar som får spesialundervisning etter kapittel 5 i opplæringslova, og når det dessutan er klart at prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa til eleven, kan skolen gjere vedtak om å frita eleven frå å delta i prøvene. Det same gjeld elevar som har enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 eller § 3-12, og elevar ved internasjonale eller utanlandske skolar som mottar opplæring etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar eller annan jamgod plan. Eleven sjølv eller foreldra kan likevel bestemme at eleven skal ta prøvene.

Internasjonale skolar og utanlandske skolar kan etter søknad til Utdanningsdirektoratet få fritak dersom det verkar openbert urimeleg at elevane skal delta i prøvene.

Departementet fastsett nærmare retningslinjer for gjennomføringa av prøvene.

Kapitel 3 Individuell vurdering i grunnskolen og vidaregåande opplæring¹⁸

I - Generelle føresegner

§ 3-1 Rett til vurdering¹⁹

Elevar i offentleg grunnskoleopplæring og elevar, lærlingar og lærekandidatar i offentleg vidaregåande opplæring har rett til vurdering etter reglane i dette kapitlet. Retten til vurdering inneber både ein rett til undervegsvurdering og sluttvurdering og ein rett til dokumentasjon av opplæringa. Kapitlet gjeld for privatistar, så langt det er fastsett i føresegnene her. Praksiskandidatar reknast som privatistar i kapitlet her, dersom ikkje anna er særskild fastsett i føresegnene her. Kapitlet gjeld for elevar i skolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12.

Reglane i kapitlet gjeld ikkje for dei som får privat opplæring i heimen etter opplæringslova § 2-13.

Kapitlet gjeld heller ikkje for offentleg grunnskoleopplæring eller offentleg vidaregåande opplæring særskilt organisert for vaksne etter opplæringslova kapittel 4A. For vurdering i opplæring særskilt organisert for vaksne, gjeld kapittel 4.

Det skal vere kjent for eleven, lærlingen og lærekandidaten kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse. Det skal og være kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og åtferd.

Skoleeigar har ansvaret for at eleven, lærlingen eller lærekandidaten sin rett til vurdering blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Ved opplæring i bedrift er det lærebedrifta som oppfyller lærlingen og lærekandidaten sin rett til vurdering.

Reglane i kapitlet gjeld ikkje for dei som får privat opplæring i heimen etter opplæringslova § 2-13.

Kapitlet gjeld heller ikkje for offentleg grunnskoleopplæring eller offentleg vidaregåande opplæring særskilt organisert for vaksne etter opplæringslova kapittel 4A. For vurdering i opplæring særskilt organisert for vaksne, gjeld kapittel 4.

Det skal vere kjent for eleven, lærlingen og lærekandidaten kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse. Det skal og være kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og åtferd.

Skoleeigar har ansvaret for at eleven, lærlingen eller lærekandidaten sin rett til vurdering blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Ved opplæring i bedrift er det lærebedrifta som oppfyller lærlingen og lærekandidaten sin rett til vurdering.

¹⁷ Endra med forskrifter 14. oktober 2013 nr. 1270, 4 juli 2016 nr. 873 (i kraft 1 aug 2016).

¹⁸ Hele kapitlet endret ved forskrift 1 juli 2009 nr. 964 (i kraft 1 aug 2009)

¹⁹ Hele kapittel 3 endret ved forskrift 1. juli 2009 nr. 964 (i kraft 01.08.2009)

§ 3-2 Formålet med vurdering²⁰

Formålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykkje kompetansen til eleven, lærlingen og lærekandidaten undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget. Vurderinga skal gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane, lærlingane og lærekandidatane.

Formålet med vurdering i orden og i åtferd er å bidra i sosialiseringssprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og åtferd.

§ 3-3 Grunnlaget for vurdering i fag²¹

Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3.

Føresetnadene til den enkelte, frávær, eller forhold knytte til ordenen og åtferda til eleven, lærlingen eller lærekandidaten skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i fag. I faget kroppsøving skal innsatsen til eleven vere ein del av grunnlaget for vurdering.

Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal møte fram og delta aktivt i opplæringa slik at læraren og instruktøren får grunnlag til å vurdere eleven, lærlingen og lærekandidaten sin kompetanse i faget. Stort frávær eller andre særlege grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter.

I vidaregåande skole skal eleven ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved frávær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at frávær i meir enn 10 prosent av timane i faget skyldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd. Dersom årsaka til fráværet gjer det klart urimeleg at fráværsgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert frávær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hos rektor. Læraren må i alle høve ha tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter, jf. tredje ledd.

§ 3-4 Karakterer i fag mv.

I grunnskolen til og med 7. årstrinnet skal det berre givast vurdering utan karakterar. Frå 8. årstrinn og i vidaregåande opplæring skal vurdering også givast med talkarakterar. Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal brukast.

Dei enkelte karaktergradene har dette innhaldet:

- a) karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget
- b) karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- c) karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- d) karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- e) karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- f) karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

I vidaregåande opplæring svarer bestått til karakterane 2 til 6. Departementet kan i spesielle tilfelle fastsetje ei anna grense for bestått i læreplanverket. Fag med karakteren 1 i standpunkt er bestått når eksamenskarakteren er 2 eller betre. Det gjeld ikkje dersom eksamenskarakteren er for ein tverrfagleg eksamen. Det går fram av læreplanverket at det i enkelte fag skal brukast andre uttrykk enn talkarakterar. Dei andre uttrykka er

- a) bestått/ikkje bestått: for å få karakteren bestått skal eleven ha vist tilfredsstillande kompetanse i faget
- b) delteke/ikkje delteke.

Ved fag- og sveineprøve og kompetanseprøve skal det ved vurderinga brukast ein tredelt skala som har dette innhaldet:

²⁰ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

²¹ Endra ved forskrifter 27 juli 2011 nr. 805 (i kraft 4 aug 2011), 13 juni 2012 nr. 731 (i kraft 6 aug 2012), 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015), 23. juni 2016 nr. 782 (i kraft 01.08.2016).

- a) bestått mykje godt: mykje god eller framifrå kompetanse i faget
- b) bestått: tilfredsstillande eller god kompetanse i faget
- c) ikkje bestått: svært låg kompetanse i faget.

§ 3-5 Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleig, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr. Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Vurderinga av orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

I vurderinga i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtferd.

§ 3-6 Karakterer i orden og åtferd

I grunnskolen skal det til og med 7. årstrinnet berre givast vurdering utan karakter i orden og i åtferd.

Frå 8. årstrinnet og i vidaregåande opplæring skal vurdering i orden og i åtferd givast med karakterar. I orden og i åtferd skal då desse karakterane nyttast:

- a) God (G): vanleg god orden og vanleg god åtferd
- b) Nokså god (Ng): klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd
- c) Lite god (Lg): i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd.

§ 3-7 Varsling²²

Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag.

Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd.

Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter, eller gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd.

Etter at eleven har fylt 18 år, skal foreldra ikkje varslast.

§ 3-8 Dialog om anna utvikling

Eleven, lærlingen og lære kandidaten har rett til jamleg dialog med kontaktlæraren eller instruktøren om sin utvikling i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket.

²² Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

§ 3-9 Opphevet per 01.08.2010²³

§ 3-10 Privatistar i vidaregåande opplæring²⁴

Privatist er etter reglane i dette kapitlet ein som har meldt seg til eksamen i eitt eller fleire fag frå vidaregåande opplæring utan å vere elev eller lærling i dette faget eller desse faga.

Privatistar går opp til eksamen i fag dei ønskjer å dokumentere kompetanse i. Eksamensforma for privatistar er fastsett i læreplanverket.

Det skal vere tilgjengeleg for privatistar kva som er måla for opplæringa og kva som blir lagt vekt på i vurderinga av hennar eller hans kompetanse.

I læreplanverket er det for enkelte fag fastsett at privatistar berre treng bestå eksamen på det høgaste nivået for å få godskrive faget på eit lågare nivå.

II - Undervegsvurdering²⁵

§ 3-11 Undervegsvurdering²⁶

Undervegsvurdering i fag skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen og lærekandidaten aukar kompetansen sin i fag.

Undervegsvurderinga i fag, i orden og i åtferd skal givast løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg.

Undervegsvurderinga skal innehalde informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lærekandidaten og gi rettleiing om korleis ho eller han kan utvikle kompetansen sin i faget.

Eleven, lærlingen og lærekandidaten har minst éin gong kvart halvår rett til ein samtale med kontaktlæraren eller instruktøren om utviklinga si i forhold til kompetansemåla i faga. Samtalen kan gjennomførast i samband med halvårsvurderinga utan karakter, jf. § 3-13 og i samband med samtalen med foreldra etter § 20-3 og § 20-4.

Læraren skal i undervegsvurderinga vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 og § 5-4.

Lærekandidatar og elevar med individuell opplæringsplan skal både ha undervegsvurdering og rettleiing i samsvar med den opplæringsplanen som er utarbeidd for dei, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd.

§ 3-12 Eigenvurdering²⁷

Eigenvurderinga er ein del av undervegsvurderinga, og formålet med eigenvurderinga er at eleven, lærlingen og lærekandidaten reflekterer over og blir bevisst på eiga læring. Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

§ 3-13 Halvårsvurdering i fag for elevar²⁸

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal syne kompetansen til eleven opp mot kompetansemåla i læreplanen for faget. Ho skal også gi rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

²³ Opphevet ved forskrift 7. juli 2010 nr 1081 (i kraft 01.08.2010)

²⁴ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

²⁵ Hele kapittel 3 endret ved forskrift 1. juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

²⁶ Endra ved forskrifter 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010), 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

²⁷ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

²⁸ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

Det skal givast skriftleg og/eller munnleg halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa.

Frå 8. årstrinnet skal eleven i tillegg ha halvårsvurdering med karakter. Halvårsvurderinga med karakter skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga. Halvårsvurdering med karakter skal givast skriftleg.

Halvårsvurderinga skal frå 8. årstrinnet gjennomførast midt i opplæringsperioden på kvart årstrinn, og ved slutten av opplæringsåret for fag som ikkje blir avslutta, jf. læreplanverket.

Rektor har ansvaret for at faglæraren gjennomfører halvårsvurdering med og utan karakter. Dersom rektor er i tvil om reglane for halvårsvurdering er følgde, kan rektor be om ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette.

§ 3-14 Halvårsvurdering for lærlingar og lærekandidatar i bedrift

Halvårsvurdering er ein del av undervegsvurderinga for lærlingar og lærekandidatar. Halvårsvurderinga er utan karakter og skal beskrive kompetansen til lærlingen og lærekandidaten i forhold til kompetansemåla i læreplanverket. Ho skal også gi rettleing om korleis lærlingen og lærekandidaten kan auke kompetansen sin i faget. Instruktøren gjennomfører halvårsvurderinga utan karakter.

§ 3-15 Halvårsvurdering i orden og i åtferd for elevar²⁹

Halvårsvurdering i orden og i åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårsvurdering utan karakter i orden og i åtferd i heile opplæringsløpet.

Frå 8. årstrinnet skal det også givast halvårsvurdering med karakter i orden og i åtferd. Halvårsvurdering med karakter skal fastsetjast midt i opplæringsperioden på 8., 9. og 10. årstrinnet og ved slutten av opplæringsåret på 8. og 9. årstrinnet. Halvårsvurdering med karakter skal givast skriftleg.

I vidaregåande opplæring i skole skal det givast halvårsvurdering med karakter midt i opplæringsperioden på kvart årstrinn. Det skal givast halvårsvurdering med karakter ved slutten av opplæringsåret dersom eleven ikkje avsluttar opplæringa i skole dette opplæringsåret. Når eleven avsluttar opplæringa i skole skal det fastsetjast standpunktkarakter i orden og i åtferd etter § 3-19.

Kontaktlæraren skal gi halvårsvurdering i orden og i åtferd i samarbeid med dei andre lærarane til eleven.

§ 3-16 Samanhengen mellom undervegsvurderinga og standpunktkarakteren i fag³⁰

Undervegsvurderinga skal fremje læring og gi eleven høve til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida i faget. Den kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktkarakteren i fag skal fastsetjast, jf. § 3-3 og § 3-18.

III - Sluttvurdering³¹

§ 3-17 Sluttvurdering i fag³²

Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lærekandidaten ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket, jf. § 3-3..

²⁹ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

³⁰ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

³¹ Hele kapittel 3 endret ved forskrift 1 .juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

Sluttvurderingar i grunnskolen er standpunktkarakterar og eksamenskarakterar.

Sluttvurderingar i vidaregåande opplæring er standpunktkarakterar, eksamenskarakterar og karakterar til fag-/sveineprøve og kompetanseprøve.

Sluttvurderingar er enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i [kapittel 5](#).

Elevar i grunnopplæringa som har individuell opplæringsplan, skal vurderast etter dei samla kompetansemåla i læreplanen for faget, jf. [§ 3-3](#).

§ 3-17a Samanhengen mellom sluttvurdering og elevstatus³³

Når ein elev har fullført og bestått opplæringa i eit fag, skal sluttvurderinga følgje eleven fram til kompetansebevis og vitnemål. Eleven kan da ikkje få elevstatus i faget på nytt.

Ein elev som har fått sluttvurdering i eit fag frå vidaregåande opplæring på ungdomstrinnet, jf. § 1-15, kan velje om faget skal godkjennast etter § 1-16, eller velje å ta faget på nytt som elev i vidaregåande opplæring.

Ein elev som har fått innvilga omval, kan velje om tidlegare sluttvurderingar i fellesfag skal godkjennast etter § 1-16, eller velje å ta faget på nytt som elev i vidaregåande opplæring.

§ 3-18 Standpunktkarakterar i fag³⁴

Standpunktkarakterar er karakterar som blir gitt ved avslutninga av opplæringa i fag, og som skal førast på vitnemålet.

Standpunktkarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser den kompetansen eleven har i faget, jf. [§ 3-3](#) og [§ 3-16](#). Eleven skal vere kjend med kva det blir lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktkarakter.

Standpunktkarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet.

Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før skolen gjennomfører den første lokalt gitte eksamenen i faget på det aktuelle trinnet innanfor utdanningsprogrammet.

Rektor har ansvaret for at faglæraren set standpunktkarakter. Dersom rektor er i tvil om reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er følgde, kan rektor krevje ei ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte.

Rektor har ansvaret for at det blir gjort enkeltvedtak om ikkje å gi standpunktkarakter i fag. For å gjere enkeltvedtak om å ikkje gi karakter, skal eleven først vere varsla, jf. [§ 3-7](#).

§ 3-19 Standpunktkarakterar i orden og i åtferd³⁵

Elevar skal ha standpunktkarakterar i orden og i åtferd etter 10. årstrinnet. I vidaregåande opplæring skal elevar ha standpunktkarakter når dei avsluttar opplæringa i skole.

Rektor har ansvaret for at standpunktkarakterar i orden og i åtferd blir fastsette etter drøfting i møte der lærarane til eleven er til stades. Endelege karakterar i orden og i åtferd skal fastsetjast etter at opplæringa er avslutta.

³² Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

³³ Tilføyd ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

³⁴ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

³⁵ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

IV - Fritak frå vurdering med karakter³⁶**§ 3-20 Fritak frå vurdering med karakter for elevar med individuell opplæringsplan³⁷**

Når ein elev i grunnskolen får opplæring etter individuell opplæringsplan, avgjer foreldra om eleven skal ha vurdering med eller utan karakter. I fag der det både gis skriftlege og munnlege karakter, kan foreldra også velje om eleven skal ha berre skriftleg eller munnleg karakter i faget. Dei som vel karakter i norsk skriftleg, kan velje karakter i den eine eller begge målformene. Valretten gjeld berre i fag som er omfatta av enkeltvedtaket om spesialundervisning.

Elevar som er fritakne frå vurdering med karakter etter det førre leddet, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter på grunnlag av måla i den individuelle opplæringsplanen, så langt planen avvik frå læreplanen for faget.

Skoleeigaren skal syte for at eleven og foreldra i grunnskolen får nødvendig rettleiing om kva valet av vurdering utan og med karakter inneber for eleven.

Elevar i vidaregåande opplæring kan ikkje få fritak frå vurdering med karakter sjølv om dei har individuell opplæringsplan i eit fag.

§ 3-21 Fritak frå vurdering med karakter for minoritetsspråklege elevar som nyleg har kome til Noreg³⁸

Minoritetsspråklege elevar i grunnskolen som begynner opplæringa i Noreg i siste halvdel av eit opplæringsår, er fritakne frå vurdering med karakterar i fag dette opplæringsåret, dersom foreldra ber om det. Dette gjeld både halvårsvurdering med karakter og standpunktvrdering.

Elevar i grunnskolen som har eit enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, der det er fastsett at eleven skal få heile eller delar av opplæringa i eit innføringstilbod, kan fritakast frå vurdering med karakter i heile den perioden han eller ho er i innføringstilbodet. Eleven kan fritakast frå både halvårsvurdering med karakter og standpunktvrdering.

Elevar i vidaregåande opplæring som har eit enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 3-12, der det er fastsett at eleven skal få heile eller delar av opplæringa i eit innføringstilbod, kan fritakast frå vurdering med karakter i halvårsvurderinga i heile den perioden han eller ho er i innføringstilbodet. Eleven kan ikkje fritakast frå krava til standpunktvrdering.

Elevar som er fritakne frå vurdering med karakter etter denne paragrafen, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter.

Skoleeigaren skal syte for at eleven og foreldra får nødvendig rettleiing om kva valet av vurdering utan og med karakter inneber for eleven.

§ 3-22 Fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål³⁹

Elevar som har hatt rett til særskild språkopplæring på 8., 9. eller 10. årstrinn i grunnskolen eller på Vg1, Vg2 eller Vg3 i vidaregåande opplæring, kan få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål. Det same gjeld elevar som på 8., 9. eller 10. årstrinn i grunnskolen eller på Vg1, Vg2 eller Vg3 har mottatt opplæring på internasjonale skolar og utanlandske skolar etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar eller annan jamgod plan.

Når ein elev i grunnskolen og vidaregåande opplæring får opplæring etter individuell opplæringsplan, avgjer foreldra eller eleven om eleven skal ha vurdering med karakter i skriftleg

³⁶ Heile kapittel 3 endra ved forskrift 1 juli 2009 nr. 964 (i kraft 1 aug 2009). Overskrift endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

³⁷ Endra ved forskrifter 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010), 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

³⁸ Endra ved forskrifter 30 juni 2012 nr. 734 (i kraft 6 aug 2012), 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

³⁹ Endra ved forskrifter 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015), 4 juli 2016 nr. 873 (i kraft 1 aug 2016).

sidemål. Valretten gjeld berre dersom enkeltvedtaket om spesialundervisning omfattar skriftleg sidemål.

Elevar i heile grunnopplæringa, tidlegare elevar og privatistar i vidaregåande opplæring har også rett til fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål dersom dei:

- a) på grunn av sjukdom, skade eller dysfunksjon som er diagnostisert av ein sakkunnig, har problem med å greie begge målformene
- b) ikkje har gjennomgått ungdomstrinnet i norsk grunnskole
- c) fylte vilkåra for fritak frå opplæring eller vurdering i skriftleg sidemål i grunnskolen, men på grunn av dokumentert saksbehandlingsfeil likevel ikkje fekk fritak.

Berre den skolen eller fylkeskommunen som kan skrive ut vitnemål for den det gjeld, jf. § 3-42, kan gjere enkeltvedtak om fritak frå vurdering i skriftleg sidemål etter denne paragrafen.

Elevar som er fritekne frå vurdering med karakter etter denne paragrafen, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter.

Skoleeigaren skal stryke standpunktkarakter eller eksamenskarakter i skriftleg sidemål dersom en elev eller privatist som har fått innvilga fritak frå vurdering med karakter etter denne føresegna, likevel har fått vurdering i skriftleg sidemål.

§ 3-23 Fritak frå vurdering med karakter i faget kroppsøving i grunnskolen og i vidaregåande opplæring⁴⁰

Elevar som ikkje kan følge opplæringa i kroppsøvingfaget, skal få tilrettelagd opplæring så langt dette er mogleg for eleven. Elevar kan få fritak frå vurdering med karakter i faget når den tilrettelagde opplæringa eleven får ikkje kan vurderast med karakter. Avgjerda er eit enkeltvedtak. Fritekne elevar skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter.

§ 3-24 Fritak frå eksamen

Elevar som er fritekne for vurdering med karakter i fag som blir avslutta med eksamen, skal ikkje delta i eksamen i faget. I grunnskolen kan rektor sjølv etter søknad frå foreldra fritak elevar frå eksamen, når det ligg føre tungtvegande grunnar.

V - Eksamen⁴¹

§ 3-25 Generelle føresegner⁴²

Eksamen skal vere i samsvar med læreplanverket.

Læreplanen i det enkelte faget fastset om og eventuelt når i opplæringsløpet det skal vere eksamen i faget. Det er òg fastsett i læreplanen for fag om eleven skal opp til eksamen i faget, eller om elevar kan trekkjast ut, kva slags eksamensform som skal nyttast, og om eksamen skal vere lokalt gitt eller sentralt gitt. Departementet fastset kor mange eksamenar det skal vere på 10. årstrinnet og på kvart årstrinn innanfor utdanningsprogramma eller programområda i vidaregåande opplæring.

Elevar på ungdomstrinnet som avsluttar eit fag tidlegare enn det som følgjar av læreplanverket, jf. § 1-15, skal vere med i trekket til eksamen i faget det opplæringsåret faget blir avslutta. Om eleven blir trekt til eksamen etter første punktum, kjem denne eksamen i tillegg til dei eksamenar som departementet har fastsett at eleven skal ha på 10. årstrinn.

⁴⁰ Endra ved forskrifter 13 juni 2012 nr. 731 (i kraft 6 aug 2012), 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁴¹ Hele kapittel 3 endret ved forskrift 1. juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

⁴² Endret ved forskrift 19. juli 2012 nr. 753 (i kraft 08.08.2012)

Eksamen skal organiserast slik at eleven eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen.

Fylkeskommunen har plikt til å informere elevar og privatistar i vidaregåande opplæring om kva for reglar som gjeld for ny eksamen, utsett eksamen og særskild eksamen.

Det er ikkje ny eksamen, utsett eksamen eller særskild eksamen i grunnskolen.

For fag- og sveineprøva og kompetanseprøva gjeld reglane i [§ 3-48](#) til [§ 3-68](#).

§ 3-26 Melding av elevar til eksamen

Skolen melder til eksamen alle elevar som tek del i opplæringa i fag som blir avslutta med eksamen. Utdanningsdirektoratet fastset meldingsfristar og korleis melding til eksamen skal gå føre seg.

Elevar i vidaregåande opplæring må sjølve melde seg til ny eksamen, utsett eksamen og særskild eksamen, jf. [§ 3-33](#) til [§ 3-35](#). Meldinga skjer til skolen.

§ 3-27 Melding av privatistar til eksamen i vidaregåande opplæring⁴³

Privatistar har sjølve ansvaret for å melde seg til eksamen til den skolen eller den instansen som fylkeskommunen fastset. Utdanningsdirektoratet fastset meldingsfristar og korleis eksamen skal gå føre seg. Skolen eller den instansen som fylkeskommunen peikar ut, avgjer om meldinga kan godkjennast.

Ein privatist kan ikkje melde seg til eksamen i det same faget fleire stader ved same eksamen.

Den som er elev i eit fag ved fristen for melding til privatisteksamen, kan ikkje melde seg som privatist i faget til denne eksamenen. Den som er teken inn som fulltidselev til vidaregåande opplæring, kan ikkje melde seg til eksamen utan at fylkeskommunen innvilgar at eleven kan bli deltidsselev, jf. [§ 6-5](#) tredje ledd.

Privatistar må betale prøveavgifta i samsvar med fastsette satsar. Dette gjeld ikkje for utsett eksamen etter [§ 6-2](#) og ny eksamen etter [§ 3-36](#) og [§ 3-37](#).

§ 3-28 Sentralt gitt eksamen

Ved sentralt gitt eksamen fastset Utdanningsdirektoratet korleis eksamen i det enkelte faget skal organiserast, korleis eksamensoppgåva skal vere, datoen for den enkelte eksamenen, og korleis sensorordningane skal vere. Kommunen har ansvaret for å trekkje fag og elevar til sentralt gitt eksamen i grunnskolen og for den praktiske gjennomføringa av eksamen. Fylkeskommunen har ansvaret for å trekkje fag og elevar til eksamen og for den praktiske gjennomføringa av eksamenen for elevar og privatistar i vidaregåande opplæring. Eleven skal få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før sjølve eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Utdanningsdirektoratet fastset dato for melding om trekkfag. Prøvesvara ved sentralt gitt eksamen skal vurderast av to eksterne sensorar. Dersom det er usemje, skal karakteren avgjerast av ein oppmann.

§ 3-28a Tidspunkt for gjennomføring av sentralt gitt eksamen⁴⁴

Ved sentralt gitt eksamen skal eksamen starte klokka 09.00 norsk tid, og avsluttast etter fem timar om ikkje anna er oppgitt. Dersom eleven eller privatisten har vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen i form av utvida tid, vil vedtaket vere avgjerande for når eksamen skal avsluttast for vedkommande.

⁴³ Endret ved forskrift 1. september 2013 nr. 1046 (i kraft 3. september 2013).

⁴⁴ Tilføyd ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

Elevar og privatistar som møter opp til eksamen for seint, men før kl. 10.00, skal få gjennomføre eksamen, men dei skal ikkje få kompensert tapt tid. Dei som møter kl. 10.00 eller seinare, får ikkje gjennomføre eksamen.

Det skal som hovudregel ikkje vere høve for elevar og privatistar til å forlate eksamenslokalet før kl. 10.00. Unntak må vurderast konkret, der omsynet til ei sikker eksamensgjennomføring og omsynet til helsa til den det gjeld veg tungt.

§ 3-29 Lokalt gitt eksamen i grunnskolen⁴⁵

Kommunen har ansvaret for gjennomføringa av alle lokalt gitte eksamenar. Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver.

Eleven skal få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før sjølve eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Eksamen skal ikkje gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

Munnleg eksamen skal gjennomførast med førebuingsdel. Førebuingsdelen er ein obligatorisk skoledag dagen før eksamen, der alle hjelpemiddel er tillatne. Når førebuingsdelen tek til, 24 timar før sjølve eksamen, skal eleven få oppgitt eit tema eller liknande, men ikkje eksamensoppgåva. Førebuingsdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Ramma for eksamen på eksamensdagen skal vere munnleg eksamen på inntil 30 minutt per elev.

Prøvesvara ved lokalt gitt eksamen skal vurderast av to sensorar. Éin av sensorane skal vere ekstern. Den andre sensoren kan vere faglæraren til eleven. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren.

Ved eksamen som krev eksaminator, skal den eine sensoren vere eksaminator. Eksamineringa skal gi kandidatane høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Under eksamen kan elevane prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein førebuingsdel. I eksamenstida ved munnleg eksamen skal eleven presentere temaet eller liknande som han eller ho har førebudd i førebuingsdelen. Dersom det er usemje om kva eleven skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som avgjer.

§ 3-30 Lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring⁴⁶

Fylkeskommunen har ansvaret for gjennomføringa av alle lokalt gitte eksamenar. Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver.

Kandidaten skal få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før sjølve eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Eksamen skal ikkje gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

Fylkeskommunen kan fastsetje at skriftleg eksamen, munnleg-praktisk eksamen og praktisk eksamen som er lokalt gitte, skal gjennomførast med førebuingsdel. Ved skriftleg eksamen, munnleg-praktisk eksamen og praktisk eksamen kan førebuingsdelen vere inntil to dagar og skal normalt ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Munnleg eksamen skal gjennomførast med førebuingsdel. Fylkeskommunen avgjer sjølv om privatistar skal ha førebuingsdel. Førebuingsdelen er ein obligatorisk skoledag dagen før eksamen, der alle hjelpemiddel er tillatne. Når førebuingsdelen tek til, 24 timar før sjølve eksamen, skal kandidaten få oppgitt eit tema eller liknande, men ikkje eksamensoppgåva. Førebuingsdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Rammene for eksamenen på eksamensdagen skal vere:

- a) skriftleg eksamen \leq inntil 5 timar
- b) munnleg eksamen \leq inntil 30 minutt per elev eller privatist

⁴⁵ Endra med forskrift 26.09.2013 nr. 1147 (i kraft 01.10.2013).

⁴⁶ Endra med forskrift 26.09.2013 nr. 1147 (i kraft 01.10.2013).

- c) munnleg-praktisk eksamen ζ inntil 45 minutt per elev eller privatist
- d) praktisk eksamen ζ inntil 5 timar.

Prøvesvara ved lokalt gitt eksamen skal vurderast av to sensorar. Den eine sensoren skal vere eksternt. Den andre sensoren kan vere faglæraren til eleven. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren. Som sensor ved lokalt gitt eksamen i programfag i yrkesfaglege utdanningsprogram kan det også nemnast opp ein fagarbeidar med praksis frå arbeidslivet.

Ved eksamen som krev eksaminator, skal den eine sensoren vere eksaminator. Eksamineringa skal gi kandidaten høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Under eksamen kan kandidaten prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein eventuell førebuingssdel. I eksamenstida ved munnleg eksamen skal kandidaten presentere temaet eller liknande som han eller ho har førebudd i førebuingssdelen. Dersom det er usemje om kva kandidaten skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som avgjer.

§ 3-30a (Opphevd)⁴⁷

§ 3-31 Hjelpemiddel til eksamen⁴⁸

Eksamenen kan organiserast med eller utan hjelpemiddel. Utdanningsdirektoratet fastset kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart fag ved sentralt gitt eksamen.

Ved lokalt gitt eksamen etter § 3-30 femte ledd bokstav a, c og d fastset skoleeigaren kva for hjelpemiddel som skal tillatast. Dei tillatne hjelpemidla må ikkje svekkje grunnlaget for å vurdere kompetansen til eleven eller privatisten.

Ved lokalt gitt munnleg eksamen er notata til eleven eller privatisten frå førebuingssdelen einaste tillatne hjelpemiddel.

§ 3-32 Særskild tilrettelegging av eksamen

Elevar og privatistar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til eleven og privatisten så langt råd er. Tiltaka må ikkje føre til at eleven eller privatisten får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen.

Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at eleven eller privatisten ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Der det i kompetansemåla er kravd skriftlege, munnlege eller praktiske ferdigheiter, er det ikkje høve til å leggje til rette eksamen slik at desse ferdigheitene ikkje blir prøvde, når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget. Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for elevar. Avgjerda til rektor er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen krev ikkje vedtak om spesialundervisning. Privatistar må leggje fram ein sakkunnig uttale. Fylkeskommunen avgjer kva slags ordningar for tilrettelegging som skal nyttast. Avgjerda til fylkeskommunen er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen.

§ 3-33 Særskild eksamen for elevar i vidaregåande opplæring

Ein elev som får karakteren 1 i standpunktarakter i eit fag, har rett til særskild eksamen i faget dersom han eller ho ikkje er trekt ut til eksamen i faget. Det gjeld òg for fag der det ikkje blir halde eksamen ordinært. Særskild eksamen blir normalt halden samtidig med utsett og ny eksamen.

⁴⁷ Tilføyd ved forskrift 14 okt 2013 nr. 1236, opphevd ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁴⁸ Endra med forskrift 26.09.2013 nr. 1147 (i kraft 01.10.2013).

§ 3-34 Ny eksamen for elever i vidaregåande opplæring

Ein elev som får karakteren 1 ved ordinær eksamen, har rett til ny eksamen i faget ved første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld då standpunktkarakteren i faget. Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og standpunktvurderinga i faget fell bort.

§ 3-35 Utsett eksamen for elever og privatistar i vidaregåande opplæring⁴⁹

Ein elev eller privatist som har dokumentert frávær ved eksamen, har rett til å framstille seg til første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld standpunktkarakteren i faget.

Eleven eller privatisten må leggje fram dokumentasjon på at han eller ho var hindra frå å møte til eksamen, at hindringa var uføreseieleg og at han eller ho ikkje kan lastast for hindringa.

Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og eventuell standpunktvurdering i faget fell bort.

Dersom ein elev har rett til utsett eksamen i trekkfag, skal trekkinga av fag gjerast på ny.

§ 3-36 Bortvising frå eksamen

Elevar og privatistar skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av eksamenen. Dersom åtfærdinga til ein elev eller ein privatist er i strid med denne føresegna, kan eleven eller privatisten, etter å ha blitt åtvara, visast bort. Bortvising skal avgjerast av rektor sjølv og er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Eleven eller privatisten skal ha høve til å uttale seg munnleg for rektor før rektor eventuelt fattar enkeltvedtaket om bortvising. Dersom ein elev i vidaregåande opplæring eller ein privatist får medhald i klagen, har han eller ho rett til ny eksamen ved første etterfølgjande eksamen

§ 3-37 Annullering av eksamen⁵⁰

Dersom det er gjort formelle feil ved avviklinga av eksamen, eller dersom eksamen av andre årsaker ikkje er avvikla i samsvar med føresegnene, kan Utdanningsdirektoratet annullere eksamen.

Dersom ein elev har vore oppe til eksamen i eit fag der han eller ho ikkje får standpunktkarakter, blir eksamen annullert.

Elevar og privatistar i vidaregåande opplæring som har fått eksamenen sin annullert av Utdanningsdirektoratet, har rett til å gå opp til ny eksamen ved første etterfølgjande eksamen. Utdanningsdirektoratet kan òg gi dispensasjon frå krava til vitnemål i § 3-42 dersom omsynet til elevane tilseier det.

Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven eller privatisten har fuska eller forsøkt å fuske ved eksamen. Dette gjeld også dersom det er sensorane som oppdagar fusk eller forsøk på fusk. Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor sjølv for elevar. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før rektor fattar enkeltvedtak om annullering av eksamen. For privatistar avgjerast spørsmålet av fylkeskommunen. Privatistar skal ha høve til å uttale seg munnleg for fylkeskommunen før enkeltvedtak om annullering av eksamen blir fatta. Eleven eller privatisten har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen. Enkeltvedtak om annullering av eksamen kan påklagast til Fylkesmannen.

For elevar som får eksamen annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, fell standpunktkarakteren bort.

Dersom eksamen i vidaregåande opplæring blir annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, kan kandidaten gå opp til eksamen i faget som privatist, tidlegast eitt år etter den annullerte eksamenen.

⁴⁹ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁵⁰ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

VI - Dokumentasjon⁵¹**§ 3-38 Rett til dokumentasjon**

Alle som har fullført grunnopplæringa, har rett til å få opplæringa dokumentert. Elevar som har gått gjennom delar av opplæringa, har krav på å få denne dokumentert.

Utdanningsdirektoratet fastset dei formulara som skal nyttast.

Privatistar, inkludert praksiskandidatar, som har vore oppe til eksamen eller fag- eller sveineprøve, har rett til å få dette dokumentert.

Elevar og privatistar i vidaregåande opplæring som oppnår ny(e) karakter(ar) i fag eller tek nye fag, har rett til ny dokumentasjon.

Dersom dokumentasjonen går tapt, skal det skrivast ut ny dokumentasjon som er så identisk som råd er, men dokumentasjonen skal ikkje tilbakedaterast.

§ 3-39 Forsvarleg system for føring av karakterar og fråvær⁵²

Skoleeigar skal ha eit forsvarleg system for føring av karakterar og fråvær, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd.

Fråvær, halvårsvurdering med karakterar, standpunktkarakterar, eksamenskarakterar og karakterar til fag- og sveineprøva og kompetanseprøva skal førast inn i systemet skoleeigar bruker. Dette gjeld både karakterar i fag og karakterar i orden og åtferd. Karakterane er fastsette når karakterane er førte inn.

Halvårsvurdering med karakter kan ikkje endrast etter at dei er gitt. Standpunktkarakterar og eksamenskarakterar kan endrast etter klage. Føringsfeil skal rettast og attesterast av rektor.

Elevar som blir fritekne for opplæringsplikt etter opplæringslova § 2-1 fjerde ledd, skal framleis stå oppførte i systemet for føring av karakterar.

Fråvær skal dokumenterast kvart halvår.

Særskild om retten til dokumentasjon av grunnskoleopplæringa**§ 3-40 Vitnemål i grunnskolen**

Alle elevar skal ha vitnemål når dei fullfører grunnskoleopplæringa. Vitnemålet til eleven skal innehalde standpunktkarakterar, eksamenskarakterar og fråvær.

Elevar med samisk i fagkrinsen skal ha vitnemål med norsk og samisk tekst.

Elevar i skole for spesialundervisning og elevar i fengselsundervisning skal få vitnemål frå ein naboskole eller skolen på heimstaden når eleven eller foreldra ber om det. Skoleeigaren i bustadkommunen til eleven skal opplyse om denne retten.

For elevar som ikkje har fått standpunktkarakter i eitt fag fordi grunnlaget for vurdering manglar, skal det ikkje førast karakter i faget på vitnemålet. Det skal då førast på vitnemålet at vurdering ikkje var mogleg. Siste halvårsvurdering med karakter skal ikkje førast som standpunktkarakter.

Elevar som har hatt individuell opplæringsplan, skal få dette ført på vitnemålet dersom eleven eller foreldra ønskjer det.

Elevar som er heilt eller delvis fritekne for vurdering med karakterar, skal ha vitnemål som viser at eleven har fullført grunnskoleopplæringa.

⁵¹ Hele kapittel 3 endret ved forskrift 1 . juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

⁵² Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

§ 3-41 Føring av frávær i grunnskolen⁵³

Frå og med 8. årstrinnet skal alt frávær førast på vitnemålet. Frávær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fráværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fráværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fráværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande frávær ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert frávær som skyldast helsegrunnar
- b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at frávær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette.

Frávær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for frávær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværdsdag.

Særskilt om retten til dokumentasjon av vidaregåande opplæring

§ 3-42 Vitnemål i vidaregåande opplæring⁵⁴

Vitnemål blir gitt som dokumentasjon for bestått opplæringsløp som gir studie- og/eller yrkeskompetanse. Elevar som har samisk i fagkrinsen, skal ha vitnemål med norsk og samisk tekst.

For å få vitnemål må alle fag og eksamenar som skal stå på vitnemålet i samsvar med læreplanverket, vere bestått, med mindre det kan gjerast unntak frå dette kravet med heimel i § 1-11 til § 1-13, § 3-20 til § 3-23, § 3-44 og § 23-1.

Vitnemål for elevar skal skrivast ut av skolen der eleven fullfører og består opplæringa. Nytt vitnemål skal skrivast ut av den skolen som skreiv ut det opphavlege vitnemålet. For privatistar som tidlegare har fått vitnemål som elev, skal skolen som skreiv ut det opphavlege vitnemålet, også skrive ut det nye vitnemålet til privatisten. Fylkeskommunen er ansvarleg for å skrive ut vitnemål til lærlingar som ikkje tidlegare har oppfylt krava til vitnemål. For privatistar som ikkje tidlegare har oppfylt krava til vitnemål, er det den fylkeskommunen der privatisten sist fekk standpunktarakter i eit fag, som skal skrive ut vitnemålet. Viss ein privatist ikkje tidlegare har fått ein standpunktarakter i vidaregåande opplæring, eller sist fekk standpunktarakter i eit fag i ein skole godkjend etter friskolelova, skal den fylkeskommunen der vedkommande er busett, skrive ut vitnemålet.

§ 3-43 Førstegongsvitnemål⁵⁵

Førstegongsvitnemål, jf. § 7-2 i forskrift 31. januar 2007 nr. 173 om opptak til høgare utdanning, blir gitt til den som ved utløpet av normal tid i tråd med fastsett opplæringsløp i læreplanverket, har bestått vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse. Det er mogleg å føre karakterar som er oppnådde etter normal tid ved særskild eksamen etter § 3-33, utsett eksamen etter § 3-35 og ny eksamen etter § 3-36 eller § 3-37 på førstegongsvitnemålet.

Førstegongsvitnemål kan berre skrivast ut ein gong til den personen det gjeld. Det gjeld likevel ikkje dersom vedkommande får endra karakter(ar) på grunnlag av klage.

⁵³ Endret ved forskrift 7. juli 2010 nr. 1081 (i kraft 01.08.2010)

⁵⁴ Endra ved forskrifter 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015), 3. oktober 2016 nr. 1165.

⁵⁵ Endra ved forskrifter 30 juni 2010 nr. 1046 (i kraft 1 aug 2010), 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010), 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

Elevane kan få ført på førstegongsvitnemålet karakterar som er forbetra innan utløpet av normal tid. Det er mogleg å få ført på karakterar i fag som går utover minstekravet til studiekompetanse, og som er oppnådde innan utløpet av normal tid.

Kravet om gjennomført vidaregåande opplæring på normal tid kan etter søknad bli utvida til maksimalt fem år. Dette gjeld dersom eleven har fått innvilga søknad om omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd, eller har fått rett til ekstra opplæringstid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd. Dette gjeld òg dersom det blir lagt fram skriftleg dokumentasjon på at eleven har vore fråverande frå opplæringa ein lengre periode i løpet av eit opplæringsår på grunn av

- a) internasjonal utveksling som medfører tap av opplæringstid
- b) folkehøgskole, verneplikt eller omsorgsarbeid som er utført i minst seks månader av opplæringsåret, eller
- c) langvarig sjukdom.

Føresegna gjeld og for elevar som er tekne inn til vidaregåande opplæring etter læreplanverket over fire år i ein kombinasjon av ordinær treårig vidaregåande opplæring og idrettsutøving.

§ 3-44 Unntak for elevar og lærlingar frå vilkåra for å få vitnemål i yrkesfaglege utdanningsprogram

Elevar og lærlingar i yrkesfaglege utdanningsprogram som har følgd opplæringa, men ikkje bestått i inntil to av fellesfaga som inngår i fag- og timefordelinga for opplæringa, kan likevel i særskilde tilfelle få utferda vitnemål som gir yrkeskompetanse, men ikkje vitnemål som gir generell studiekompetanse. Samtykke til slikt unntak kan bli gitt etter søknad når eleven eller lærlingen

- a) har vore friteken for vurdering med karakter i faget/faga i grunnskolen
- b) har vore friteken for vurdering med karakter i faget/faga i den vidaregåande skolen
- c) har spesifikke lærevanskar, t.d. store lese- og skrivevanskar eller store matematikkvanskar. Slike vanskar kan også vurderast etter at standpunktarakter er sett eller eksamen har vore gjennomført.

\par\page I dei yrkesfaga der det er knytt offentleg nasjonal eller internasjonal sertifisering til eit utferda vitnemål, kan det ikkje gjerast unntak i strid med slike sertifiseringsføresegner.\par\page Før søknader om unntak kan bli behandla, skal det ligge føre dokumentasjon som viser at vilkåra er oppfylte. Dokumentasjonen må vere av nyare dato. Før søknader om unntak etter første ledd bokstav c kan bli behandla, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for å få utarbeidd slik vurdering.\par\page Rektor avgjer søknad om unntak i samsvar med vilkåra. Eleven eller lærlingen kan ikkje få førehandstilsegn om unntak etter denne paragrafen

§ 3-45 Kompetansebevis

Kompetansebevis blir skrive ut som dokumentasjon for vidaregåande opplæring i dei tilfella der vilkåra for å få vitnemål eller fag- og sveinebrev ikkje er oppfylte.\par\page Kompetansebeviset skal vise kva for standpunkt- og eksamenskarakterar som er oppnådde. I fellesfag der det ikkje skal setjast standpunktarakter på lågare nivå, jf. læreplanverket, skal halvårsvurderinga med karakter som eleven får ved avslutninga av opplæringsåret, først på kompetansebeviset. Dette gjeld dersom eleven ikkje fullfører faget på nivået der læreplanverket fastset at standpunktarakter skal givast. Det skal då først ein merknad om at karakteren som først er halvårsvurderinga med karakter. Kompetansebevis blir også skrive ut som dokumentasjon på gjennomgått opplæring i dei tilfella der eleven berre har fått opplæring i delar av eit fag.\par\page For elevar skal kompetansebevis skrivast ut av skolen/skolane der eleven har oppnådd standpunkt- og eksamenskarakterar. Fylkeskommunen er ansvarleg for å skrive ut kompetansebevis for lærlingar, lærekandidatar og privatistar.

§ 3-46 Føring av karakterar i fag på vitnemål og kompetansebevis⁵⁶

For elevar skal berre standpunktkarakterar og eksamenskarakterar førast på vitnemålet. Det er fastsett i læreplanverket når standpunktkarakter skal fastsetjast. Halvårsvurdering med karakter i fellesfag på lågare nivå skal ikkje førast på vitnemålet.

I dei programfaga som har fleire nivå, skal alle standpunktkarakterar som er oppnådde på kvart nivå, førast på dokumentasjonen.

I fag der det i læreplanverket er fastsett at privatistar kan ta eksamen på høgare nivå og få godskrive faget på lågare nivå, jf. § 3-45, skal eksamenskarakteren/eksamenskarakterane på høgaste nivå førast.

Det er mogleg å få ført på vitnemålet karakterar i fag som går utover minstekravet til studie- eller yrkeskompetanse.

For elevar i vidaregåande opplæring som har fått sluttvurdering i eit fag som elev meir enn ein gong, jf. § 3-17a andre og tredje ledd, skal den siste karakteren som er 2 eller betre, førast på vitnemålet eller kompetansebeviset.

For privatistar skal berre eksamenskarakterar førast på vitnemålet. Eventuelle tidlegare standpunkt- og eksamenskarakterar i faget fell bort når privatisten får eksamenskarakteren ført på vitnemålet.

For elevar som får fritak frå vurdering, jf. § 3-22, men ikkje fritak frå opplæring i skriftleg sidemål, skal det for skriftleg sidemål stå «Delteke» på vitnemålet eller kompetansebeviset, ikkje talkarakter. For privatistar skal det stå «Friteken».

For elevar i vidaregåande opplæring med individuell opplæringsplan som ikkje gir grunnlag for å fastsetje standpunktkarakter, jf. § 3-3, § 3-20 sjette ledd og 3-18, skal kompetansen til eleven dokumenterast på kompetansebeviset.

§ 3-47 Føring av frávær i vidaregåande opplæring⁵⁷

Alt frávær skal førast på vitnemålet og kompetansebeviset. Frávær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Rektor kan avgjere om frávær for den som er deltidselev, skal førast i dagar og timar eller berre i timar. For elevar som skal ha kompetansebevis, skal frávær førast på kompetansebeviset.

Eleven kan krevje at årsaka til fráværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom han eller ho legg fram dokumentasjon på årsaka til fráværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fráværet frå opplæringa på førehand.

For inntil samanlagt 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan ein elev krevje at følgjande frávær ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fráværet skyldast:

- a) helse- og velferdsgrunnar
- b) arbeid som tillitsvald
- c) politisk arbeid
- d) hjelpearbeid
- e) lovpålagt oppmøte
- f) representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå.

For at frávær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet eller på kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Frávær

⁵⁶ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁵⁷ Endret ved forskrift 7. juli 2010 nr. 1081 (i kraft 01.08.2010)

som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for frávær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværslag.

Organisert studiearbeid og skoleadministrative gjeremål etter avtale med faglæraren eller rektor, skal ikkje reknast som frávær.

Innanfor ramma av 10 skoledagar kan elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, krevje at inntil to dagar frávær som er knytt opp mot ei religiøs høgtid, ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset.

VII - Særskilde føresegner for fag-/sveineprøva og kompetanseprøva⁵⁸

§ 3-48 Fag- og sveineprøve

Fylkeskommunen har ansvaret for at fag- og sveineprøva blir gjennomført i samsvar med reglane i dette kapitlet og med læreplanen i faget. Fylkeskommunen har ansvaret for at prøve kandidatane er kjende med føresegnene som regulerer prøva. Fag- og sveineprøva skal som hovudregel gjennomførast ved slutten av opplæringstida og skal normalt vere avslutta seinast innan to månader frå dette tidspunktet. Prøva skal gjennomførast i den bedrifta lærlingen har hatt hovuddelen av opplæringa. Dersom prøva blir gjennomført i lærebedrifta, skal prøva tilpassast verksemda i bedrifta. Fylkeskommunen kan, etter å ha innhenta råd frå prøvenemnda, bestemme at prøva skal haldast ein annan stad.

§ 3-49 Kompetanseprøve for lærekandidatar

Fylkeskommunen har ansvaret for at kompetanseprøva blir gjennomført i samsvar med reglane i dette kapitlet og med dei opplæringsmåla som er fastsette for kandidaten, jf. opplæringslova § 4-4. Fylkeskommunen har ansvaret for at prøve kandidatane er kjende med føresegnene som regulerer prøva.

Kompetanseprøva skal som hovudregel gjennomførast ved slutten av opplæringstida og skal normalt vere avslutta seinast innan to månader frå dette tidspunktet.

Prøva skal gjennomførast i den bedrifta lærekandidaten har hatt hovuddelen av opplæringa. Dersom prøva blir gjennomført i lærebedrifta, skal prøva tilpassast verksemda i bedrifta. Fylkeskommunen kan etter å ha innhenta råd frå prøvenemnda, bestemme at prøva skal haldast ein annan stad

§ 3-50 Melding til fag-/sveineprøve og kompetanseprøve

Lærebedrifta eller skolen melder lærlingen eller eleven til fag- eller sveineprøva. Lærebedrifta melder lærekandidaten til kompetanseprøva. Meldinga skal sendast til fylkeskommunen i det fylket der lærekontrakten eller opplæringskontrakten er registrert. For elevar skal meldinga sendast til fylkeskommunen der skolen ligg. Om melding av praksiskandidatar sjå § 3-55.

§ 3-51 Krav om bestått i fag for å framstille seg til fag- og sveineprøve for lærlingar og elevar

Før fag- eller sveineprøva kan gjennomførast, skal lærlingen eller eleven som hovudregel ha bestått dei faga som er fastsette i fag- og timefordelinga for Vg1, Vg2 og eventuelt Vg3 i skole for vedkommande yrkesfaglege utdanningsprogram. Det same gjeld for eksamen etter § 3-52, § 3-53 og § 3-54.

Lærlingar og elevar som har følgd opplæringa, men ikkje har bestått i inntil to av fellesfaga, kan likevel få framstille seg til fag- eller sveineprøva. Desse lærlingane og elevane må bestå faga

⁵⁸ Hele kapittel 3 endret ved forskrift 1 . juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

innan to år etter at fag- eller sveineprøva er halden, for at fag- eller sveinebrev kan utferdast. Sjå likevel unntak frå dette i § 3-67.

§ 3-52 Eksamen i læretida for særskilde lærefag

kan i læreplanen for det einstilte lærefaget fastsettast at eleven eller lærlingen skal gå opp til ein eigen eksamen før fag- eller sveineprøva. Eksamenen blir halden i regi av fylkeskommunen. Eksamenen utarbeidast sentralt og sensurerast lokalt.

§ 3-53 Eksamen i læretida for særløpsfag

For det einstilte særløpsfaget er det fastsett i læreplanen for opplæring i bedrift at alle skal gå opp til ein eigen eksamen før fag- eller sveineprøva. Lærebedrifta melder lærlingen opp til eksamen. Meldinga skal sendast til fylkeskommunen i det fylket der lærekontrakten er registrert. Eksamenen blir halden i regi av fylkeskommunen. Eksamenen utarbeidast sentralt og sensurerast lokalt.

§ 3-54 Vurdering for lærlingar som har lærekontrakt som omfattar opplæring i programfag som er fastsette i fag- og timefordelinga for Vg1, Vg2 og eventuelt Vg3 i skole

Når det i ein lærekontrakt inngår opplæring i programfag som er fastsette i fag- og timefordelinga for Vg1, Vg2 og eventuelt Vg3 i skole, skal lærlingen gå opp til ein eksamen etter nærmare føresegner frå Utdanningsdirektoratet.

Eksamen skal prøve i kva grad lærlingen har nådd kompetansemåla som er fastsette i den læreplanen for opplæring i bedrift som lærlingen har teikna lærekontrakt i.

I lærefag som kjem inn under § 3-52, skal eksamen prøve i kva grad lærlingen har nådd kompetansemåla som er fastsette i programfaga for Vg1, Vg2 og eventuelt Vg3 i skole.

Eksamen blir halden i regi av fylkeskommunen. Eksamen utarbeidast sentralt og sensurerast lokalt.

Lærebedrifta melder lærlingen opp til eksamen. Meldinga skal sendast til fylkeskommunen i det fylket der lærekontrakten er registrert

§ 3-55 Særlege føresegner om fag- og sveineprøve for praksiskandidatar

Praksiskandidatar, jf. opplæringslova § 3-5, må sjølve melde seg til fag- og sveineprøve. Meldinga går til fylkeskommunen innan fristar som fylkeskommunen fastset. Innhaldet i og omfanget av fag- og sveineprøva er fastsett i § 3-57.

Før praksiskandidatar melder seg til fag- eller sveineprøve, skal dei ha bestått ein eigen eksamen etter nærmare føresegner frå Utdanningsdirektoratet.

Eksamen skal prøve i kva grad den einstilte praksiskandidaten har nådd kompetansemåla som er fastsette i den læreplanen for opplæring i bedrift som praksiskandidaten tek sikte på å ta fag- eller sveineprøve i.

I lærefag som kjem inn under § 3-52, skal eksamen prøve i kva grad den einstilte praksiskandidaten har nådd kompetansemåla som er fastsette i programfaga for Vg1, Vg2 og eventuelt Vg3 i skole, og som er relevante for lærefaget. Eksamen skal vere bestått før ein praksiskandidat melder seg til fag- eller sveineprøve.

Eksamen utarbeidast sentralt og sensurerast lokalt.

Dersom prøvenemnda ber om det, kan praksiskandidaten kome med forslag til kvar fag- eller sveineprøva kan haldast, og korleis prøva kan gjennomførast.

Dersom praksiskandidaten ikkje består fag- eller sveineprøva, kan ny prøve tidlegast haldast etter seks månader.

Praksiskandidatar skal betale prøveavgift etter fastsette satsar.

§ 3-56 Prøvenemnd for fag- og sveineprøve

Prøvenemnda for fag- eller sveineprøva blir oppnemnd og administrert av fylkeskommunen, jf. opplæringslova § 4-8. Ho skal ha minst to medlemmer som har formell fagleg kompetanse innanfor fagområdet, og så langt det er mogleg, har oppdatert arbeidslivserfaring i faget. Fylkeskommunen skal sikre at det blir tilfredsstillande vurderingsfagleg kompetanse i prøvenemnda.

Fylkeskommunen skal hente inn forslag til medlemmer i prøvenemnda frå partane i arbeidslivet. Fylkeskommunen kan om nødvendig hente inn forslag også frå andre.

Medlemmene må normalt vere eksterne i forhold til lærebedrifta eller skolen der kandidaten har fått opplæring.

§ 3-57 Innhald i og omfang av fag- og sveineprøva

Prøvenemnda har ansvaret for utforminga av fag- og sveineprøva. Lærebedrifta, eventuelt skolen som alternativ til opplæring i bedrift, kan komme med forslag til arbeidsoppgåver. Fag- og sveineprøva skal prøve kandidaten sin kompetanse i faget slik denne er beskriven i læreplanen for opplæring i bedrift i lærefaget. Alle kompetansemåla i læreplanen for faget skal kunne prøvast. Arbeidsoppgåvene i prøva skal reflektere krava til fagleg kompetanse. Prøvenemnda har ansvar for at kandidaten sin kompetanse i faget blir prøvd på forsvarleg måte. Oppgåva skal klart definere innhaldet i det ein forventar av kandidaten sitt arbeid. Innanfor ramma av kompetansemåla i læreplanen skal oppgåva prøve kandidaten i

- a) planlegging av arbeidet og grunngiving for valde løysingar
- b) gjennomføring av eit fagleg arbeid
- c) vurdering av eige prøvearbeid
- d) dokumentasjon av eige prøvearbeid.

Omfanget av prøva skal vere klart definert og innanfor den tidsramma som er fastsett i læreplanen. Prøvenemnda kan i ein oppsummerande samtale til slutt stille spørsmål til fagleg avklaring. Oppgåva må utformast slik at ho gir kandidaten reell moglegheit til å utføre eit kvalitetsmessig godt arbeid innanfor fastsett tidsramme. Dei hjelpemidla kandidaten har brukt i læretida, skal kunne nyttast under prøva. Det skal gå tydeleg fram korleis dei ulike delane av prøva skal leverast. I tillegg til oppgåva, skal prøvenemnda samstundes utarbeide eit grunnlag for vurdering av kandidaten sitt arbeid med fag- eller sveineprøva. Hovudpunkta i grunnlaget skal gjerast klare for kandidaten.

§ 3-58 Gjennomføring av fag- og sveineprøva

Prøvenemnda skal vere på prøvestaden ved prøvestart og prøveslutt, og skal utføre nødvendig inspeksjon og vurdering av kandidaten sitt arbeid i prøveperioden og ved prøveslutt. Fylkeskommunen er ansvarleg for at det blir ført tilsyn under heile prøva. Prøvenemnda kan ikkje delegere ansvaret for å vurdere kandidaten til tilsynspersonar. Ved prøvestart skal prøvenemnda levere oppgåva til kandidaten. Prøvenemnda skal føre protokoll der dei ulike sidene ved prøvegjennomføringa blir dokumenterte. Prøveprotokollen skal vere så utfyllande at han kan gi eit godt bilete av sjølvne prøvegjennomføringa i ei eventuell klagebehandling.

§ 3-59 Vurdering av fag- og sveineprøva

Prøvenemnda skal vurdere kandidaten sin kompetanse slik han er dokumentert gjennom fag- eller sveineprøva, og fastsetje karakter.

Karakteren skal gi uttrykk for i kva grad kandidaten har nådd måla i læreplanen for faget som kandidaten er prøvd i.

Ved vurderinga skal den tredelte skalaen som er fastsett i § 3-4 sjette ledd, brukast.

Fylkeskommunen fastset ved oppnemninga kven av medlemmene i prøvenemnda som skal avgjere karakteren, dersom det er usemje når stemmetalet er likt.

§ 3-60 Utarbeiding, innhald og vurdering av kompetanseprøva

Fylkeskommunen har ansvaret for at kompetanseprøver blir utarbeidde og vurderte. Lærekandidatane skal prøvast i forhold til dei måla som er fastsette for kandidaten, jf. opplæringslova § 4-4. Innanfor dei rammene som opplæringsmåla set, skal prøva utarbeidast og gjennomførast etter same prinsipp som for fag- og sveineprøver, jf. § 3-57 og § 3-58.

Karakteren skal gi uttrykk for i kva grad kandidaten har nådd måla som er fastsette for kandidaten.

Ved vurderinga skal den tredelte skalaen som er fastsett i § 3-4 sjetle ledd, brukast.

Fylkeskommunen er ansvarleg for at det blir ført protokoll der dei ulike sidene ved prøvegjennomføringa blir dokumenterte. Prøveprotokollen skal vere så utfyllande at han kan gi eit godt bilete av sjølve prøvegjennomføringa i ei eventuell klagebehandling.

§ 3-61 Oppbevaring av prøvearbeid for fag- og sveineprøva

Er fag- eller sveineprøva ikkje bestått, skal prøvenemnda i samråd med fylkeskommunen syte for oppbevaring av prøvearbeidet. Prøvearbeidet skal så langt råd er, takast vare på slik kandidaten leverte det frå seg. Dersom prøvearbeidet ikkje kan takast vare på, skal det sikrast med fotografi eller ei nøyaktig beskriving med tanke på framlegging i ei eventuell klagebehandling.

§ 3-62 Ny fag- og sveineprøve og kompetanseprøve

Dersom fag- eller sveineprøva eller kompetanseprøva ikkje er bestått, kan lærlingen, eleven eller lærekandidaten melde seg til ny prøve. Læretida kan eventuelt bli forlengd ved frivillig avtale mellom lærebedrifta og lærlingen eller lærekandidaten. Fylkeskommunen har ansvaret for gjennomføringa av ny fag- eller sveineprøve eller kompetanseprøve. Fylkeskommunen dekkjer utgiftene som lærebedrifta har med å gjennomføre prøva. Dersom ein praksiskandidat ikkje består fag- eller sveineprøva, kan han eller ho melde seg til ny prøve. Denne kan tidlegast takast seks månader etter prøva som ikkje var bestått. Praksiskandidatar må sjølve melde seg til ny fag- eller sveineprøve og betale ny prøveavgift.

§ 3-63 Utsett fag-/sveineprøve og kompetanseprøve

Ein lærling, elev, praksiskandidat eller lærekandidat som har dokumentert fråvær ved fag-/sveineprøva eller kompetanseprøva, har rett til å framstille seg til utsett prøve. Utsett prøve skal haldast så snart det er praktisk mogleg. Fråvær frå prøva blir rekna som dokumentert når lærlingen, lærekandidaten eller praksiskandidaten er hindra frå å stille til prøva, når hindringa er uføreseieleg og han eller ho elles ikkje kan lastast for hindringa. Kandidaten må leggje fram dokumentasjon på dette. Praksiskandidatar må sjølve melde seg til utsett fag- eller sveineprøve og betale ny prøveavgift.

§ 3-64 Særleg tilrettelegging av fag-/sveineprøva og kompetanseprøva

Lærlingar, lærekandidatar, elevar eller praksiskandidatar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få forholde lagde til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i læreplanen for faget. Fylkeskommunen kan samtykkje i at gjennomføringa av fag-/sveineprøva eller kompetanseprøva blir særskild tilrettelagd. Tiltaka må vere tilpassa behova til lærlingen, lærekandidaten og praksiskandidaten så langt råd er. Tiltaka må ikkje føre til at lærlingen, lærekandidaten, eleven eller praksiskandidaten får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging av prøva. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at lærlingen, lærekandidaten, eleven eller praksiskandidaten ikkje blir prøvd i kompetansemåla i læreplanen for faget. Der det i kompetansemåla er kravd skriftlege, munnlege eller praktiske ferdigheiter, er det ikkje høve til å leggje til rette prøva slik at desse ferdigheitene ikkje blir prøvde.

Fylkeskommunen avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for lærlingar, lære kandidat, elev og praksiskandidat. Avgjerda til fylkeskommunen er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Fylkeskommunen kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av prøva krev ikkje enkeltvedtak om spesialundervisning.

§ 3-65 Reaksjonsmåtar ved fusk

Fag-/sveineprøve og kompetanseprøve kan annullerast dersom kandidaten har fuska eller forsøkt å fuske ved prøva. Spørsmålet om annullering av fag- eller sveineprøva skal avgjerast av prøvenemnda. Fylkeskommunen avgjer kven som kan annullere kompetanseprøva. Lærlingen, lære kandidat, eleven eller praksiskandidaten skal ha høve til å uttale seg munnleg for den/dei som tek avgjerda, før det blir gjort enkeltvedtak om annullering av prøva. Lærlingen, lære kandidat, eleven eller praksiskandidaten har likevel rett til å fullføre prøva. Enkeltvedtak om annullering av fag- og sveineprøve eller kompetanseprøve kan påklagast til fylkesmannen. Dersom fag-/sveineprøva eller kompetanseprøva blir annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, kan kandidaten gå opp til ny prøve tidlegast eit år etter den annullerte prøva.

§ 3-66 Bortvising frå fag-/sveineprøva og kompetanseprøva

Lærlingar, lære kandidat, eleven og praksiskandidat skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av fag-/sveineprøva eller kompetanseprøva. Dersom åtferda til ein kandidat er i strid med denne føresegna, kan kandidaten etter å ha blitt åtvare, visast bort. Leiaren av prøvenemnda avgjer spørsmålet om bortvising frå fag- og sveineprøva. Fylkeskommunen avgjer kven som kan vise bort kandidat frå kompetanseprøva. Kandidaten skal ha høve til å uttale seg munnleg for den som tek avgjerda, før det blir gjort enkeltvedtak om bortvising. Dersom ein kandidat får medhald i klage på bortvising, har han eller ho rett til ny fag-/sveineprøve eller kompetanseprøve.

§ 3-67 Krav til fag- og sveinebrev

Fag- eller sveinebrev blir utferda som dokumentasjon for bestått fag- eller sveineprøve.

Før fag- eller sveinebrev kan utferdast, må normalt alle relevante fag og eksamenar vere bestått.

I særskilde tilfelle kan fag- eller sveinebrev likevel utferdast til lærlingar og elev sjølv om dei ikkje har bestått i inntil to av fellesfaga, jf. § 3-51 andre ledd. Samtykke til slikt unntak kan bli gitt når:

- a) lærlingen eller eleven har vore fritaken for vurdering med karakter i faget eller faga i grunnskolen
- b) lærlingen eller eleven har vore fritaken for vurdering med karakter i faget eller faga i den vidaregåande skolen
- c) lærlingen eller eleven har spesifikke lærevanskar, t.d. store lese- og skrivevanskar eller store matematikkvanskar. Slike vanskar kan også vurderast etter at standpunkt karakteren er sett eller eksamen eller fagprøva er gjennomført.

Før søknader om unntak kan behandlast, skal det liggje føre dokumentasjon som viser at vilkåra er oppfylte. Før søknader om unntak etter punkt c) kan bli behandla, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta. Fylkeskommunen avgjer søknader om unntak i samsvar med vilkåra ovanfor. Vedtak kan tidlegast gjerast i samband med overgangen til læreforhold. Det kan ikkje bli gitt førehandstilsegn om unntak etter denne føresegna.

Praksiskandidat er fritakne frå kravet til fellesfag for å få utferda fag- eller sveinebrev.

I dei lærefaga der det er knytt offentleg nasjonal eller internasjonal sertifisering til eit utferda fag- eller sveinebrev, kan ein ikkje gi fritak i strid med slike sertifiseringsføresegner. Dette gjeld både elevar, lærlingar og praksiskandidatar.

Fylkeskommunen skal gjere bedriftene merksame på dei høva til unntak og fritak som en nemnde ovanfor, når det blir teikna kontrakt.

Fylkeskommunen er ansvarleg for utferding av fag- eller sveinebrev.

§ 3-68 Vitnemål og kompetansebevis

Det skal også utferdast vitnemål som dokumentasjon for bestått fagopplæring, jf. § 3-42. Vitnemålet kjem i tillegg til fag- eller sveinebrev

Kompetansebevis blir utferda som dokumentasjon for vidaregåande opplæring når vilkåra for å få fag- eller sveinebrev eller vitnemål ikkje er oppfylte. Krava til kva kompetansebeviset skal vise, står i § 3-45.

Kven som er ansvarleg for å utferde vitnemål og kompetansebevis, er regulert i § 3-42 og § 3-45.

Kapitel 4 Individuell vurdering i grunnopplæring særskild organisert for vaksne⁵⁹

I - Generelle føresegner⁶⁰

§ 4-1 Rett til vurdering

Deltakrar i offentleg grunnskoleopplæring og offentleg vidaregåande opplæring særskilt organisert for vaksne etter opplæringslova kapittel 4A har rett til vurdering etter reglane i dette kapitlet. Retten til vurdering inneber både ein rett til undervegsvurdering og sluttvurdering og ein rett til dokumentasjon av opplæringa.

Kapitlet gjeld også for vaksne privatistar i grunnskolen, så langt det er fastsett i føresegnene her. For privatistar i vidaregåande opplæring gjeld kapittel 3.

Vaksne som er tatt inn til ordinær vidaregåande opplæring etter opplæringslova kapittel 3, skal ha vurdering etter kapittel 3.

Vaksne som er lærlingar eller lære kandidatatar etter opplæringslova kapittel 4, skal ha vurdering etter kapittel 3.

Det skal vere kjent for deltakaren kva som er måla for opplæring og kva som blir vektlagt i vurdering av hennar eller hans kompetanse

Kommunen/fylkeskommunen som skoleeigar har ansvaret for at deltakaren sin rett til vurdering blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd.

§ 4-2 Formålet med vurdering⁶¹

Formålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykkje kompetansen til deltakaren undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget. Vurdering skal gi god tilbakemelding og rettleiing til deltakaren.

§ 4-3 Grunnlaget for vurdering i fag⁶²

Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-2 eller § 1-3.

⁵⁹ Nytt kapittel nr 4 per 01.08.2009 endret ved forskrift 01.07.2009 nr. 964

⁶⁰ Hele kapittel 4 endret ved forskrift 1 .juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

⁶¹ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

Føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytte til ordenen og åtferda til deltakaren skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i fag.

Deltakaren skal møte fram og delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag til å vurdere deltakaren sin kompetanse i faget. Stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunkt-karakter.

Realkompetansen skal vurderast mot kompetansemåla i læreplanane i fag slik dei er fastsette i læreplanverket. Vurderinga skal vise om realkompetansen er likeverdig med kompetansen som er oppnådd gjennom grunnopplæringa.

§ 4-4 Karakterar i fag mv.

Vurdering med karakterar skal givast med talkarakterar. Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal brukast. Dei enkelte karaktergradene har dette innhaldet:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at deltakaren har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at deltakaren har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at deltakaren har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at deltakaren har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at deltakaren har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at deltakaren har svært låg kompetanse i faget.

I vidaregåande opplæring svarer bestått til karakterane 2 til 6. Departementet kan i spesielle tilfelle bestemme ei anna grense for bestått i læreplanverket. Fag med karakteren 1 i standpunkt er bestått når eksamens-karakteren er 2 eller betre. Det gjeld ikkje dersom eksamens-karakteren er for ein tverrfagleg eksamen. Det går fram av læreplanverket at det i enkelte fag skal brukast andre uttrykk enn talkarakterar. Dei andre uttrykka er

- a) bestått/ikkje bestått: for å få karakteren bestått skal deltakaren ha vist tilfredsstillande kompetanse i faget
- b) delteke/ikkje delteke.

Ved realkompetansevurdering skal vurderingsuttrykka godkjent og ikkje godkjent brukast.

§ 4-5 Varsling

Deltakaren skal varslast skriftleg dersom det er tvil om deltakaren kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunkt-karakter i eitt eller fleire fag fordi det ikkje er grunnlag for fastsetjing av karakter. Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi deltakaren høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunkt-karakter.

§ 4-6 Privatistar i grunnskolen

Privatist er etter reglane i dette kapitlet ein som har meldt seg til eksamen i eitt eller fleire fag i grunnskolen utan å vere deltakar i dette faget eller desse faga. Ein deltakar er ein som er teken inn til opplæring særskilt organisert for vaksne, og som følgjer denne. Privatistar går opp til eksamen i fag dei ønskjer å dokumentere kompetanse i. Eksamensforma for privatistar er fastsett i læreplanverket. Det skal vere tilgjengeleg for privatistar kva som er måla for opplæringa og kva som blir lagt vekt på i vurderinga av hennar eller hans kompetanse.

II - Undervegsvurdering⁶³

§ 4-7 Undervegsvurdering⁶⁴

Undervegsvurdering i fag skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at deltakaren aukar kompetansen sin i fag. Undervegsvurderinga i fag, i orden og i åtferd skal givast løpande og systematisk og kan bli gitt både munnleg og skriftleg.

⁶² Endra ved forskrifter 27 juli 2011 nr. 805 (i kraft 4 aug 2011), 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

Undervegsvurderinga skal innehalde informasjon om kompetansen til deltakaren og gi rettleiing om korleis ho eller han kan utvikle kompetansen sin i faget.

Deltakaren har minst ein gong kvart halvår rett til ein samtale med læraren om utviklinga si i forhold til kompetansemåla i faga som ein del av undervegsvurderinga. Samtalen kan gjennomførast i samband med halvårsvurdering utan karakter etter § 4-9.

Læraren skal i undervegsvurderinga vurdere om deltakarar i grunnskoleopplæring særskilt organisert for vaksne har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 4A-2 og § 5-4.

Deltakarar i grunnskolen med individuell opplæringsplan skal både ha undervegsvurdering og rettleiing i samsvar med den opplæringsplanen som er utarbeidd for dei, jf. opplæringslova § 4A-2 og § 5-5 første ledd.

§ 4-8 Eigenvurdering⁶⁵

Eigenvurderinga er ein del av undervegsvurderinga, og formålet med eigenvurderinga er at deltakaren reflekterer over og blir bevisst på eiga læring. Deltakaren skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

§ 4-9 Halvårsvurdering i fag⁶⁶

Halvårsvurderinga i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal syne kompetansen til deltakaren opp mot kompetansemåla i læreplanen for faget. Ho skal også gi rettleiing om korleis deltakaren kan auke kompetansen sin i faget.

Det skal givast skriftleg og/eller munnleg halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa.

Deltakaren skal i tillegg få halvårsvurdering med karakter. Halvårsvurderinga med karakter skal gi uttrykk for den kompetansen deltakaren har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga. Halvårsvurdering med karakter skal givast skriftleg.

Halvårsvurderinga i grunnskolen og i vidaregåande opplæring skal gjennomførast midt i opplæringsperioden på kvart årstrinn, og ved slutten av opplæringsåret for fag som ikkje blir avslutta, jf. læreplanverket.

Dersom opplæringa deltakaren mottok er organisert slik at den ikkje følgjer opplæringsåret, til dømes ved komprimerte løp, skal halvårsvurderinga gis midt i opplæringsperioden. Dersom opplæringa på det enkelte trinnet varar mindre enn eit semester, skal det ikkje gis halvårsvurdering.

Skoleeigar har ansvaret for at faglæraren gjennomfører halvårsvurdering med og utan karakter. Dersom skoleeigaren er i tvil om reglane for halvårsvurdering er følgde, kan skoleeigar be om ny fagleg vurdering før halvårskarakterane blir fastsette.

§ 4-10 Samanhengen mellom undervegsvurdering og standpunktkarakter⁶⁷

Undervegsvurderinga skal fremme læring og gi deltakaren høve til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida i faget. Den kompetansen deltakaren har vist undervegs i opplæringa er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktkarakteren i fag skal fastsetjast, jf. § 4-3 og § 4-12.

⁶³ Hele kapittel 4 endret ved forskrift 1 .juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

⁶⁴ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁶⁵ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁶⁶ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁶⁷ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

III - Sluttvurdering⁶⁸

§ 4-11 Sluttvurdering i fag⁶⁹

Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til deltakaren ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket, jf. .

Sluttvurderingar i grunnskolen er standpunktkarakterar og eksamenskarakterar.

Sluttvurderingar i vidaregåande opplæring er standpunktkarakterar, eksamenskarakterar og karakterar til fag-/sveineprøve og kompetanseprøve.

Sluttvurderingar er enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i kapittel 5.

Deltakarar i grunnskolen som har individuell opplæringsplan, skal vurderast etter dei samla kompetansemåla i læreplanen for faget, jf. § 4-3.

§ 4-11a Samanhengen mellom sluttvurdering og deltakarstatus⁷⁰

Når ein deltakar har fullført og bestått opplæringa i eit fag, skal sluttvurderinga følgje deltakaren fram til kompetansebevis og vitnemål. Deltakaren kan da ikkje få deltakarstatus i faget på nytt.

Ein deltakar som har fått sluttvurdering i eit fag frå vidaregåande opplæring på ungdomstrinnet, jf. § 1-15, kan velje om faget skal godkjennast etter § 1-16, eller velje å ta faget på nytt som deltakar i vidaregåande opplæring.

§ 4-12 Standpunktkarakterar i fag⁷¹

Standpunktkarakterar er karakterar som blir gitt ved avslutninga av opplæringa i fag, og som skal førast på vitnemålet. Standpunktkarakter blir berre gitt i heile fag.

Standpunktkarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser den kompetansen deltakaren har i faget, jf. § 4-3. Deltakaren skal vere kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktkarakterar.

Standpunktkarakterar i fag med sentralt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før fellessensurmøtet.

Standpunktkarakterar i fag med lokalt gitt eksamen skal fastsetjast seinast dagen før gjennomføringa av den første lokalt gitte eksamenen i faget på det aktuelle trinnet innanfor utdanningsprogrammet.

Skoleeigar har ansvaret for at faglæraren set standpunktkarakter. Dersom skoleeigar er i tvil om reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er følgde, kan skoleeigar krevje ei ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte.

I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktkarakter, har skoleeigar ansvaret for at det blir gjort enkeltvedtak om ikkje å gi standpunktkarakter. For å gjere enkeltvedtak om å ikkje gi karakter, skal deltakaren vere varsla, jf. § 4-5.

§ 4-13 Realkompetansevurdering⁷²

Vurderinga av realkompetansen til den vaksne skal gjerast i forhold til kompetansemåla i læreplanen for fag i læreplanverket. Vurderinga skal vise at realkompetanse er likeverdig med kompetansen som er oppnådd gjennom grunnskoleopplæringa eller vidaregåande opplæring. Det er ikkje mogleg å få godkjend fag i Vg3 i yrkesfaglege utdanningsprogram gjennom ei vurdering av realkompetansen som sluttvurdering.

⁶⁸ Hele kapittel 4 endret ved forskrift 1 .juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

⁶⁹ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁷⁰ Tilføyd ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁷¹ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁷² Endret ved forskrift 1. september 2013 nr. 1046 (i kraft 3. september 2013).

Vurderinga skal vere godkjend eller ikkje godkjend realkompetanse i heile eller delar av faget.

Kommunen har ansvaret for at vurderinga av realkompetanse i grunnskolen blir utført på forsvarleg grunnlag og utan ugrunna opphald.

Fylkeskommunen har ansvaret for at vurderinga av realkompetanse i vidaregåande opplæring blir utført på forsvarleg grunnlag og utan ugrunna opphald.

Realkompetansevurderinga er eit enkeltvedtak og kan påklagast til Fylkesmannen, jf. § 5-1.

Bruk av realkompetansevurdering til å avklare kva slags opplæring den vaksne har behov for er regulert i opplæringslova § 4A-3 og forskrift til opplæringslova § 6-46 og § 6-47.

IV - Fritak frå vurdering med karakter⁷³

§ 4-14 Fritak frå vurdering med karakter for deltakarar med individuell opplæringsplan⁷⁴

Når ein deltakar i grunnskolen får opplæring etter individuell opplæringsplan, kan deltakaren velje om han eller ho skal ha vurdering med eller utan karakter. I fag i grunnskolen der det blir gitt både skriftleg og munnleg karakter, kan deltakarar med individuell opplæringsplan i faget velje om ho eller han skal ha berre skriftleg eller munnleg karakter i faget. Dei som vel karakter i norsk skriftleg, kan velje karakter i den eine eller begge målformene. Valretten gjeld berre i fag som er omfatta av enkeltvedtaket om spesialundervisning.

Deltakarar som er fritekne frå vurdering med karakter etter det førre leddet, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter på grunnlag av måla i den individuelle opplæringsplanen, så langt planen avvik frå læreplanen for faget.

Skoleeigaren skal syte for at deltakaren i grunnskolen får nødvendig rettleiing om kva valet av vurdering utan og med karakter inneber for deltakaren.

§ 4-15 Fritak frå vurdering i skriftleg sidemål⁷⁵

Deltakarar som har fått særskilt språkopplæring på 8., 9. eller 10. årstrinn i grunnskolen eller i Vg1, Vg2 eller Vg3, kan få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.

Når ein deltakar i grunnskolen har enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 4A-2, avgjer deltakaren om han eller ho skal ha vurdering med karakter i skriftleg sidemål. Valretten gjeld berre dersom enkeltvedtaket om spesialundervisning omfattar skriftleg sidemål.

Deltakarar i heile grunnopplæringa, tidlegare deltakarar og privatistar i vidaregåande opplæring har også rett til fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål dersom dei:

- a) på grunn av sjukdom, skade eller dysfunksjon som er diagnostisert av ein sakkunnig, har problem med å greie begge målformene
- b) ikkje har gjennomgått ungdomstrinnet i norsk grunnskole
- c) fylte vilkåra for fritak frå opplæring eller vurdering i skriftleg sidemål i grunnskolen, men på grunn av dokumentert saksbehandlingsfeil likevel ikkje fekk fritak.

Berre den fylkeskommunen som kan skrive ut vitnemål for den det gjeld, jf. § 4-34, kan gjere enkeltvedtak om fritak frå vurdering i skriftleg sidemål etter denne paragrafen.

Deltakarar som er fritekne frå vurdering med karakter etter denne paragrafen, skal ha halvårsvurdering og anna undervegsvurdering utan karakter.

⁷³ Heile kapittel 4 endra ved forskrift 1 juli 2009 nr. 964 (i kraft 1 aug 2009). Overskrift endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁷⁴ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁷⁵ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

Skoleeigar skal stryke standpunktarakter eller eksamenskarakter i skriftleg sidemål dersom en deltakar eller privatist som har fått innvilga fritak frå vurdering etter denne føresegna, likevel har fått vurdering i skriftleg sidemål.

§ 4-16 Oppheva (06-08-2012)⁷⁶

§ 4-17 Fritak frå eksamen

Deltakarar som er fritekne for vurdering med karakter i fag som blir avslutta med eksamen, skal ikkje delta i eksamen i faget. I grunnskolen kan skoleeigaren etter søknad frå deltakaren frita deltakaren frå eksamen når det ligg føre tungtvegande grunnar.

V - Eksamen⁷⁷

§ 4-18 Generelle føresegner⁷⁸

Eksamen skal vere i samsvar med læreplanverket. Deltakaren går opp til eksamen i heile faget.

Deltakarar i grunnskolen som følgjer opplæring særskilt organisert for vaksne, skal trekkjast ut til ein sentralt gitt skriftleg eksamen og ein lokalt gitt munnleg eksamen ved avslutninga av opplæringa. Til sentralt gitt skriftleg eksamen blir det trekt mellom norsk/samisk, engelsk og matematikk. Til lokalt gitt munnleg eksamen blir det trekt mellom norsk/samisk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnsfag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE). Deltakaren kan trekkjast ut i same faget til sentral gitt og lokalt gitt eksamen.

Privatistar i grunnskolen må gå opp til sentralt gitt skriftleg eksamen i norsk/samisk, engelsk og matematikk og lokalt gitt munnleg eksamen i norsk/samisk, engelsk og to av følgjande fag: naturfag, samfunnsfag, kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) eller matematikk. Privatistar med samisk som fag kan melde seg til eksamen i dette faget til sentralt gitt skriftleg eksamen og lokalt gitt munnleg eksamen.

I vidaregåande opplæring fastsett læreplanen i det enkelte faget om og eventuelt når i opplæringsløpet det skal vere eksamen i faget. Det er òg fastsett i læreplanen for fag om deltakaren skal opp til eksamen i faget eller kan trekkjast ut, kva slags eksamensform som skal nyttast, og om eksamen skal vere lokalt gitt eller sentralt gitt. Departementet fastset kor mange eksamenar det skal vere på kvart årstrinn innanfor utdanningsprogramma eller programområda i vidaregåande opplæring.

Eksamen skal organiserast slik at deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til deltakaren eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen.

Fylkeskommunen har plikt til å informere deltakarar om kva for reglar som gjeld for ny eksamen, utsett eksamen og særskild eksamen.

Det er ikkje ny eksamen, utsett eksamen eller særskild eksamen i grunnskolen.

§ 4-19 Melding av deltakarar til eksamen

Skoleeigaren melder til eksamen alle deltakarar som tek del i opplæringa i fag som blir avslutta med eksamen. Utdanningsdirektoratet fastset meldingsfristar og korleis melding til eksamen skal gå føre seg.

Deltakarar i vidaregåande opplæring må sjølve melde seg til ny eksamen, utsett eksamen og særskild eksamen, jf. § 4-26 til § 4-28. Meldinga skjer til skoleeigaren.

⁷⁶ Oppheva ved forskrift 13. juni 2012 nr 731 (i kraft 06.08.2012)

⁷⁷ Hele kapittel 4 endret ved forskrift 1 .juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

⁷⁸ Endra ved forskrift 29 juli 2015 nr. 925 (i kraft 1 aug 2015).

§ 4-20 Melding av privatistar til eksamen i grunnskolen

Privatistar i grunnskolen har sjølve ansvaret for å melde seg til eksamen til den skolen eller den instansen som kommunen fastset. Utdanningsdirektoratet fastset meldingsfristar og korleis melding til eksamen skal gå føre seg. Skolen eller den instansen som kommunen peikar ut, avgjer om meldinga kan godkjennast. Ein privatist kan ikkje melde seg til eksamen i det same faget fleire stader ved same eksamen. Den som er deltakar i eit fag ved fristen for melding til privatisteksamen, kan ikkje melde seg som privatist i faget til denne eksamenen. Privatistar må sjølv betale prøveavgifta i samsvar med fastsette satsar.

§ 4-21 Sentralt gitt eksamen

Ved sentralt gitt eksamen fastset Utdanningsdirektoratet korleis eksamenen i det enkelte faget skal organiserast, korleis eksamensoppgåva skal vere, datoen for den enkelte eksamenen, og korleis sensurordningane skal vere. Kommunen har ansvaret for å trekkje fag og deltakarar til sentralt gitt eksamen i grunnskolen og for den praktiske gjennomføringa av eksamenen. Fylkeskommunen har ansvaret for å trekkje fag og deltakarar til eksamen og for den praktiske gjennomføringa av eksamenen for deltakarar i vidaregåande opplæring. Deltakaren skal få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før sjølve eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Utdanningsdirektoratet fastset dato for melding om trekkfag. Prøvesvara ved sentralt gitt eksamen skal vurderast av to eksterne sensorar. Dersom det er usemje, skal karakteren avgjerast av ein oppmann.

§ 4-21a Tidspunkt for gjennomføring av sentralt gitt eksamen⁷⁹

Ved sentralt gitt eksamen skal eksamen starte klokka 09.00 norsk tid, og avsluttast etter fem timar om ikkje anna er oppgitt. Dersom deltakaren eller privatisten har vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen i form av utvida tid, vil vedtaket vere avgjerande for når eksamen skal avsluttast for vedkommande.

Deltakarar og privatistar som møter opp til eksamen for seint, men før kl. 10.00, skal få gjennomføre eksamen, men dei skal ikkje få kompensert tapt tid. Dei som møter kl. 10.00 eller seinare, får ikkje gjennomføre eksamen.

Det skal som hovudregel ikkje vere høve for deltakarar og privatistar til å forlate eksamenslokalet før kl. 10.00. Unntak må vurderast konkret, der omsynet til ei sikker eksamensgjennomføring og omsynet til helsa til den det gjeld veg tungt.

§ 4-22 Lokalt gitt eksamen i grunnskolen⁸⁰

Kommunen har ansvaret for gjennomføringa av alle lokalt gitte eksamenar. Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver.

Deltakaren skal få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før sjølve eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Eksamen skal ikkje gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

Munnleg eksamen for deltakarar ar skal gjennomførast med førebuingssdel. Kommunen avgjer sjølv om privatistar skal ha førebuingssdel. Førebuingssdelen er ein obligatorisk skoledag dagen før eksamen, der alle hjelpemiddel er tillatne. Når førebuingssdelen tek til, 24 timar før sjølve eksamen, skal kandidaten skal få oppgitt eit tema eller liknande, men ikkje eksamensoppgåva. Førebuingssdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Ramma for eksamen på eksamensdagen skal vere munnleg eksamen på inntil 30 minutt per deltakar eller privatist.

⁷⁹ Tilføyd ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁸⁰ Endra med forskrift 26.09.2013 nr. 1147 (i kraft 01.10.2013).

Prøvesvara ved lokalt gitt eksamen skal vurderast av to sensorar. Éin av sensorane skal vere ekstern. Den andre sensoren kan vere faglæraren til deltakaren. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren.

Ved eksamen som krev eksaminator, skal den eine sensoren vere eksaminator. Eksamineringa skal gi kandidaten høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Under eksamen kan kandidaten prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein eventuell førebuingssdel. I eksamenstida ved munnleg eksamen skal kandidaten presentere temaet eller liknande som han eller ho har førebudd i førebuingssdelen. Dersom det er usemje om kva kandidaten skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som avgjer.

I særlege tilfelle kan fylkesmannen etter søknad frå kommunen, gi kommunen høve til å arrangere lokalt gitt eksamen for privatistar på andre tider av året enn ordinær eksamen. Kommunen har då ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, den praktiske avviklinga av eksamen og sensuren.

Kommunen har plikt til å arrangere privatisteksamen for vaksne.

§ 4-23 Lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring⁸¹

Fylkeskommunen har ansvaret for gjennomføringa av alle lokalt gitte eksamenar. Faglæraren har plikt til å utarbeide forslag til eksamensoppgåver.

Deltakaren skal få vite kva fag han eller ho skal prøvast i, 48 timar før sjølve eksamen. Laurdagar, søndagar, høgtidsdagar og heilagdagar skal ikkje reknast med. Eksamen skal ikkje gjennomførast på måndagar og dagen etter høgtidsdagar og heilagdagar.

Fylkeskommunen kan fastsetje at skriftleg eksamen, munnleg-praktisk eksamen og praktisk eksamen som er lokalt gitt, skal gjennomførast med førebuingssdel. Ved skriftleg eksamen, munnleg-praktisk eksamen og praktisk eksamen kan førebuingssdelen vere inntil to dagar og skal normalt ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Munnleg eksamen for deltakarar skal gjennomførast med førebuingssdel. Førebuingssdelen er ein obligatorisk skoledag dagen før eksamen, der alle hjelpemiddel er tillatne. Når førebuingssdelen tek til, 24 timar før sjølve eksamen, skal deltakaren skal få oppgitt eit tema eller liknande, men ikkje eksamensoppgåva. Førebuingssdelen skal ikkje inngå i vurderingsgrunnlaget.

Rammene for eksamenen på eksamensdagen skal vere:

- a) skriftleg eksamen ζ inntil 5 timar
- b) munnleg eksamen ζ inntil 30 minutt per deltakar
- c) munnleg-praktisk eksamen ζ inntil 45 minutt per deltakar
- d) praktisk eksamen ζ inntil 5 timar.

Prøvesvara ved lokalt gitt eksamen skal vurderast av to sensorar. Den eine sensoren skal vere ekstern. Den andre sensoren kan vere faglæraren til deltakaren. Faglæraren har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Dersom det er usemje om karakteren, avgjer den eksterne sensoren. Som sensor ved lokalt gitt eksamen i programfag i yrkesfaglege utdanningsprogram kan det også nemnast opp ein fagarbeidar med praksis frå arbeidslivet.

Ved eksamen som krev eksaminator, skal den eine sensoren vere eksaminator. Eksamineringa skal gi kandidaten høve til å syne kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Under eksamen kan kandidaten prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av ein eventuell førebuingssdel. I eksamenstida ved munnleg eksamen skal kandidaten presentere temaet eller liknande som han eller ho har førebudd i førebuingssdelen. Dersom det er usemje om kva kandidaten skal prøvast i, er det den eksterne sensoren som avgjer.

⁸¹ Endra med forskrift 26.09.2013 nr. 1147 (i kraft 01.10.2013).

§ 4-23a (Opphevd)⁸²

§ 4-24 Hjelpemiddel til eksamen⁸³

Eksamenen kan organiserast med eller utan hjelpemiddel. Utdanningsdirektoratet fastset kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart fag ved sentralt gitt eksamen.

Ved lokalt gitt eksamen etter § 4-23 femte ledd bokstav a, c og d fastset skoleeigaren kva for hjelpemiddel som skal tillatast. Dei tillatne hjelpemidla må ikkje svekkje grunnlaget for å vurdere kompetansen til deltakaren eller privatisten.

Ved lokalt gitt munnleg eksamen er notata til deltakaren eller privatisten frå førebuingdelen einaste tillatne hjelpemiddel.

§ 4-25 Særskild tilrettelegging av eksamen

Deltakarar og privatistar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til deltakaren og privatisten så langt råd er. Tiltaka må ikkje føre til at ein deltakar eller privatist får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen. Tilrettelegginga må heller ikkje vere så omfattande at deltakaren eller privatisten ikkje blir prøvd i kompetansemåla i fag i læreplanverket. Der det i kompetansemåla er kravd skriftlege, munnlege eller praktiske ferdigheiter, er det ikkje høve til å leggje til rette eksamen slik at desse ferdigheitene ikkje blir prøvde, når slik prøving er fastsett i eksamensforma for faget. Skoleeigar avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for deltakarar. Avgjerda til skoleeigar er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Skoleeigar kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans. Særskild tilrettelegging av eksamen krev ikkje vedtak om spesialundervisning. Privatistar i grunnskolen må leggje fram ein sakkunnig uttale. Skoleeigar avgjer kva slags ordningar for tilrettelegging som skal nyttast. Avgjerda til skoleeigar er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen.

§ 4-26 Særskild eksamen for deltakarar i vidaregåande opplæring

Ein deltakar som får karakteren 1 i standpunktarakter i eit fag, har rett til særskild eksamen i faget dersom han eller ho ikkje er trekt ut til eksamen i faget. Det gjeld òg for fag der det ikkje blir halde eksamen ordinært. Særskild eksamen blir normalt halden samtidig med utsett og ny eksamen.

§ 4-27 Ny eksamen for deltakarar i vidaregåande opplæring

Ein deltakarar som får karakteren 1 ved ordinær eksamen, har rett til ny eksamen i faget ved første etterfølgjande eksamen. Deltakaren beheld standpunktarakter i faget. Dersom deltakaren ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og standpunktavurderinga i faget fell bort.

§ 4-28 Utsett eksamen for deltakarar i vidaregåande opplæring⁸⁴

Ein deltakar som har dokumentert fråvær ved eksamen, har rett til å framstille seg til første etterfølgjande eksamen. Deltakaren beheld standpunktarakteren i faget.

Deltakaren må leggje fram dokumentasjon på at han eller ho var hindra frå å møte til eksamen, at hindringa var uføreseieleg og at han eller ho ikkje kan lastast for hindringa.

⁸² Tilføyd ved forskrift 14 okt 2013 nr. 1236, opphevd ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁸³ Endra med forskrift 26.09.2013 nr. 1147 (i kraft 01.10.2013).

⁸⁴ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

Dersom deltakaren ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og eventuell standpunktvurdering i faget fell bort.

Dersom ein deltakar har rett til utsett eksamen i trekkfag, skal trekkinga av fag gjerast på ny.

§ 4-29 Bortvising frå eksamen

Deltakarar og privatistar skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av eksamen. Dersom åtferda til ein deltakar eller privatist er i strid med denne føresegna, kan deltakaren eller privatisten, etter å ha blitt åtvara, visast bort. Bortvising skal avgjerast av skoleeigar og er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Deltakaren eller privatisten skal ha høve til å uttale seg munnleg for skoleeigar før skoleeigar eventuelt gjer enkeltvedtak om bortvising. Dersom ein deltakar i vidaregåande opplæring eller ein privatist får medhald i klagen, har han eller ho rett til ny eksamen ved første etterfølgjande eksamen

§ 4-30 Annullering av eksamen⁸⁵

Dersom det er gjort formelle feil ved avviklinga av eksamen, eller dersom eksamen av andre årsaker ikkje er avvikla i samsvar med føresegnene, kan Utdanningsdirektoratet annullere eksamen.

Dersom ein deltakar har vore oppe til eksamen i eit fag der han eller ho ikkje får standpunktkarakter, blir eksamenen annullert.

Deltakarar i vidaregåande opplæring som har fått eksamenen sin annullert av Utdanningsdirektoratet, har rett til å gå opp til ny eksamen ved første etterfølgjande eksamen. Utdanningsdirektoratet kan òg gi dispensasjon frå krava til vitnemål i § 4-34 dersom omsynet til deltakaren tilseier det.

Eksamen i eit fag kan annullerast dersom deltakaren eller privatisten har fuska eller forsøkt å fuske ved eksamen. Dette gjeld også dersom det er sensorane som oppdagar fusk eller forsøk på fusk. Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av skoleeigar. Deltakaren eller privatisten har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen. Enkeltvedtak om annullering av eksamen kan påklagast til fylkesmannen. Deltakaren eller privatisten skal ha høve til å uttale seg munnleg for skoleeigar før skoleeigar eventuelt gjer enkeltvedtak om annullering.

For deltakarar som får eksamen annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, fell standpunktkarakteren bort.

Dersom eksamen blir annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, kan kandidaten gå opp til eksamen i faget som privatist, tidlegast eitt år etter den annullerte eksamenen.

VI - Dokumentasjon⁸⁶

§ 4-31 Rett til dokumentasjon

Alle som har fullført grunnopplæringa, har rett til å få opplæringa dokumentert. Godkjend realkompetanse er likeverdig med bestått og skal dokumenterast. Deltakarar som har gått gjennom delar av opplæringa, har krav på å få denne dokumentert. Utdanningsdirektoratet fastset dei formulara som skal nyttast. Privatistar som har vore oppe til eksamen i grunnskolen, har rett til å få dette dokumentert. Deltakarar i vidaregåande opplæring som oppnår ny(e) karakter(ar) i fag eller tek nye fag, har rett til ny dokumentasjon. Dersom dokumentasjonen går tapt, skal det skrivast ut ny dokumentasjon som er så identisk som råd er, men dokumentasjonen skal ikkje tilbakedaterast.

⁸⁵ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

⁸⁶ Hele kapittel 4 endret ved forskrift 1 .juli 2009 (i kraft 01.08.2009)

§ 4-32 Forsvarleg system for føring av karakterar

Skoleeigaren skal ha eit forsvarleg system for føring av karakterar, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd.

Halvårsvurdering med karakterar, standpunkt-karakterar og eksamens-karakterar skal førast inn i systemet som skoleeigar brukar. Karakterane er fastsette når karakterane er førte inn.

Halvårsvurdering med karakter kan ikkje endrast etter at dei er gitt. Standpunkt-karakterar og eksamens-karakterar kan endrast etter klage. Føringsfeil skal rettast og attesterast av skoleeigar.

§ 4-33 Vitnemål i grunnskolen⁸⁷

Alle deltakarar skal ha vitnemål når dei fullfører grunnskoleopplæringa. Vitnemålet til deltakaren skal innehalde standpunkt-karakterar og eksamens-karakterar. Kravet til vitnemål er sluttvurdering i faga norsk, engelsk og matematikk og to av faga:

- Matematikk munnleg
- Naturfag
- Samfunnsfag
- Kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE).

Deltakarar som har teiknspråk eller samisk som førstspråk, kan få standpunkt-karakterar i dette faget ført på vitnemålet i tillegg eller staden for norsk.

Deltakarar med samisk i fagkrinsen skal ha vitnemål med norsk og samisk tekst.

Deltakarar i grunnskolen som har hatt individuell opplæringsplan, skal få dette ført på vitnemålet dersom deltakaren ønskjer det.

Kommunen har ansvaret for å skrive ut vitnemål for deltakarar og privatistar i grunnskolen.

§ 4-33a Kompetansebevis i grunnskolen⁸⁸

Kompetansebevis blir skrive ut som dokumentasjon for grunnskoleopplæring etter opplæringslova kapittel 4A i dei tilfella der vilkåra for å få vitnemål ikkje er oppfylte.

Kompetansebeviset skal vise kva for standpunkt- og eksamens-karakterar som er oppnådde, og godkjend realkompetanse. Kompetansebevis blir også skrive ut som dokumentasjon på gjennomgått opplæring i dei tilfella der deltakaren berre har fått opplæring i delar av eit fag.

Dersom deltakaren ikkje fullfører faget på nivået der læreplanverket fastset at standpunkt-karakter skal givast, men ønskjer å få dokumentert sin kompetanse i faget skal den siste halvårsvurderinga med karakter som deltakaren har fått førast på kompetansebeviset. Det skal då førast ein merknad om at karakteren er halvårsvurdering med karakter.

På kompetansebeviset skal berre kompetansen den vaksne har fått godkjent gjennom realkompetansevurderinga førast. Det den vaksne eventuelt ikkje får godkjend i ei realkompetansevurdering, skal ikkje førast på kompetansebeviset. Kompetansebeviset skal førast på fagnivå. Dersom den vaksne har fått godkjend berre delar av eit fag, skal det førast merknad om dette. Kva for kompetanssmål som er godkjende, skal gå fram av eit vedlegg til kompetansebeviset.

Kommunen er ansvarleg for å skrive ut kompetansebevis for deltakarar. Etter at kommunen har realkompetansevurdert ein vaksen, skal det skrivast ut kompetansebevis.

⁸⁷ Endra ved forskrift 29 juli 2015 nr. 925 (i kraft 1 aug 2015).

⁸⁸ Tilføyd ved forskrift 30. juni 2012 nr. 735 i kraft 06.08.2012)

§ 4-34 Vitnemål i vidaregåande opplæring

Vitnemål blir gitt som dokumentasjon for bestått opplæringsløp som gir studie- eller yrkeskompetanse. Deltakarar som har samisk i fagkrinsen, skal ha vitnemål med norsk og samisk tekst.

For å få vitnemål, må alle fag og eksamenar som skal stå på vitnemålet i samsvar med læreplanverket, vere bestått, med mindre det kan gjerast unntak frå dette kravet med heimel i § 1-11 til § 1-13, § 4-14 til § 4-16, § 4-35 og § 23-1.

Vitnemål for deltakarar skal skrivast ut av fylkeskommunen der deltakaren fullfører og består opplæringa. Nytt vitnemål skal skrivast ut av den skoleeigaren som skreiv ut det opphavlege vitnemålet.

§ 4-35 Unntak for deltakarar frå vilkåra for å få vitnemål i yrkesfaglege utdanningsprogram

Deltakarar i yrkesfaglege utdanningsprogram som har følgd opplæringa, men ikkje bestått i inntil to av fellesfaga som inngår i fag- og timefordelinga for opplæringa, kan likevel i særskilde tilfelle få utferda vitnemål som gir yrkeskompetanse, men ikkje vitnemål som gir generell studiekompetanse. Samtykke til slikt unntak kan bli gitt etter søknad når deltakaren:

- a) har vore friteken for vurdering med karakter i faget/faga i grunnskolen
- b) har vore friteken for vurdering med karakter i faget/faga i den vidaregåande skolen
- c) har spesifikke lærevanskar, t.d. store lese- og skrivevanskar eller store matematikkvanskar. Slike vanskar kan også vurderast etter at standpunktkarakteren er sett eller eksamenen har vore gjennomført.

I dei yrkesfaga der det er knytt offentleg nasjonal eller internasjonal sertifisering til eit utferda vitnemål, kan det ikkje gjerast unntak i strid med slike sertifiseringsføresegner. Før søknader om unntak kan bli behandla, skal det liggje føre dokumentasjon som viser at vilkåra er oppfylte. Dokumentasjonen må vere av nyare dato. Før søknader om unntak etter første ledd bokstav c bli behandla, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for å få utarbeidd slik vurdering. Skoleeigaren avgjer søknad om unntak i samsvar med vilkåra. Deltakaren kan ikkje få førehandstilsegn om unntak etter denne paragrafen.

§ 4-36 Kompetansebevis

Kompetansebevis blir skrive ut som dokumentasjon for vidaregåande opplæring i dei tilfella der vilkåra for å få vitnemål ikkje er oppfylte. Godkjend realkompetanse skal først på kompetansebeviset. Kompetansebeviset skal vise kva for standpunkt- og eksamenskarakterar som er oppnådde, og godkjend realkompetanse. Kompetansebevis blir også skrive ut som dokumentasjon på gjennomgått opplæring i dei tilfella der deltakaren berre har fått opplæring i delar av eit fag. I fellesfag der det ikkje skal setjast standpunktkarakter på lågare nivå, jf. læreplanverket, skal halvårsvurderinga med karakter som deltakaren får ved avslutning av opplæringsåret, først på kompetansebeviset. Dette gjeld dersom deltakaren ikkje fullfører faget på nivået der læreplanverket fastset at standpunktkarakter skal givast. Det skal då først ein merknad om at karakteren som først er halvårsvurdering med karakter. Fylkeskommunen er ansvarleg for å skrive ut kompetansebevis for deltakarar. Etter at fylkeskommunen har realkompetansevurdert ein vaksen, skal det skrivast ut kompetansebevis.

§ 4-37 Føring av karakterar i fag på vitnemål og kompetansebevis⁸⁹

For deltakarar skal berre standpunktkarakterar, eksamenskarakterar og godkjend realkompetanse først på vitnemålet. Det er fastsett i læreplanverket når standpunktkarakterar skal fastsetjast. Halvårsvurdering med karakter skal ikkje først på vitnemålet. Dersom heile faget er godkjend gjennom realkompetansevurderinga, er dette likeverdig med bestått i faget.

⁸⁹ Endra ved forskrift 18 juni 2015 nr. 760 (i kraft 1 aug 2015).

I dei programfaga som har fleire nivå, skal alle standpunktkarakterar som er oppnådde på kvart nivå, først på dokumentasjonen.

For deltakarar som får fritak frå vurdering, jf. § 4-15, men ikkje fritak frå opplæring i skriftleg sidemål, skal det for skriftleg sidemål stå «Delteke» på vitnemålet eller kompetansebeviset, ikkje talkarakter. For privatistar skal det stå «Friteken».

Det er mogleg å få ført på karakterar i fag som går utover minstekravet til studie- og yrkeskompetanse.

For deltakarar som har fått sluttvurdering i eit fag som elev eller deltakar meir enn ein gong, jf. § 4-11a andre ledd, skal den siste karakteren som er 2 eller betre, først på vitnemålet eller kompetansebeviset.

På kompetansebeviset skal berre kompetansen den vaksne har fått godkjend gjennom realkompetansevurderinga først. Det den vaksne eventuelt ikkje får godkjend i ei realkompetansevurdering, skal ikkje først på kompetansebeviset. Kompetansebeviset skal først på fagnivå, dersom den vaksne har fått godkjend berre delar av eit fag, skal det først merknad om dette. Kva for kompetansemål som er godkjende, skal gå fram av eit vedlegg til kompetansebeviset.

Kapitel 5 Klage på vurdering

(Opplæringslova § 2-3 tredje ledd, § 3-4 første ledd, § 4A-4 femte ledd)

§ 5-1. Kva det kan klagast på⁹⁰

Det kan klagast på standpunktkarakterar, eksamenskarakterar, karakterar til fag-/sveineprøver og kompetanseprøve, og realkompetansevurdering. Det kan også klagast på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter.

§ 5-2. Kven som kan klage

Elevar, lærlingar, lærekandidatar, privatistar og praksiskandidatar eller dei som desse gir skriftleg fullmakt, har klagerett. Foreldra eller dei føresette til umyndige elevar, lærlingar, lærekandidatar, privatistar og praksiskandidatar har sjølvstendig klagerett. Dersom eleven, lærlingen, lærekandidaten, privatisten eller praksiskandidaten er under 15 år, kan dei ikkje klage utan skriftleg samtykke frå foreldra eller dei føresette. Sjå også § 5-15 om klage på realkompetansevurdering.

§ 5-3. Avgjerd i klagesaka

Behandling av klage på karakter eller realkompetansevurdering kan føre til at karakteren eller realkompetansevurderinga blir ståande, eller til at denne blir endra til gunst eller ugunst for klagaren. Avgjerda skal grunngivast. Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på.

Fører klagebehandlinga til endring av vitnemålet eller kompetansebeviset, skal det skrivast eit nytt, og tidlegare vitnemål/kompetansebevis skal leverast tilbake.

Behandling av klage på fag-/sveineprøve kan føre til at karakteren blir endra frå ikkje bestått til bestått.

§ 5-4. Saksgangen ved klage⁹¹

Dei som har klagerett etter § 5-2, skal få opplysningar om høvet til å klage, klagefristen og om kva klagen skal innehalde, i medhald av denne forskrifta og lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 29, § 30, § 31 og § 32. Dei som har

⁹⁰ Endret ved forskrift 01.07.2009 nr. 964 (i kraft 01.08.2009)

⁹¹ Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

klagerett, skal også få informasjon om at dei har rett til å få retningslinjene som sensorane har fått, og grunngiving etter § 5-7.

Klagen skal sendast til den skolen der klagaren er elev. Privatistar sender klagen til den skolen der eksamen er halden. Klage som gjeld fag- og sveineprøve og kompetanseprøve, skal sendast til fylkeskommunen der prøva er halden.

Når det gjeld klagar i samband med sentralt gitt eksamen med sentral sensur i grunnskolen og vidaregåande opplæring, skal skolen sende klagen saman med prøvesvaret til Fylkesmannen, jf. § 5-9. Ved klage i fag der det blir vurdert fleire svar, skal alle elevsvara leggjast ved.

Klage på realkompetansevurdering skal sendast til den instansen som har vurdert realkompetansen, sjå elles § 5-15.

§ 5-5. Klagefristar

Fristen for å klage på vedtak som gjeld eksamenskarakterar og standpunktkarakterar, er 10 dagar.

Fristen for å klage på vedtak om vurdering av den praktiske delen av fag-/sveineprøva og realkompetansevurdering er 3 veker.

Fristen skal reknast frå tidspunktet når meldinga om vedtaket er komen fram til den som har klagerett, eller når den som har klagerett, burde ha gjort seg kjend med vedtaket. Fristen blir avbroten når den som har klagerett, ber om grunngiving for vedtaket. Ny frist gjeld frå det tidspunkt klagaren har fått grunngivinga.

§ 5-6. Formkrav

Klagen må fremjast skriftleg, og underskrivast av klagaren eller eventuelt av ein med fullmakt. Klagen skal nemne det vedtaket som det blir klaga på, og dersom det er nødvendig, gi opplysningar som gjer det mogleg å avgjere spørsmål om klagerett og om klagefristen er halden. Klagen bør innehalde årsaka til klagen, bortsett frå klagar etter § 5-9.

§ 5-7. Rett til grunngiving

Den som har klagerett, jf. § 5-2, kan innanfor klagefristen krevje grunngiving for karakterar i fag der det blir halde munnleg eksamen, fastsett standpunktkarakterar, karakter for praktisk eksamen eller standpunkt karakter i orden og i åtferd. Grunngivinga skal givast av sensor eller ein lærar som har vore med og fastsett karakteren.

Dersom ein elev ikkje får standpunkt karakter eller får ikkje bestått som standpunkt karakter, kan det krevjast grunngiving for det.

Den som har klagerett, kan ikkje krevje grunngiving for karakterar til skriftleg eksamen.

§ 5-8. Rett til å gjere seg kjend med sitt eige svar og eventuelle retningslinjer for sensorar ved skriftleg eksamen

Eleven, privatisten og lærlingen har etter at karakteren ved skriftleg eksamen er fastsett, rett til å gjere seg kjend med sitt eige svar. På oppmoding skal han eller ho få kopi av svaret. Eleven, privatisten og lærlingen kan også krevje å få lagt fram eventuelle retningslinjer som sensorane har fått til hjelp ved sensureringa.

§ 5-9. Klage på karakter til skriftleg eksamen. Klageinstans og klagebehandling. Oppbevaring av eksamenssvar ved skriftleg eksamen

Klageinstansen for vurdering av skriftleg eksamen i grunnskolen er ei klagenemnd på 3 medlemmer. Fylkesmannen i kvart fylke nemner opp klagenemnda.

Klageinstansen for vurdering av skriftleg sentralt gitt eksamen med sentral sensur i vidaregåande opplæring er ei klagenemnd oppnemnd av Fylkesmannen. Klageinstansen for vurdering av

skriftleg lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring er ei klagenemnd oppnemnd av fylkeskommunen etter retningslinjer frå Fylkesmannen.

Medlemmene av ei klagenemnd må ikkje ha vore med i førstegongsbedøminga og bør så langt det lèt seg gjere, ikkje vere frå same skolen som klagaren. Når det er felles sensur for fleire grunnskolar, skal medlemmene så langt råd er ikkje vere frå same skolen som klagaren.

Klagenemnda skal gjerast kjend med den karakteren prøvesvaret fekk ved den ordinære sensuren. Nemnda skal elles ikkje få andre opplysningar enn svaret og dei opplysningane som kan leggjast ved svaret ved eksamen. Nemnda skal ikkje gjerast kjend med eventuell grunngiving for klagen.

Når det gjeld klage på karakter til skriftleg eksamen, prøver nemnda alle sider ved karakterfastsetjinga. Finn nemnda at karakteren er urimeleg i forhold til eksamensprestasjonen, set ein ny karakter.

§ 5-10. Klage på karakter ved munnleg eksamen. Klageinstans og klagebehandling

Ved munnleg eksamen kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet. Ved klage på munnleg eksamen hentar rektor inn fråsegn frå sensor og eksaminator og sender desse fråsegnene og klagen saman med si eiga fråsegn til Fylkesmannen når det gjeld klagar i grunnskolen, og til fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde som klageinstans, når det gjeld klagar i vidaregåande opplæring. Kopi av fråsegnene skal sendast til klagaren.

Dersom klagaren får medhald i klagen ved munnleg eksamen, skal karakteren annullerast, og klagaren har rett til å gå opp til ny eksamen. Dersom klagaren vel å gå opp til ny munnleg eksamen, skal prøvesvaret bedømmast av ein ny sensor.

Gjeld klagen prøve i trekkfag, skal det trekkjast fag på ny. Eleven skal få melding om faget med same frist som ved ordinær prøve.

§ 5-11. Klage på eksamensresultat ved andre, ikkje-skriftlege eksamenar i vidaregåande opplæring

Ved andre ikkje-skriftlege eksamenar enn munnleg eksamen, der det ikkje ligg føre dokumentasjon som kan vurderast av ei klagenemnd, kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet. I slike tilfelle skal ein følgje same prosedyren som for munnleg eksamen, jf. § 5-10.

Dersom ein slik eksamen resulterer i dokumentasjon som kan vurderast fagleg av ei klagenemnd, skal ein følgje same prosedyren som for skriftleg eksamen, jf. § 5-9.

§ 5-12. Klage på standpunktkarakter. Klageinstans og klagebehandling

Ved klage på standpunktkarakter eller vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter kan klageinstansen berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde. Med klagen skal det følgje fråsegn frå faglæraren om korleis karakteren er fastsett, eller kvifor det ikkje er sett karakter, og fråsegn frå rektor om saksbehandlinga ved skolen. Klagaren skal få kopi av fråsegna.

Klageinstansen i grunnskolen er Fylkesmannen i kvart fylke. Klageinstansen i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde.

Dersom klagen blir funnen rettkomen, må klageinstansen presisere kva for reglar ein meiner er brotne eller det kan reisast tvil om er brotne, og sende saka tilbake til skolen. Klageinstansen skal informere klagaren om resultatet av klagebehandlinga. Rektor og faglæraren gjennomfører ny vurdering. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerda kan det ikkje klagast på.

Finn klageinstansen at klagaren ikkje kan få medhald, er avgjerda endeleg.

§ 5-13. Klage på karakter i orden og i åtfærd. Klageinstans og klagebehandling

Ved klage på karakter i orden og i åtfærd skal kontaktlæreren til eleven og rektor gi fråsegn som saman med klagen skal sendast til klageinstansen. Fråsegna skal gjere greie for kva for karakterar i orden og i åtfærd som har vore gitt tidlegare, kva for tiltak skolen har sett i verk for å rette på forholda, og ei fyldig grunngiving for karakteren. Kopiar av ordensreglementet for skolen, utskrift av protokollen som viser korleis skolen har behandla saka m.m., skal leggjast ved fråsegna. Ved klage i grunnskolen skal det også gjerast greie for om heimen har vore varsla om at karakteren kunne bli sett ned, og eventuell annan korrespondanse med foreldra eller dei føresette. Klagaren skal ha kopi av fråsegna.

Klageinstansen i grunnskolen er Fylkesmannen i kvart fylke. Klageinstansen i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde.

Klageinstansen avgjer om klagen skal føre til at karakteren blir endra til gunst eller ugunst for klagaren.

§ 5-14. Klage på bedøminga av fag- og sveineprøve og kompetanseprøve i vidaregåande opplæring⁹²

Klage på den faglege vurderinga av prøvearbeidet til ikkje bestått skal sendast til fylkeskommunen i det fylket der prøva er gjennomført, jf. § 5-4 andre ledd tredje punktum. Fylkeskommunen skal innhente uttale frå dei som har gjeve den opphavlege bedøminga, jf. § 3-59 og § 3-60, før saka vert sendt til klageinstansen.

Klageinstans for klage på bedøming av fag- og sveineprøver er klagenemnda som er oppnemnd i samsvar med opplæringslova § 12-6. Klageinstans for klage på bedøming av kompetanseprøver er den fylkeskommunen gir mynde.

Medlemmene i klagenemnda må ikkje ha vore med i førstegongsbedøminga og bør ikkje vere frå den bedrifta eller skolen som klagaren kjem frå.

Klagenemnda kan gjere om resultatet frå ikkje bestått til bestått, avvise klaga eller oppheve den opphavlege avgjerda og vise til ny prøve.

Klage som er grunngitt med formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold, skal behandlast av fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde.

Dersom det er gjort formelle feil som kan ha hatt avgjerande verknad for prøveresultatet, skal den opphavlege avgjerda opphevast. Prøva skal da reknast for ikkje gjennomført, og klagaren har høve til å gjennomføre ny prøve så snart som mogleg.

§ 5-15. Klage på realkompetansevurdering⁹³

Ved klage på realkompetansevurdering, jf. § 4-13 og § 6-46, gjeld klagereglane i forvaltningslova bortsett frå det som følgjer om klageinstansen sin kompetanse i § 5-3 første ledd.

Kapitel 6 Inntak til vidaregåande opplæring

(Opplæringslova § 3-1 åttande ledd, § 3-3 sjetten ledd, § 4A-3 første ledd, -4 andre ledd og åttande ledd)

I. Felles føresegner

§ 6-1. Verkeområde

Dette kapitlet gjeld inntak til all offentleg vidaregåande opplæring. Formidling av lærlingar og lære kandidatlar er regulert i kapittel 6A.

⁹² Endra ved forskrifter 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008, 1. jul 2009 nr. 964 (i kraft 1 aug. 2009)

⁹³ Endret ved forskrifter 1. juli 2009 nr. 964 (i kraft 1 aug 2009), 1. september 2013 nr. 1046 (i kraft 3. september 2013).

Søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring er ungdom med rett etter opplæringslova § 3-1 og vaksne med rett etter opplæringslova § 4A-3. Vaksne utan rett etter opplæringslova kapittel 4A kan også søkje om inntak etter kapitlet her.

§ 6-2. Lokal forskrift om inntak

Fylkeskommunen skal fastsetje lokal forskrift om inntak. Den lokale forskrifta skal innehalde reglar om korleis inntaket vil bli gjennomført, mellom anna inntaksområde, kva for utdanningsprogram eller programområde det er fastsett særskilde inntakskrav for, og korleis inntaket elles skal gjennomførast. Forskrifta kan også innehalde utfyllande føresegnar om formidling.

Den lokale forskrifta skal innehalde reglar om inntak til landslinjer og dei statlege vidaregåande skolane, jf. § 6-12 og § 6-44.

Vilkår for inntak og bruk av retten til vidaregåande opplæring

§ 6-3. Bruk av retten til vidaregåande opplæring⁹⁴

Søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 bruker ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller eit programområde.

Dersom fylkeskommunen er i tvil om ein søkjar har brukt opp retten til vidaregåande opplæring, må fylkeskommunen etter søknad vurdere konkret og etter skjønn kor mykje vidaregåande opplæring søkjaren har fått tidlegare.

§ 6-4. Gjestelevar⁹⁵

Søkjarar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 har rett til å søkje om opplæring i ein annan fylkeskommune som gjesteelev, jf. opplæringslova § 13-3 første ledd. Søkjaren må søkje om inntak til kvart opplæringsår. Søknaden sendes til vertsfylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal ta inn gjesteeleven til tilbodet som det er søkt på dersom det er ledig kapasitet. Dersom det ikkje er ledig kapasitet, gjer vertsfylkeskommunen vedtak om avslag.

Ved inntak skal prioriteringsrekkefølga vere slik:

1. Søkjarar busette i fylket i samsvar med § 6-14 og § 6-29
2. Prioriterte gjesteelevar
3. Gjestelevar som konkurrerer etter poeng.

Fylkeskommunen kan la gjesteelevar konkurrere på lik linje med søkjarar busette i fylket dersom retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 oppfyllest for søkjarar busette i fylket.

For å bli teken inn som prioritert gjesteelev til eit tilbod må søkjaren kunne dokumentere at det ligg føre særlege pedagogiske eller sosiale grunnar for å gå på skole i eit anna fylke. Søkjaren må leggje fram relevant dokumentasjon. Vertsfylkeskommunen behandlar søknaden og avgjer om det ligg føre særlege grunnar.

Elevar som har rett til opplæring i samisk, skal bli tekne inn som prioriterte gjesteelevar dersom dei har i behov for å gå på skole i eit anna fylke for å få opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag. Eleven må kunne dokumentere at han eller ho har rett til opplæring i samisk etter opplæringslova § 6-3.

Vertsfylkeskommunen er klageinstans for klage om inntak av gjesteelevar etter denne føresegna. Ein klage kan gjelde alle sider av saka.

⁹⁴ Endret ved forskrift 19. desember 2016 nr. 1675 (i kraft 01.01.2017).

⁹⁵ Tilføyd ved forskrift 19. desember 2016 nr. 1675 (i kraft 01.01.2017).

Fylkeskommunen kan i lokal forskrift regulere inntak av gjesteelevar nærare.

§ 6-5. Fulltidselev og deltidselev

Fulltidselev er ein elev som er teken inn til eit fullstendig utdanningsprogram på Vg1 eller eit fullstendig programområde på Vg2 eller Vg3.

Deltidselev er ein elev som er teken inn til mindre opplæring enn det som er fastsett som full tid i det aktuelle utdanningsprogrammet på Vg1 eller programområdet på Vg2 eller Vg3 etter læreplanverket. Deltidselevar kan vere tekne inn til eit eller fleire fag.

Fylkeskommunen avgjer om søknaden frå ein fulltidselev om å bli deltidselev skal innvilgast. Søknaden frå ein elev som er teken inn som fulltidselev, om å bli deltidselev etter at vedtak om inntak er gjort, kan berre bli innvilga når det ligg føre tungtvegande grunnar.

Deltidselevar blir tekne inn til vidaregåande opplæring etter fulltidselevar. Deltidselevar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 blir tekne inn før eventuelle deltidselevar utan rett til vidaregåande opplæring blir tekne inn.

Ein søkjar som får innvilga omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd, skal som hovudregel takast inn som fulltidselev.

§ 6-6. Utsvekslingselevar

Utsvekslingselev er norsk ungdom som tek utdanning i utlandet på nivå med norsk vidaregåande opplæring, og utanlandsk ungdom som tek vidaregåande opplæring i Noreg, som ledd i elevutsveksling.

Fylkeskommunen skal reservere tilstrekkeleg mange plassar for utsvekslingselevar frå andre land. Fylkeskommunen kan òg reservere plassar for norske elevar som tek imot plass som utsvekslingselev i eit anna land med avvikande skoleår.

Elevar som har teke Vg1 eller Vg2 i utlandet, og som søker om inntak til vidaregåande opplæring på neste trinn, blir tekne inn til Vg2 eller Vg3 etter § 6-36 til § 6-40.

Søknad og klage

§ 6-7. Informasjonsplikt

Fylkeskommunen skal sørge for nødvendig informasjon til grunnskolane og dei vidaregåande skolane i fylket om dei reglane som skal nyttast ved inntak til vidaregåande opplæring.

Skolane må sikre at elevane og deltakarane får nødvendig informasjon om inntak til vidaregåande opplæring.

§ 6-8. Søknadsfrist

Søknadsfristen for inntak til vidaregåande opplæring er 1. februar for søkjarar som

- a) har enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, og som søker om fortrinnsrett ved inntak etter § 6-15 til § 6-19 og § 6-30 til § 6-32, eller om individuell behandling etter § 6-22 og § 6-35
- b) har enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 eller § 3-12
- c) er nyleg komne til Noreg
- d) har rett til teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 3-9
- e) søker om individuell behandling etter § 6-25 og § 6-38.

Fristen for søknad for andre med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 er 1. mars.

Når ein frist går ut på ein laurdag eller søndag, må søknaden vere send den nærmast etterfølgjande yrkesdagen.

For seint innkomne søknader skal det takast omsyn til så langt råd er, eventuelt behandle dei som ein søknad om inntak det etterfølgjande skoleåret. Søkjarane skal få melding om at søknaden kom for seint, og om konsekvensane av det. Den lokale forskrifta skal regulere behandlinga av søknader som kjem inn etter søknadsfristen. Fylkeskommunen må sikre at det ikkje skjer usakleg forskjellsbehandling.

Søknadsfristen skal kunngjerast minst fire veker på førehand. Kunngjeringa skal nemne dei opplysningane og dokumenta som skal følgje søknaden, og korleis søknaden skal sendast.

Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane som er nemnde ovanfor.

§ 6-9. Krav til søknaden

Fylkeskommunen fastset søknadsskjema som søkjarar må nytte.

Alle søkjarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 må føre opp tre alternative utdanningsprogram på Vg1 i prioritert rekkjefølgje.

Søkjarar til Vg2 og Vg3 fører opp eit eller fleire programområde i prioritert rekkjefølgje som dei er kvalifiserte til på grunnlag av det utdanningsprogrammet på Vg1 eller det programområdet på Vg2 som dei har gjennomført.

Søkjarar skal som hovudregel sende søknaden til fylkeskommunen i det fylket han eller ho er folkeregistert på tidspunktet for søknaden. Dette gjeld òg for han eller ho som søker om inntak til ein knutepunktskole i eit anna fylket.

Søkjarar som planlegg å flytte og kan dokumentere dette, sender søknaden til tilflyttingsfylket.

§ 6-10. Klage på vedtak om inntak

Avgjerda om inntak til vidaregåande opplæring er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Søkjarar kan klage på enkeltvedtaket i samsvar med føresegnene i opplæringslova § 15-2 og forvaltningslova kapittel VI. Søkjarar kan ikkje klage på skoleplasseringa.

Inntak til einskilde utdanningsprogram og landslinjer

§ 6-11. Særlege reglar om inntak til einskilde utdanningsprogram

For inntak til utdanningsprogram for musikk, dans, drama og utdanningsprogram for idrettsfag i Vg1 kan fylkeskommunen fastsetje særlege reglar i den lokale forskrifta om inntak.

Fylkeskommunane kan fastsetje at inntil 50 prosent av plassane i desse utdanningsprogramma kan tildelast på grunnlag av dokumentasjon av ferdigheit eller eventuell inntaksprøve, i tillegg til poeng rekna ut på grunnlag av karakterar.

For inntak til særskilde yrkesfaglege utdanningsløp som leier fram til yrkes- og studiekompetanse, kan fylkeskommunen fastsetje i den lokale forskrifta om inntak at plassane skal fordelast etter poeng og intervju.

§ 6-12. Inntak til landslinjer

Landslinjer er dei utdanningsprogramma på Vg1 eller programområda på Vg2 eller Vg3 som til ei kvar tid er godkjende av departementet som landslinjer. Ved inntak til godkjende landslinjer stiller søkjarar frå heile landet likt i konkurransen om plassar.

II. Inntak til Vg1

§ 6-13. Vilkår for inntak til Vg1

Vilkår for inntak til vidaregåande opplæring til utdanningsprogram på Vg1 er at søkjaren har fullført norsk grunnskoleopplæring eller tilsvarande. Dette kan dokumenterast ved vitnemål for fullført norsk grunnskole eller stadfesting av at søkjaren fyller eitt av desse vilkåra:

- a) Er skriven ut av grunnskolen etter opplæringslova § 2-1 fjerde ledd.
- b) Har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet i minst 9 år.
- c) Har tilsvarande realkompetanse som fullført norsk grunnskoleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A-1 og denne forskrifta § 4-33.

Søklarar som hevdar at dei har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet etter bokstav b, må sjølve dokumentere dette eller grunngi at det er sannsynleg at han eller ho oppfyller vilkåret. Om fylkeskommunen finn at vilkåret ikkje er oppfylt, skal saka sendast til kommunen som avklarar om søkjaren har tilsvarande realkompetanse etter bokstav c.

Kommunen har ansvaret for å vurdere om søkjaren har tilsvarande realkompetanse som fullført norsk grunnskoleopplæring etter bokstav c. Kommunen gjennomfører ei vurdering av realkompetansen til søkjaren og gjer eit enkeltvedtak der det går fram om søkjaren oppfyller vilkåret i bokstav c etter krava i § 4-33, jf. opplæringslova § 4A-1, eller om søkjaren treng meir grunnskoleopplæring. Når fylkeskommunen har ansvar for grunnskoleopplæringa er ansvaret for gjennomføring av realkompetansevurdering av søkjaren tilsvarande lagt til fylkeskommunen.

§ 6-14. Rekkjefølgje ved inntak til Vg1

Søklarar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 har rett til inntak til eit av tre valde utdanningsprogram på Vg1. Ved inntak skal fylkeskommunen ta inn søkjarane til vidaregåande opplæring etter rekkefølgja i denne føresegna.

Fylkeskommunen skal først ta inn søklarar som oppfyller vilkåra for inntak etter fortrinnsrett etter kapitlet her. Innhaldet i fortrinnsretten er regulert i føresegnene nedanfor. Søklarar med fortrinnsrett skal takast inn etter denne rekkjefølgja. Søklarar som har

- a) rett til eit særskild utdanningsprogram, jf. § 6-15 og § 6-16
- b) rett til spesialundervisning, og som har sterkt nedsett funksjonsevne og behov for omfattande tilrettelegging, jf. § 6-17
- c) rett til opplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9, og som ønskjer opplæring med tolk på ein ordinær vidaregåande skole, jf. § 6-18
- d) vedtak om utvida tid på Vg1, jf. § 6-19.

Etter at søklarar med fortrinnsrett er tekne inn, skal søklarar som konkurrerer etter poeng, jf. § 6-20 og § 6-21, takast inn. Fylkeskommunen må i tillegg sikre at andre søklarar med rett til vidaregåande opplæring blir tekne inn, og at deira rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 blir oppfylt. For å sikre dette må fylkeskommunen behandle individuelt dei søkjarane som

- a) har rett til spesialundervisning, og som manglar vurdering med karakter i halvparten av faga, jf. § 6-22
- b) har hatt rett til særskild språkopplæring i grunnskolen etter opplæringslova § 2-8, og som manglar vurdering med karakter i minst halvparten av faga, jf. § 6-23
- c) har vitnemål med ikkje samanliknbart tal- eller bokstavgrunnlag, eller som har realkompetansevurdering i meir enn halvparten av grunnskolefaga, jf. § 6-24
- d) av særlege grunnar må behandlast individuelt, jf. § 6-25
- e) manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga, jf. § 6-26
- f) ønskjer å vere deltidselev, jf. § 6-27.

Vaksne med rett til vidaregåande opplæring skal normalt takast inn til eit tilbod som er organisert særskilt for dei, jf. opplæringslova § 4A-3 og denne forskrifta § 6-45 til § 6-47. Vaksne kan søkje om inntak til eit tilbod etter opplæringslova § 3-1, men skal da takast inn etter ungdom, jf. § 6-49.

Inntak til Vg1 for søkjarar med fortrinnsrett

§ 6-15. Fortrinnsrett til eit særskilt utdanningsprogram

Søkjarar som har rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, har rett til inntak til eit særskilt utdanningsprogram på Vg1 når vilkåra her er oppfylte. Desse søkjarane skal ha fortrinn ved deling av plassar.

For å ha eit fortrinn etter føresegna her må søkjaren ha rett til spesialundervisning og ha eit særleg behov for inntak til eit bestemt utdanningsprogram. Søkjaren må ha eit omfattande behov for spesialundervisning på grunn av vanskane som ligg til grunn for søknaden. I vurderinga av om søkjaren har eit særleg behov for inntak til eit særskilt utdanningsprogram, må det godtgjerast at vanskane til søkjaren gjer at val av utdanningsprogram har svært mykje å seie for moglegheita søkjaren har til å fullføre vidaregåande opplæring med yrkes- eller studiekompetanse. Om søkjaren sannsynlegvis kan fullføre tre utdanningsprogram, har han eller ho ikkje eit særleg behov for inntak etter føresegna her.

Sakkunnig instans er den pedagogisk-psykologiske tenesta i fylkeskommunen, jf. opplæringslova § 5-6. Det må liggje føre ei sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta som tilrår eit bestemt utdanningsprogram, jf. § 6-16.

Kommunen må etter samtykke frå søkjaren innan 1. oktober melde søkjaren til fylkeskommunen for ei sakkunnig vurdering etter § 6-16 frå den pedagogisk-psykologiske tenesta til fylkeskommunen. Kommunen må i meldinga leggje ved siste enkeltvedtak om spesialundervisning med sakkunnig vurdering og gjere greie for

- a) vanskane som ligg til grunn for enkeltvedtaket om spesialundervisning, og kvifor dei meiner søkjaren oppfyller vilkåra for inntak til eit særskilt utdanningsprogram
- b) tidlegare tiltak
- c) kva vanskane vil ha å seie for vidaregåande opplæring.

Søkjaren må ha valt utdanningsprogram på grunnlag av og i samsvar med den sakkunnige vurderinga. Om søkjaren ikkje har valt i samsvar med den sakkunnige vurderinga, skal han eller ho ikkje takast inn etter føresegna her.

Fylkeskommunen gjer vedtak om inntak til eit særskilt utdanningsprogram. Fylkeskommunen kan avvike frå den sakkunnige vurderinga, men vedtaket må da grunnigvast særleg.

§ 6-16. Krav til den sakkunnige vurderinga

Før fylkeskommunen gjer vedtak om inntak til eit særskilt utdanningsprogram etter § 6-15, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til søkjaren. Den sakkunnige vurderinga skal gjere greie for og ta standpunkt til følgjande:

- a) Vanskane som ligg til grunn for søknaden, tidlegare tiltak og kva vanskane vil ha å seie for opplæringa i vidaregåande opplæring, jf. § 6-15 andre ledd.
- b) Om søkjaren har eit særleg behov for å bli teken inn på eit særskilt utdanningsprogram som ikkje kan sikrast ved at søkjaren blir teken inn til eit av tre valde utdanningsprogram.
- c) Om det er sannsynleg at søkjaren ut frå sine føresetnader har større moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring med yrkes- eller studiekompetanse, dersom han eller ho blir teken inn til det særskilde utdanningsprogrammet enn til andre utdanningsprogram.
- d) Om og eventuelt i kva grad søkjaren har føresetnader og moglegheit for å fullføre andre utdanningsprogram enn det utdanningsprogrammet som han eller ho har ført opp som sitt primære val med yrkes- eller studiekompetanse.

- e) Det behovet søkjaren har for særskild tilrettelegging i vidaregåande opplæring dersom han eller ho blir teken inn til det særskilde utdanningsprogrammet, samanlikna med andre utdanningsprogram.

§ 6-17. Fortrinnsrett for søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne

Søkjarar med rett til spesialundervisning og som har sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne, kan søkje om inntak til Vg1 etter føresegna her. Søkjaren må på grunn av den nedsette funksjonsevna ha eit særleg behov for å bli teken inn på ein skole som er særskilt tilrettelagd, og det må liggje føre dokumentasjon som underbyggjer det særlege behovet til søkjaren.

Søkjaren har rett til eit av tre valde utdanningsprogram. Fylkeskommunen vurderer på individuelt grunnlag om det er tungtvegande grunnar for at søkjaren bør takast inn til ein bestemt skole. Søkjaren har ikkje rett til inntak til ein bestemt skole.

Om søkjaren har særleg behov for inntak til eit særskilt utdanningsprogram, skal søknaden behandlast etter § 6-15 og § 6-16 og ikkje etter føresegna her.

Kommunen skal innan 1. oktober kvart år, på bakgrunn av samtykke frå søkjaren, melde frå til fylkeskommunen om elevar på 10. årstrinn som har sterkt nedsett funksjonsevne, og som fullfører grunnskolen det aktuelle skoleåret.

§ 6-18. Fortrinnsrett for søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9

Søkjarar som har rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9, kan søkje om inntak til Vg1 med bruk av tolk i ein ordinær vidaregåande skole. Søkjaren kan òg søkje om inntak til ein knutepunktskole etter § 6-40 til § 6-43. Søkjaren må i søknaden opplyse om han eller ho prioriterer høgast inntak etter føresegna her eller inntak til ein knutepunktskole.

I samband med søknad om fortrinnsrett for søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9 og opplæring med tolk i ein ordinær vidaregåande skole, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering som mellom anna skal greie ut og ta standpunkt til

- a) det behovet søkjaren har for å få opplæring i og på teiknspråk
- b) om behovet til søkjaren blir sikra best gjennom opplæring i eit teiknspråkleg miljø eller gjennom opplæring på ein ordinær skole med tolk
- c) om søkjaren har tilleggs vanskar utover høyrselshemminga, slik at det kan vere behov for spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1.

Den sakkunnige vurderinga skal ikkje ta stilling til sjølve språkvalet til eleven. Det er eleven si eiga oppfatning av språkleg identitet som er avgjerande her. Sakkunnig instans er den pedagogisk-psykologiske tenesta i fylkeskommunen, jf. opplæringslova § 5-6.

Fylkeskommunen kan plassere eleven på ein skole som er tilrettelagd etter behova til eleven. Eleven har rett til inntak til eit av tre valde utdanningsprogram.

§ 6-19. Fortrinnsrett for søkjarar med vedtak om utvida tid

Elevar som har enkeltvedtak om utvida tid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd, og som treng fleire år på Vg1, skal takast inn til Vg1 på same utdanningsprogram etter ei individuell vurdering. Søkjaren skal takast inn før inntaket etter poeng.

Inntak etter poeng og individuell behandling**§ 6-20. Rangering av søkjarar**

Dersom det til eit utdanningsprogram på Vg1 melder seg fleire søkjarar enn talet på elevplassar som fylkeskommunen tilbyr denne gruppa, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av § 6-21. Søkjarar med høgare poengsum blir tekne inn framfor søkjarar med lågare poengsum.

Når fleire søkjarar står likt i konkurransen om den eller dei siste plassane, blir rekkjefølgja mellom dei avgjord ved loddtrekning.

§ 6-21. Utrekning av poeng

Ved utrekning av poengsum skal alle standpunktkarakterar og eksamenskarakterar i faga leggjast til grunn.

Ved omrekning til poeng i dei faga som skal leggjast til grunn, følgjer ein denne framgangsmåten:

- a) Kvar av talkarakterane frå grunnskolen får tilsvarande poengverdi og skal telje med sine respektive talverdiar. Samla poeng for karakterar blir eit utrekna gjennomsnitt (med to desimalar) multiplisert med 10.
- b) I valfag skal det reknast ut eit gjennomsnitt av dei standpunktkarakterane eleven har fått på ungdomstrinnet. Gjennomsnittskarakteren skal førast med to desimalar.
- c) I fag der det er fastsett i læreplanen for faget at sluttvurderingsuttrykket er «delteke» eller «bestått» eller at læreplanen ikkje inneheld vurderingsuttrykk, skal ikkje faget reknast med i poenga til søkjaren.
- d) Dersom eleven er friteken frå opplæring etter § 1-11 eller § 1-12, eller er friteken frå vurdering med karakter etter § 3-20 til § 3-24, skal sluttvurderinga som søkjaren er friteken frå, ikkje reknast med i poenga til søkjaren.
- e) For søkjarar som har «Ikkje vurderingsgrunnlag» (IV) eller «Ikkje møtt til eksamen» (IM) som sluttvurdering i fag eller eksamen, skal dette vere med i utrekninga som nullverdi.

For søkjarar som har vitnemål frå grunnskoleopplæring for vaksne etter § 4-33, skal poeng reknast ut etter første ledd og andre ledd bokstav a. For vaksne som er fritekne frå opplæring etter § 1-11 eller § 1-12, eller fritekne frå vurdering med karakter etter § 4-14, § 4-15 eller § 4-17, skal sluttvurderinga som den vaksne er friteken frå, ikkje reknast med i poengutrekninga. Om søkjaren har fått godkjent eit eller fleire fag gjennom ei realkompetansevurdering, skal ikkje dette reknast med i poenga til søkjaren. Om søkjaren er realkompetansevurdert i meir enn halvparten av faga, skal han eller ho takast inn til Vg1 etter § 6-24.

§ 6-22. Søkjarar som har rett til spesialundervisning, og som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga⁹⁶

For søkjarar med rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, og som manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng. Inntaket skjer da på individuelt grunnlag ut frå ei vurdering etter skjønn.

Fylkeskommunen må sikre at søkjaren sin rett til å bli teken inn til eit av tre valde utdanningsprogram blir oppfylt, jf. opplæringslova § 3-1.

⁹⁶ Endra ved forskrift 1. juli 2009 nr. 964 (i kraft 1 aug 2009)

§ 6-23. Søkjarar som har rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, og som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga⁹⁷

For søkjarar som har hatt enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 i grunnskolen, og som manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng. Inntaket skjer då på individuelt grunnlag ut frå ei vurdering etter skjønn.

Fylkeskommunen må sikre at søkjaren sin rett til å bli teken inn til eit av tre valde utdanningsprogram blir oppfylt, jf. opplæringslova § 3-1.

§ 6-24. Søkjarar utan talkarakterar eller utan samanliknbart karaktergrunnlag

For søkjarar som har gått på godkjende 10-årige grunnskolar, og som har vitnemål utan bokstav- eller talkarakterar, må ein på grunnlag av fråsegn frå desse grunnskolane rangere søkjarane etter moglege føresetnader for vidaregåande opplæring.

For andre søkjarar som ikkje har samanliknbart karaktergrunnlag slik at dei kan bli vurderte etter § 6-20 og § 6-21, skal søknaden vurderast individuelt. Fylkeskommunen må sikre at søkjaren sin rett til eit av tre valde utdanningsprogram blir oppfylt.

Dette gjeld òg søkjarar som gjennom ei realkompetansevurdering har fått godkjent meir enn halvparten av faga som krevst for vitnemål etter § 4-33.

§ 6-25. Søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt

Fylkeskommunen kan òg i særskilde tilfelle behandle søknaden frå andre søkjarar individuelt. Vilkåret er at det må liggje føre tungtvegande grunnar, og at søkjaren må ha eit særleg behov for dette.

Fylkeskommunen må sikre at søkjaren sin rett til å bli teken inn til eit av tre valde utdanningsprogram blir oppfylt, jf. opplæringslova § 3-1.

§ 6-26. Søkjarar utan vurdering med karakter i halvparten av faga⁹⁸

For søkjarar som har fullført grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 2-1, men som ikkje har vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng. Inntaket skjer då på individuelt grunnlag ut frå ei vurdering etter skjønn. Søkjaren må ikkje oppfylle vilkåra for å bli teken inn etter § 6-22 til § 6-25.

Fylkeskommunen må sikre at søkjaren sin rett til å bli teken inn til eit av tre valde utdanningsprogram blir oppfylt, jf. opplæringslova § 3-1.

§ 6-27. Deltidselevar til Vg1

Etter at fulltidselevar er tekne inn til vidaregåande opplæring, kan fylkeskommunen ta inn deltidselevar. Eleven blir ikkje teken inn til fag der han eller ho allereie har ei sluttvurdering med karakteren 2 eller betre. Den eleven som ønskjer å ta opp fag som han eller ho allereie har karakteren 2 eller betre i, må melde seg til eksamen som privatist, jf. § 3-27.

III. Inntak til Vg2 og Vg3

§ 6-28. Vilkår for inntak til Vg2 og Vg3

Vilkåra for inntak til Vg2 er at søkjaren har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket for utdanningsprogrammet på Vg1, også dei faga der det ikkje skal setjast ein

⁹⁷ Endra ved forskrift 1 juli 2009 nr. 964 (i kraft 1 aug 2009), 4. november 2016 nr. 1284.

⁹⁸ Endret ved forskrift 01.07.2009 nr. 964 (i kraft 01.08.2009)

standpunkt karakter. Vilråa for inntak til Vg3 er at søkjaren har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket for programområdet på Vg2 og utdanningsprogrammet til Vg1, også dei faga der det ikkje skal setjast ein standpunkt karakter.

Søklarar som ikkje har oppfylt vilråa i første ledd, men som oppfyller vilråa for inntak til neste nivå etter § 6-35 til § 6-38, skal òg takast inn som fulltidselev til eit programområde på Vg2 eller Vg3 som bygger på utdanningsprogrammet på Vg1 og eventuelt programområdet på Vg2.

Føresegna gjeld òg søklarar med dokumentasjon frå bestått relevant grunnkurs eller vidaregåande kurs I frå Reform 94 eller tidlegare, jf. overgangsordningane i kapittel 24.

§ 6-29. Rekkjefølgje ved inntak til Vg2 og Vg3

Søklarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 3-1, har rett til inntak på eit programområde på Vg2 innanfor det utdanningsprogrammet på Vg1 som søkjaren har gjennomgått. Ved inntak til Vg3 har søkjaren rett til inntak på eit programområde som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomgått.

Til Vg2 eller Vg3 skal fylkeskommunen ta inn søklarane i denne rekkjefølgja:

- a) søklarar med fortrinnsrett etter § 6-30
- b) søklarar med fortrinnsrett etter § 6-31
- c) søklarar med fortrinnsrett etter § 6-32
- d) søklarar som konkurrerer på grunnlag av poeng etter § 6-33 og § 6-34, og søklarar som skal behandlast individuelt, jf. § 6-35 til § 6-38
- e) deltidselevar, jf. § 6-39.

Vaksne med rett til vidaregåande opplæring skal normalt takast inn til eit tilbod som er særskilt organisert for dei, jf. opplæringslova § 4A-3 og denne forskrifta § 6-45 til § 6-49. Vaksne som er tekne inn til eit tilbod på Vg1 eller Vg2 etter opplæringslova § 3-1, har rett til å fullføre opplæringa i eit tilbod etter § 3-1. Dei skal takast inn etter søklarar med ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1.

Søklarar som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 og § 4A-3, skal takast inn etter søklarar med rett.

Inntak til Vg2 og Vg3 for søklarar med fortrinnsrett

§ 6-30. Fortrinnsrett for søklarar med sterkt nedsett funksjonsevne

Søklarar med rett til spesialundervisning og som har sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne, kan søkje om inntak til Vg2 eller Vg3 etter føresegna her. Dette gjeld både for søklarar som vart tekne inn til føregåande trinn på grunnlag av fortrinnsrett etter § 6-17 eller føresegna her. Søkjaren må på grunn av den nedsette funksjonsevna ha eit særleg behov for å bli teken inn på ein skole som er særskilt tilrettelagd, og det må liggje føre dokumentasjon som underbyggjer det særlege behovet til søkjaren.

Søklarar som oppfyller vilråa, blir tekne inn til eit programområde som på Vg2 byggjer på utdanningsprogrammet på Vg1, og til Vg3 til eit programområde som byggjer vidare på programområdet på Vg2. Fylkeskommunen vurderer på individuelt grunnlag om det er tungtvegande grunnar for at søkjaren bør takast inn til ein bestemt skole. Søklarar som vart tekne inn til Vg1 med fortrinnsrett etter § 6-17 har rett til å fortsetje på same skole. Søklarar som ikkje tidlegare har nytta fortrinnsretten på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne har ikkje rett til inntak til ein bestemt skole.

§ 6-31. Fortrinnsrett for søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9 og som ønskjer opplæring med tolk på ein ordinær vidaregåande skole

Søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter § 3-9 som til Vg1 blir tekne inn til ordinær vidaregåande opplæring med tolk eller til ein knutepunktskole etter § 6-40, kan søkje om inntak etter føresegna her. Fylkeskommunen kan plassere eleven på ein skole som er tilrettelagd.

Når det skal avgjerast om søkjaren skal takast inn til Vg2 eller Vg3, må søkjaren anten ha bestått alle faga i samsvar med § 6-28, eller så må fylkeskommunen etter ei heilskapleg vurdering komme til at det er forsvarleg ut frå søkjaren sine faglege føresetnader med inntak til neste trinn, jf. § 6-37.

Søkjarar som oppfyller vilkåra, blir tekne inn til eit programområde som på Vg2 byggjer på utdanningsprogrammet på Vg1, og til Vg3 til eit programområde som byggjer vidare på programområdet på Vg2.

§ 6-32. Fortrinnsrett for søkjarar med vedtak om utvida tid

Søkjarar som har vedtak om utvida tid etter opplæringslova § 3-1 femte ledd, skal takast inn til Vg2 eller Vg3 etter ei individuell vurdering før inntak etter poeng.

Når det skal avgjerast om søkjaren skal takast inn til Vg2 eller Vg3, må søkjaren anten ha bestått alle faga i samsvar med § 6-28, eller fylkeskommunen må etter ei heilskapleg vurdering komme til at det er forsvarleg ut frå søkjaren sine faglege føresetnader med inntak til neste nivå, jf. § 6-37. Søkjarar med vedtak om utvida tid som treng fleire år på same trinn har òg fortrinnsrett etter denne føresegna.

Søkjarar som oppfyller vilkåra, blir tekne inn til eit programområde på Vg2 som byggjer på utdanningsprogrammet på Vg1, og til Vg3 på eit programområde som byggjer vidare på programområdet på Vg2.

Inntak etter poeng og individuell behandling

§ 6-33 Rangering av søkjarar

Dersom det til eit vidaregåande trinn melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar i tilbodet frå fylkeskommunen, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av § 6-34. Søkjarar med høgare poengsum blir tekne inn framfor søkjarar med lågare poengsum.

Om det står fleire søkjarar likt i konkurransen om den eller dei siste plassane, blir rekkjefølgja mellom dei avgjord ved loddtrekning.

§ 6-34. Utrekning av poeng

Ved utrekning av poeng skal alle standpunktarakterane, eksamenskarakterane og halvårsvurdering med karakter i faga på Vg1 og eventuelt Vg2 leggjast til grunn.

Ved omrekning til poeng i faga som ligg til grunn, følgjer ein denne framgangsmåten:

- a) Kvar av talkarakterane får tilsvarande poengverdi og skal telje med sine respektive talverdiar. Samla poeng for karakterane blir eit utrekna gjennomsnitt (med to desimalar) multiplisert med 10.
- b) I fag der det er fastsett i læreplanen for faget at sluttvurderingsuttrykket er «delteke» eller «bestått», skal faget ikkje reknast med i poenga til søkjaren.
- c) Dersom eleven er friteken frå opplæring etter § 1-11 eller § 1-12, eller er friteken frå vurdering med karakter etter § 3-21, § 3-22 og § 3-23, skal sluttvurderinga som søkjaren er friteken frå, ikkje reknast med i poenga til søkjaren.
- d) For søkjarar som har fått «Ikkje vurderingsgrunnlag» (IV) som sluttvurdering eller halvårsvurdering med karakter eller «Ikkje møtt til eksamen» (IM), skal dette vere med i utrekninga som nullverdi.

- e) Dersom søkjaren har teke fag som privatist, skal det beste utvalet av karakterar leggjast til grunn.
- f) For søkjarar som har gått fleire forskjellige utdanningsprogram på Vg1 eller programområde på Vg2, som alle dannar grunnlag for inntak på det vidaregåande trinnet, skal det beste utvalet av karakterar leggjast til grunn.

§ 6-35. Søkjarar med enkeltvedtak om spesialundervisning eller planlagd grunnkompetanse

Søkjarar som har enkeltvedtak om spesialundervisning, og som på grunn av innhaldet i vedtaket ikkje har vurdering med karakter i fleire fag frå Vg1 eller Vg2, kan takast inn til neste nivå på grunnlag av ei individuell vurdering. Når det skal avgjerast om søkjaren skal takast inn til Vg2 eller Vg3, må fylkeskommunen gjere ei heilskapleg vurdering av om dette er forsvarleg ut frå søkjaren sine faglege føresetnader. I vurderinga skal det leggjast vekt på ei sakkunnig vurdering og søkjaren si prioritering.

Søkjaren skal takast inn til eit programområde på Vg2 og Vg3 som byggjer på det Vg1 eller Vg2 søkjaren har gjennomgått. Om det ikkje er forsvarleg å ta søkjaren inn til Vg2, skal søkjaren eventuelt takast inn til Vg1. Om det ikkje er forsvarleg å ta inn søkjaren til Vg3, skal det vurderast om søkjaren skal takast inn til Vg2 neste skoleår.

Denne føresegna gjeld òg for søkjarar som følgjer eit planlagt løp mot grunnkompetanse etter opplæringslova § 3-3 første ledd.

§ 6-36. Søkjarar utan talkarakterar eller utan samanliknbart karaktergrunnlag

For søkjarar som har gjennomført Vg1 eller Vg2, og som har dokumentasjon utan bokstav- eller talkarakterar eller utan samanliknbart karaktergrunnlag, må ein på grunnlag av fråsegn frå desse vidaregåande skolane rangere søkjarane. Søkjarar som ikkje har samanliknbart karaktergrunnlag slik at dei kan bli vurderte etter § 6-33 til § 6-34, skal vurderast individuelt.

§ 6-37. Inntak på individuelt grunnlag som fulltidselev for søkjarar som ikkje har bestått i alle fag

Søkjarar som ikkje oppfyller vilkåra for inntak til Vg2 eller Vg3 etter § 6-28 første ledd, fordi han eller ho ikkje har bestått eit eller fleire fag, kan likevel takast inn som fulltidselev til neste nivå om fylkeskommunen etter ei heilskapleg vurdering finn at det er forsvarleg. Fylkeskommunen må vurdere om det, gjennom den heilskaplege vurderinga, er dokumentert at søkjaren har den kompetansen som etter læreplanverket er nødvendig for å følgje opplæringa på neste nivå. I vurderinga av om det er forsvarleg skal det vurderast om søkjaren samla sett har faglege føresetnader til å følgje opplæringa på dette nivået.

Søkjarar som ikkje oppfyller vilkåra for å bli tekne inn etter føresegnene her, kan søkje om inntak som deltidselev etter § 6-39.

§ 6-38. Søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt

Fylkeskommunen kan også i særskilde tilfelle behandle søknaden frå andre søkjarar individuelt. Vilkalet er at det må liggje føre tungtvegande grunnar, og at søkjaren må ha eit særleg behov for dette.

Fylkeskommunen må sikre at søkjaren blir teken inn på eit programområde på Vg2 og Vg3 som byggjer på det Vg1 eller Vg2 han eller ho har fullført, jf. opplæringslova § 3-1.

§ 6-39. Deltidselevar til Vg2 eller Vg3

Ein søkjar som ikkje fyller vilkåra i § 6-28 eller § 6-37 for å bli teken inn som fulltidselev, kan i særskilde tilfelle likevel takast inn som deltidselev. Fylkeskommune fastset korleis inntaket skjer.

Fylkeskommunen kan mellom anna ta inn som deltidselev ein søkjar som

- a) manglar bestått karakter i eit eller fleire fag frå Vg1 eller Vg2, og som det etter ei heilskapleg vurdering etter § 6-37 ikkje er forsvarleg å flytte opp til neste nivå, i dei faga han eller ho har bestått på det lågare nivået,
- b) manglar fag for å ha full fagkrins i eit utdanningsprogram på Vg1 eller eit programområde på Vg2 eller Vg3, dersom han eller ho har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1,
- c) har rett til vidaregåande opplæring, men manglar fag for å oppnå generell studiekompetanse eller yrkeskompetanse.

IV. Inntak til knutepunktskolar for teiknspråklege søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9

§ 6-40. Vilkår for inntak til knutepunktskolar⁹⁹

Søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9 kan søkje om inntak til eit teiknspråkleg miljø på ein knutepunktskole etter føresegnene her, eller om opplæring med tolk på ein ordinær vidaregåande skole etter § 6-18. Knutepunktskolar er ordinære fylkeskommunale vidaregåande skolar som har tilrettelagde opplæringstilbod for døve og sterkt tunghøyrde elevar.

Søkjaren må føre opp i søknaden om han eller ho ønskjer vidaregåande opplæring på ein knutepunktskole eller på ein ordinær vidaregåande skole med tolk. Søkjaren må i søknaden opplyse om han eller ho prioriterer høgast inntak etter føresegna her eller inntak til ein knutepunktskole. Ved søknaden skal det liggje ei sakkunnig vurdering av behova til søkjaren i samsvar med § 6-41. Søkjaren må ha valt i samsvar med den sakkunnige vurderinga.

Søkjarar etter denne føresegna har rett til eit av tre valde utdanningsprogram etter opplæringslova § 3-1. Søkjarar som ønskjer opplæring på ein knutepunktskole, kan ikkje føre opp andre utdanningsprogram/programområde i søknaden enn dei tilboda som knutepunktskolane gir, eller dei tilboda som desse skolane gir i samarbeid med andre vidaregåande skolar.

§ 6-41. Sakkunnig vurdering

I samband med inntak til ein knutepunktskole etter opplæringslova § 3-9 eller opplæring med tolk på ein ordinære vidaregåande skole skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering som mellom anna skal greie ut og ta standpunkt til

- a) behovet som søkjaren har for å få opplæring i og på teiknspråk
- b) om behovet til søkjaren blir best sikra gjennom opplæring i eit teiknspråkleg miljø eller gjennom opplæring på ein ordinær skole med tolk
- c) om søkjaren har tilleggs vanskar utover høyrselshemminga, slik at det kan vere behov for spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1.

Den sakkunnige vurderinga skal ikkje ta stilling til sjølve språkvalet til eleven. Det er eleven si eiga oppfatning av språkleg identitet som er avgjerande her.

Sakkunnig instans er den pedagogisk-psykologiske tenesta i fylkeskommunen, jf. opplæringslova § 5-6.

⁹⁹ Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

§ 6-42 Saksbehandling

Fylkeskommunen der søkjaren er folkeregistert, har ansvaret for at rettane etter opplæringslova § 3-9 blir oppfylte.

Søkjaren sender inn søknad i samsvar med § 6-8 og § 6-9.

Fylkeskommunen der søkjaren er folkeregistrert, sender søknaden om inntak til knutepunktskole vidare til den fylkeskommunen som eig knutepunktskolen som søkjaren har søkt om inntak til, om vilkåra i § 6-40 er oppfylte. Søknadsfristen for fylkeskommunen er 15. mars.

Fylkeskommunen der knutepunktskolen ligg, avgjer om søkjaren skal få plass, og sender tilbagemelding til søkjaren sin heimfylkeskommune. Fylkeskommunen der søkjaren er folkeregistert, gjer endeleg vedtak om opplæring etter opplæringslova § 3-9. Dersom søkjaren får avslag på søknaden om inntak til ein knutepunktskole, skal det snarast mogleg sendast melding til søkjaren sin heimfylkeskommune, som i samråd med skolane må finne eit anna tilbod om opplæring i eit teiknspråkleg miljø.

§ 6-43 Inntaksrekkefølge til knutepunktskolar

Dersom det til eit utdanningsprogram/programområde ved ein knutepunktskole er fleire søkjarar enn elevplassar, skal fylkeskommunen der knutepunktskolen ligg, fordele plassane i denne prioriterte rekkefølgja:

- a) søkjarar frå eige fylke med rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1
- b) søkjarar frå eige fylke utan rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1
- c) søkjarar frå resten av landet med rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1
- d) søkjarar frå resten av landet utan rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1.

Innanfor kvar av gruppene i første ledd skal plassane fordelast på grunnlag av føresegnene om inntaksrekkefølge etter § 6-14 til § 6-28 for Vg1 og § 6-29 til § 6-39 for Vg2 og Vg3.

Skolane må reservere plassar for søkjarar som ikkje har vurdering med karakterar. Desse søkjarane skal takast inn på grunnlag av ei individuell vurdering. Det skal gjerast ei heilskapsvurdering som òg legg vekt på den sakkunnige vurderinga og prioriteringa til søkjaren.

Eleven skal normalt ha rett til å fullføre opplæringsløpet ved den skolen han eller ho først er teken inn til.

V. Inntak til nokre statlege vidaregåande skolar

§ 6-44 Særskilt om inntak til nokre statlege vidaregåande skolar

Føresegnene i dette kapitlet gjeld inntak til desse statlege vidaregåande skolane så langt dei høver:

- a) Samisk vidaregåande skole, Karasjok, Sami joatkkaskuvla, Karasjogas
- b) Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole, Kautokeino, Sami joatkkaskuvla ja boazodoalloskuvla, Guovdageaidnu
- c) Statens skolar med utdanningsprogram for naturbruk.

Søkjarar frå heile landet stiller likt ved inntak til dei skolane som er nemnde i denne paragrafen.

Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er plassar i dei vidaregåande statsskolane i Karasjok og Kautokeino, har samisk ungdom førerrett. Søkjarar som berre kan få oppfylt fagønska i dei vidaregåande statsskolane i Karasjok og Kautokeino, går elles framfor søkjarar som kan få oppfylt ønska sine ved ein annan skole.

Inntak til dei samiske vidaregåande skolane som er nemnde i denne paragrafen, skal gjerast av inntaksnemnda i Finnmark fylke.

Kapitlet 6 gjeld, så langt det høver, for inntak til statlege vidaregåande skolar.

VI. Inntak av vaksne med og utan rett til vidaregåande opplæring

§ 6-45 Inntak av vaksne med rett til vidaregåande opplæring

Søkjarar som har fullført grunnskoleopplæring eller tilsvarande, jf. § 6-13, og som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har frå og med det året dei fyller år 25 år, rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3.

Vaksne søkerar skal primært takast inn til opplæringstilbod som er organiserte for vaksne etter opplæringslova § 4A-3. Opplæringstilbodet skal vere tilpassa behovet til den vaksne.

Den vaksne skal i søknaden føre opp den ønskete sluttkompetansen. Vaksne søkerar med rett til vidaregåande opplæring etter § 4A-3 skal til vanleg få tilbod om opplæring i samsvar med den sluttkompetansen dei ønskjer. I vurderinga skal det leggjast vekt på dei moglegheitene den enkelte har til å oppnå yrkes- eller studiekompetanse.

Vaksne med rett til vidaregåande opplæring skal få tilbod om realkompetansevurdering, jf. § 6-46.

§ 6-46 Realkompetansevurdering av vaksne med rett til vidaregåande opplæring ved inntak

Fylkeskommunen har plikt til å sørge for at vaksne søkerar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3 skal få kartlagt og vurdert realkompetansen sin, dersom dei ønskjer det. Resultatet av realkompetansevurderinga dannar grunnlag for opplæringstilbodet til den vaksne.

I realkompetansevurderinga skal fylkeskommunen vurdere om den formelle, uformelle og ikkje-formelle kompetansen til søkeren kan godkjennast som likeverdige med den kompetansen som blir oppnådd gjennom vidaregåande opplæring, jf. § 4-13. Den vaksne kan få godkjent heile eller delar av fag eller opplæringsår. Realkompetansevurdering skal gjennomførast på norsk eller samisk.

Opplæringa som den enkelte får tilbod om, skal tilpassast resultatet av realkompetansevurderinga. Den vaksne skal ikkje få tilbod om opplæring i heile fag som han eller ho har fått godkjent gjennom realkompetansevurderinga.

Realkompetansevurderinga er eit enkeltvedtak som det kan klagast på til fylkesmannen, jf. § 5-1. I enkeltvedtaket skal følgjande gå klart fram:

- a) Kva den vaksne har fått godkjent.
- b) Rettsreglane som gjeld.
- c) Kva for opplysningar som er lagde til grunn i saka.
- d) Dei hovudomsyna som er vektlagde i skjønnsutøvinga ved vurderinga av realkompetansen til den vaksne, jf. forvaltingslova § 25.

§ 6-47 Krav til saksbehandling for vaksne med rett til vidaregåande opplæring

Vaksne kan søkje om inntak til vidaregåande opplæring uavhengig av fristane i § 6-8. Fylkeskommunen kan ikkje ha ventelister og skal gi eit tilbod innan rimeleg tid.

Fylkeskommunen skal gjere eit vedtak om inntak. I enkeltvedtaket skal fylkeskommunen ta stilling til følgjande:

- a) Om den vaksne har rett til vidaregåande opplæring etter § 4A-3.
- b) Kva sluttkompetanse den vaksne får tilbod om, mellom anna kva programområde på Vg3 søkeren kan takast inn til.
- c) Resultatet av realkompetansevurderinga.
- d) Opplæringstilbodet som den vaksne får.

Om fylkeskommunen gir den vaksne tilbud om ein annan sluttkompetanse enn den søkjaren ønskjer, må dette grunnigvast i vedtaket.

Den vaksne har rett til å få avklart om han eller ho har rett til vidaregåande opplæring, å få vurdert realkompetansen sin og å få eit enkeltvedtak om vidaregåande opplæring innan rimeleg tid.

§ 6-48 Inntak av vaksne utan rett

Vaksne som har fullført grunnskoleopplæring eller tilsvarande, men som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4-A3, kan søkje om inntak til vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen fastsett i enkeltvedtak om søkjaren skal takast inn til vidaregåande opplæring. Dersom søkjaren takast inn skal opplæringstilbodet fastsetjast i enkeltvedtaket.

Vaksne utan rett som er tekne inn til vidaregåande opplæring, har rett til å fullføre opplæringa dei er tekne inn til, jf. opplæringslova § 4A-3 andre ledd. Vaksne utan rett som er tekne inn til eit opplæringstilbod som er særskilt organisert for vaksne etter opplæringslova kapittel 4A, har etter inntaket dei same rettane som andre vaksne. Opplæringa skal vere gratis.

Vaksne utan rett må sjølve betale for realkompetansevurderinga, med mindre det blir dekt av andre etter opplæringslova § 4A-3 femte ledd. § 6-46 andre og fjerde ledd gjeld og for realkompetansevurdering av vaksne utan rett til vidaregåande opplæring.

§ 6-49 Inntaksrekkefølge

Rangeringa av vaksne søkjarar når det er knapt om plassar:

- a) Vaksne søkjarar med rett til vidaregåande opplæring.
- b) Vaksne søkjarar utan rett som har fullført, men ikkje bestått vidaregåande opplæring.
- c) Vaksne søkjarar utan rett som har studie- eller yrkeskompetanse.

Vaksne kan søkje om inntak til ordinær vidaregåande opplæring. Vaksne søkjarar skal da prioriterast etter ungdom med rett etter opplæringslova § 3-1.

Kapittel 6A. Formidling til læreplass

§ 6A-1 Verkeområde og vilkår for formidling til læreplass som lærling eller lærekandidat

Dette kapitlet regulerer formidling til læreplass som lærling og lærekandidat for opplæring i bedrift etter opplæringslova kapittel 4.

Han eller ho som blir formidla, skal bli tatt inn til vidaregåande opplæring på det aktuelle trinnet i samsvar med kapittel 6. Enkeltvedtaket om inntak skal fastsetje kva for utdanningsprogram og programområde søkjaren er teken inn til.

Søkjarar til læreplass som lærling må oppfylle vilkåra for inntak til neste trinn for å kunne bli formidla til opplæring i bedrift på neste trinn. Dette inneber mellom anna at søkjaren må ha bestått faga innanfor programområdet på Vg2, jf. § 6-28, for å kunne formidlast på Vg3, eller ha faglege føresetnader for å følgje opplæringsåret på neste nivå, jf. § 6-37.

Søkjarar til læreplass som lærekandidat må ha bestått sitt individuelle opplæringsløp mot planlagd grunnkompetanse for å kunne bli formidla til opplæring i bedrift på neste trinn. Søkjarar som har gjennomført, men ikkje bestått faga innanfor utdanningsprogrammet på Vg1 og programområdet på Vg2, kan òg søkje formidling som lærekandidat.

§ 6A-2 Lokal forskrift om formidling

Fylkeskommunen skal fastsetje lokal forskrift om formidling. Den lokale forskrifta om inntak og den lokale forskrifta om formidling kan vere den same forskrifta.

§ 6A-3 Informasjonsplikt

Fylkeskommunen må sørge for nødvendig informasjon til bedrifter, og til elevar og deltakar på yrkesfaglege utdanningsprogram om dei reglane som skal nyttast ved formidling av lærlingar og lære kandidatatar.

§ 6A-4 Søknadsfrist

Fristen for å søkje om formidling til lære plass er

- a) 1. februar for lære kandidatatar,
- b) 1. mars for lærlingar.

Når ein frist går ut på ein laurdag eller søndag, må søknaden vere send den nærmast etterfølgjande yrkesdagen.

For seint innkomne søknader skal det takast omsyn til så langt råd er, eventuelt behandle dei som ein søknad om inntak og formidling det etterfølgjande skoleåret. Søkjaren skal få melding om at søknaden kom inn for seint, og om konsekvensane av det. Den lokale forskrifta skal regulere behandlinga av søknader som kjem inn etter søknadsfristen. Fylkeskommunen må sikre at det ikkje skjer usakleg forskjellsbehandling.

Søknadsfristen skal kunngjerast minst fire veker på førehand. Kunngjeringa skal nemne dei opplysningane og dokumenta som skal følgje søknaden, og korleis søknaden skal sendast.

Formidling i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane som er nemnde overfor her.

§ 6A-5 Krav til søknad

Fylkeskommunen fastset søknadsskjema som søkjarar må nytte.

I søknaden må søkjaren opplyse om ho eller han ønskjer opplæring i bedrift som lærling eller lære kandidat.

Søkjarar skal som hovudregel sende søknaden til fylkeskommunen i det fylket han eller ho er folkeregistert på tidspunktet for søknaden. Dette gjeld også for han eller ho som søkjer om inntak til ein knutepunktskole i eit anna fylke.

Søkjarar som planlegg å flytte og kan dokumentere dette, sender søknaden til tilflyttingsfylket.

§ 6A-6 Formidling av lærlingar og lære kandidatatar

Ungdom og vaksne kan søkje om lære plass i eit lærefag som byggjer på utdanningsprogrammet eller programområdet, jf. opplæringsordninga som er fastsett for faget i læreplanverket. Elevar og vaksne som er tekne inn til utdanningsprogram som avvik frå hovudmodellen, søkjer om formidling til lære plass på det tidspunktet som følgjer av læreplanverket.

Fylkeskommunen pliktar å formidle søkjarane med ungdomsrett til lære bedrifter det er inngått avtaler om lære plass med. Lære bedrifta avgjer kven ho inngår lære kontrakt med. Fylkeskommunen kan tilby lære plass i eige fylket eller i eit anna fylke.

Bedrifta kan stille krav til lærlingen eller lære kandidataten på grunn av verksemda i bedrifta, mellom anna på grunn av produksjon, utstyr, kundebehandling og liknande. Krava skal ikkje vere diskriminerande.

Det skal teiknast lære kontrakt mellom lærlingen og bedrifta eller opplæringskontrakt mellom lære kandidataten og bedrifta, jf. opplæringslova § 4-5.

§ 6A-7 Avtale om anna organisering av opplæringa

Fylkeskommunen kan godkjenne lærekontraktar og opplæringskontraktar som inneheld ei anna organisering enn den opplæringsordninga som er fastsett for faget i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. opplæringslova § 3-3 fjerde ledd. Anna organisering kan vere at

- a) Lærebedrifta tek ansvar for ein større del av opplæringa i faget enn det som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet.
- b) Skolen i samarbeid med lærebedrifta tek ansvar for ein større del av opplæringa enn det som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet.
- c) Opplæringa i skole og bedrift skjer i ei anna rekkjefølgje enn det som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet.
- d) Opplæringa skal leie fram til både yrkeskompetanse og studiekompetanse.

Det skal gå fram av lærekontrakten og opplæringskontrakten kva opplæringsansvar bedrifta har for lærlingen eller lærekandidaten. Det skal vere samsvar mellom opplæringsansvaret og den tida bedrifta har ansvaret for lærlingen eller lærekandidaten.

Dersom opplæringa i skole og bedrift skal skje i ei anna rekkjefølgje enn det som følgjer av faget i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, skal organiseringa gå klart fram av kontrakten.

Lærlingar eller lærekandidatar som har teikna lærekontrakt eller opplæringskontrakt etter opplæringslova § 3-3 fjerde ledd, kan få godskrive eventuell tidlegare vidaregåande opplæring eller praksis etter § 11-8 til § 11-15.

§ 6A-8 Unntak frå opplæringsordninga for lærling eller lærekandidat med nedsett funksjonsevne

Fylkeskommunen kan samtykkje i at det blir fastsett unntak frå dei vanlege kontraktsvilkåra for personar som har avgrensa arbeidsevne på grunn av nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne. For lærlingar kan det ikkje fastsetjast unntak frå reglane i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Lærlingar eller lærekandidatar som har teikna lærekontrakt eller opplæringskontrakt etter reglane i første ledd, kan få godskrive eventuell tidlegare vidaregåande opplæring eller praksis etter § 11-8 flg.

§ 6A-9 Rett til Vg3 i skole

Søkjjarar som har lovfesta rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1, men ikkje får tilbod om læreplass, har rett til inntak i eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2, som søkjaren har gjennomført. Fylkeskommunen skal tilby søkjaren opplæring i skole dersom søkjaren ønskjer det, og dersom dei ikkje kan skaffe læreplass innan 1. september. Tilsvarande plikt til å tilby opplæring i skole gjeld der læreplanverket fastset eit anna opplæringsløp.

§ 6A-10 Formidling av vaksne

Fylkeskommunen kan òg formidle vaksne med rett til vidaregåande opplæring. Opplæringa i bedrift for vaksne blir da regulert av opplæringslova kapittel 4.

Vaksne som inngår lærekontrakt eller opplæringskontrakt som fastset ei anna opplæringsordning for faget enn den ordninga som følgjer av Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. § 6A-6, skal normalt få den delen av opplæringa som ikkje skjer i bedrift, som opplæring organisert for vaksne etter opplæringslova kapittel 4A.

Kapitel 7 Alternative opplæringsformer i samisk og finsk

(Opplæringslova § 2-7 andre ledd, § 6-2 femte leddog § 6-3 første ledd)

§ 7-1. Alternative opplæringsformer i samisk og finsk

Elevlar som har rett til opplæring i samisk og/eller finsk, har rett til alternativ form for slik opplæring når opplæringa ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale ved skolen. Alternative former for opplæring kan t.d. vere fjernundervisning, intensivundervisning eller særlege leirskoleopphald.

Alternative opplæringstilbod for elevlar i grunnskolen skal utarbeidast i samarbeid med foreldra.

Kapitel 8 Ulykkesforsikringer for elevlar¹⁰⁰

Heimel: Fastsett av Kunnskapsdepartementet 24. juni 2008 med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 13-3b og lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskott (privatskolelova) § 7-1b.

§ 8-1 Plikt til å sørge for ulykkesforsikring for elevlar¹⁰¹

Kommunen og fylkeskommunen pliktar å sørge for ulykkesforsikring for elevane. Plikta gjeld også lærlingar og lærekandidatar, men ikkje elevlar under opplæring spesielt organisert for vaksne etter opplæringslova kapittel 4A.

Ulykkesforsikringa skal minst ha det innhald og omfang som går fram av føresegnene i denne forskrifta.

§ 8-2 Krav til forsikringsordninga¹⁰²

Ulykkesforsikringa skal vere teikna i eit forsikringsselskap som har løyve etter forsikringslova.

§ 8-3 Kva forsikringa gjeld¹⁰³

Ved ulykkesskade skal forsikringa gi dekning for nødvendige utgifter til behandling og erstatning ved død eller varig medisinsk invaliditet, i den mon slike ytingar ikkje er dekte etter folketrygdlova eller yrkesskedeforsikringslova.

§ 8-4 Når og kvar forsikringa skal gjelde¹⁰⁴

Forsikringa skal gi eleven dekning for ulykkesskade som har hendt

- a. på opplæringsstaden i opplæringstida
- b. på veg mellom heim og opplæringsstad
- c. under praktisk yrkesopplæring og opplæring i arbeidslivet som er ledd i opplæringa, og på veg mellom heim og arbeidsplass
- d. under transport, skoleturar, idrettsdagar, leirskolar og liknande som skolen er ansvarleg for
- e. under Operasjon dagsverk og andre liknande elevaktivitetar, og mellom heim og den stad der aktiviteten skjer

Likestilt med heim i pkt. b, c og e er annan opphaldsplass.

For elevlar ved internatskolar gjeld forsikringa heile døgnet i den tid elevane held seg på skolen, men ikkje i feriar og liknande fråvær når elevane ikkje er under tilsyn av skolen. Forsikringa gjeld likevel på reiser mellom heim og skole i samanheng med slikt fråvær.

§ 8-5 Erstatning ved død eller ved varig medisinsk invaliditet¹⁰⁵

Ved varig medisinsk invaliditet som følgje av ulykkesskade skal det ytast ei erstatning tufta på ein forsikringssum på 5 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G). Full erstatning skal ytast når

¹⁰⁰ Tilføyd ved endringsforskrift - FOR-2008-06-24 nr. 0725 (opplæringslova § 13-3b). I kraft 01.07.2008

¹⁰¹ Tilføyd ved forskrift 24 juni 2008 nr. 0725, i kraft 1 juli 2008

¹⁰² Tilføyd ved forskrift 24 juni 2008 nr. 0725, i kraft 1 juli 2008

¹⁰³ Tilføyd ved forskrift 24 juni 2008 nr. 0725, i kraft 1 juli 2008

¹⁰⁴ Tilføyd ved forskrift 24 juni 2008 nr. 0725, i kraft 1 juli 2008

invaliditetsgraden er fastsett til 100 %. Ved lågare gradar av invaliditet skal erstatninga reduserast forholdsmessig.

Graden av invaliditet skal reknast ut etter invaliditetstabellar med tilhøyrande retningslinjer som Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for.

Ved dødsfall som følgje av ulykkesskade skal det ymast ei erstatning på 1 G.

§ 8-6 Tilbakebetaling av utgifter til behandling¹⁰⁶

Fører ulykkesskaden i løpet av dei to første åra etter at skaden hende til utgifter til behandling av skaden, skal forsikringa dekkje dokumenterte og nødvendige utgifter til

- lege og tannlege
- Ved tannskadar skal forsikringa likevel alltid erstatte utgifter til første permanente tannstell (bru, krone o.l.), sjølv om dette skjer seinare enn to år etter skaden, dersom behandlinga skjer seinast ti år etter utgangen av det året skaden skjedde.
- medisinsk behandling utført av ein som har rett til full tilbakebetaling frå folketrygda tilrådd av lege eller tannlege
- reise til og frå heim for nødvendig behandling med billegaste transportmiddel når det blir teke omsyn til tilstanden hos eleven.

Det krevst ikkje at forsikringa skal dekkje meirutgifter til privat behandling, forpleiing eller opptrening.

Den øvre grensa for dei samla tilbakebetalingskrava frå forsikringa for nødvendige utgifter til behandling må ikkje vere lågare enn 0,25 G.

Eigendelen for eleven må ikkje vere høgare enn 0,015 G.

§ 8-7 Avgrensingar i forsikringsdekninga¹⁰⁷

Forsikringa kan gjere unntak frå dekninga av ulykkesskade som har si årsak i

- forgifting ved mat, drikke eller nyttingsmiddel
- infeksjon eller stikk/bit av insekt, som til dømes malaria, flekktyfus eller borrelia
- smitte gjennom bakteriar, virus eller anna smittekjelde, som til dømes e-coli, salmonella eller liknande
- psykiske skadar, som sjokkliding, depresjon, angst og liknande, med mindre det til same tid er oppstått lekamsskade som gir livsvarig medisinsk invaliditet

Kapitel 9 Rådgivande folkerøysting om målform i grunnskolen

(Opplæringslova § 2-5 sjuande ledd)

§ 9-1. Kapitlet gjeld

Føresegnene i kapitlet gjeld rådgivande folkerøysting om skriftleg hovudmål i grunnskolen etter opplæringslova § 2-5 sjuande ledd.

§ 9-2. Røysterett

Røysterett har alle som bur i det området som soknar til skolen etter opplæringslova § 8-1, og som den 30. dagen før røystemøtet står innførte i folkeregisteret som busette i kommunen, og seinast i det året folkerøystinga blir halden, vil ha fylt 18 år.

¹⁰⁵ Tilføyd ved lov 24 juni 2008 nr. 0725, i kraft 1 juli 2008

¹⁰⁶ Tilføyd ved forskrift 24 juni 2008 nr. 0725, i kraft 1 juli 2008

¹⁰⁷ Tilføyd ved forskrift 24 juni 2008 nr. 0725, i kraft 1 juli 2008

Røysterett har òg foreldre/forsytarar til barn på barnetrinnet ved skolen, og foreldre/forsytarar som har barn som er innskrivne der for å ta til på første trinnet, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Krav om å kome med som røystefør forelder/forsytar må vere levert eller framsett for kommunen seinast tre veker etter den første kunngjeringa om røysting.

§ 9-3. Ansvar for røystinga

Kommunen har ansvaret for røystinga og skal sørge for at det blir sett opp liste over dei som har røysterett etter § 9-2 andre ledd. Kommunen organiserer røystinga.

§ 9-4. Røystinga

Kommunen skal fastsetje tid og stad for røysting og syte for innkalling av dei røysteføre med minst 4 vekers frist. Innkallinga skal ha med opplysningar om

- kva røystinga gjeld
- kven som har røysterett
- tid og stad for røysting
- tid og stad for førehandsrøysting.

Så langt råd er, skal røystinga haldast på ei tid som høver for dei røysteføre. Røystinga skal vere skriftleg. Resultatet av røystinga er rådgivande, og kjem fram ved vanleg fleirtal.

Dei som har rett til å røyste, men ikkje kan vere til stades ved røystinga, har rett til å røyste på førehand.

§ 9-5. Nytt vedtak

Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det er gått 5 år.

Kapitel 10 Skyss av elevar i vidaregåande opplæring

(Opplæringslova § 7-2)

§ 10-1. Fylkeskommunens ansvar

Fylkeskommunen har ansvaret for skyss etter reglane i opplæringslova § 7-2 for elevar som er busette i fylket.

Fylkeskommunen kan velje om eleven skal få gratis skyss eller full skyssgodtgjersle.

Fylkeskommunen har etter reglane i dette kapitlet ikkje ansvar for skyss når eleven vel eit anna tilbod om vidaregåande opplæring enn det fylkeskommunen gir.

§ 10-2. Full skyssgodtgjersle¹⁰⁸

Eleven har rett til full skyssgodtgjersle i dei tilfella fylkeskommunen ikkje gir tilbod om gratis skyss. Full skyssgodtgjersle inneber at dei naudsynte faktiske skysskostnadene for eleven blir dekte. Val av transportmiddel skal avklarast med fylkeskommunen så snart som mogleg etter at eleven har fått tildelt skoleplass. Kostnadene skal dokumenterast. Dersom det ikkje er mogleg å avklare val av transportmiddel før skolen tek til, må fylkeskommunen likevel dekkje dei dokumenterte faktiske og naudsynte skysskostnader eleven har i perioden fram til ei slik avklaring skjer.

Ved bruk av privat bil blir skysskostnadene dekte etter satsane for utgifter ved reise for undersøking og behandling, jf. forskrift 7. april 2008 nr. 788 (sjuketransportforskrifta). I tillegg skal

¹⁰⁸ Andre ledd endret ved forskrift 31. august 2009 nr. 1217 (i kraft samme dato), 28.juni 2011 nr. 932 (i kraft 01.08.2011)

eleven få godtgjersle for alle naudsynte faste og variable kostnader knytte til bruk av bil dersom desse utgiftene er større enn det den faste satsen dekkjer. I tillegg til utgifter til drivstoff skal skyssgodtgjersle kunne dekkje utgifter til bompengar, ferjeturar, piggdekkavgift og parkering, og til andre særlege kostnader som ikkje blir dekte etter satsane i sjuketransportforskrifta. Tapt arbeidsinntekt for den som kjører eleven, blir ikkje rekna med i grunnlaget for skyssgodtgjersle. Eleven dokumenterer utgiftene som ikkje blir dekte av minstesatsen, ved å syne fram kvitteringar for utgiftene.

§ 10-3. Vilkår for dispensasjon frå kravet om gratis skyss

Dispensasjon frå plikta til å sørge for gratis skoleskyss etter § 7-2 i opplæringslova kan etter søknad til departementet givast når desse vilkåra er oppfylte:

- Fylkeskommunane må ha ei ordning med subsidierte rabattkort for ungdom. Prisen må ikkje overstige 50% av vanleg månadskort for vaksne.
- Eit rabattkort må omfatte ordinær reise til og frå skole, arbeid og fritidsaktivitetar.
- Rabattkortet må i tillegg til ordinær skoleskyss kunne nyttast både på dagtid og kveldstid alle dagar. Dei aktuelle kollektive transportmidla som rabattkortet gjeld for, må vere godt utbygde og ha jamlege avgangar.
- Ordninga må omfatte minst heile skoleåret.

§ 10-4. Avgjerdsmyndigheit

Søknader om dispensasjon frå § 7-2 i opplæringslova blir avgjorde av departementet. Dispensasjon kan givast for eitt år om gongen.

Kapitel 11 Særskilde reglar om fagopplæringa

(Opplæringslova § 3-3 sjette ledd, § 4-3, § 4-4 femte ledd, § 4-5 andre ledd, § 12-3 sjette ledd)

Lærebedrifta¹⁰⁹

§ 11-1. Godkjenning av lærebedrift¹¹⁰

Kvar enkelt bedrift som driv opplæring av lærlingar og/eller lære kandidatatar må vere godkjend av fylkeskommunen, jf. § 4-3 opplæringslova første og andre ledd. Fylkeskommunen der lærebedrifta er lokalisert, gir godkjenning for kvart enkelt fag lærebedrifta skal kunne ha lærling eller lære kandidat i. Har bedrifta lokale i fleire fylkeskommunar, avgjer lokaliseringa til den aktuelle avdelinga av lærebedrifta kva for ein fylkeskommune som kan godkjenne denne.

§ 11-2. Opplæringskontor og opplæringsring¹¹¹

Eit opplæringskontor er eit organ for bedrifter som samarbeider om opplæring for lærlingar og/eller lære kandidatatar. Lærekontrakt eller opplæringskontrakt blir da teikna mellom lærlingen eller lære kandidaten og opplæringskontoret.

Ein opplæringsring består av to eller fleire bedrifter som samarbeider om opplæring av lærlingar og/eller lære kandidatatar. Lærekontrakt eller opplæringskontrakt blir da teikna mellom lærlingen eller lære kandidaten og den bedrifta som skal ha hovudansvaret for opplæringa.

¹⁰⁹ Overskrift endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹¹⁰ Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹¹¹ Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

§ 11-3. Rapportering frå lærebedrifta¹¹²

Lærebedrifta pliktar å gi den informasjon som fylkeskommunen krev for å kunne vurdere om godkjenning skal givast eller vidareførast, og for å kunne fastsetje og utbetale tilskott.

Lærebedrifta skal medverke til å etablere administrative system og å innhente statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa.

§ 11-4. Fylkeskommunalt tilskott til lærebedrift¹¹³

Fylkeskommunen der lærlingen eller lære kandidaten er busett, skal betale tilskott for opplæring til lærebedrift, opplæringsring og opplæringskontor etter retningslinjer og satsar fastsette av departementet. Betalingsplikta gjeld godkjend lærekontrakt for lærlingar og opplæringskontrakt for lære kandidatar.

Fylkeskommunen der lærebedrifta er lokalisert, kan krevje refusjon av utgifter som er direkte relaterte til lærlingen eller lære kandidaten frå fylkeskommunen der lærlingen eller lære kandidaten er busett.

Dersom ein lærling eller lære kandidat skifter lærebedrift, skal den fylkeskommunen som utbetaler tilskott, gjere vedtak om fordelinga av dei forskjellige tilskotta mellom lærebedriftene.

Har fylkeskommunen gitt lærlingen eller lære kandidaten delar av den opplæringa som etter læreplanen skal givast i læretida, skal lærebedrifta ikkje ha basistilskott for denne delen av opplæringa.

§ 11-5. Tap av godkjenning¹¹⁴

Fylkeskommunen kan dra godkjenninga som lærebedrift attende dersom lærebedrifta ikkje lenger oppfyller krava i opplæringslova eller denne forskrifta. Lærebedrifta må ha ny godkjenning dersom det er gått meir enn to år frå siste avslutta lærekontrakt eller opplæringskontrakt.

Lærekontrakt og opplæringskontrakt¹¹⁵

§ 11-6. Innhaldet i og forma på kontraktane¹¹⁶

Ved teikning av lærekontrakt og opplæringskontrakt skal det nyttast skjema fastsett av departementet.

Unntak frå opplæringsordninga¹¹⁷

§ 11-7 (opphevet 03.09.2013)

Godskriving av tidlegare gjennomgått opplæring og praksis¹¹⁸

§ 11-8. Generelt om godskriving¹¹⁹¹²⁰¹²¹

§ 11-9 til § 11-15 gir reglar om kva som kan godskrivas som gjennomgått opplæring eller praksistid

¹¹² Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹¹³ Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹¹⁴ Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹¹⁵ Overskrift endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹¹⁶ Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹¹⁷ Overskrift føyd til ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹¹⁸ Overskrift endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹¹⁹ Endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹²⁰ Endret ved forskrift 9. juli 2008 nr. 830 (i kraft 1. august 2008)

- a) for praksiskandidatar, jf. opplæringslova § 3-5, eller
b) ved godkjenning av lærekontrakt eller opplæringskontrakt med unntak frå opplæringsordninga i faget, jf. opplæringslova § 3-3 fjerde ledd.

Som gjennomgått opplæring skal ein og rekne med oppnådd kompetanse etter realkompetansevurdering jf. § 4-13 eller etter eksamen bestått som privatist.

Det kan ikkje gjevast godskriving etter § 11-10 til § 11-12 når det vert gjeve godskriving etter § 11-13 eller § 11-14 .

Fylkeskommunen vurderer den framlagde dokumentasjonen og gjer vedtak i samsvar med § 11-9 flg.

§ 11-9. Fellesfag¹²²

Praksiskandidatar er fritekne i fellesfaga for å få utferda fag- eller sveinebrev, jf. § 3-67 femte ledd.

§ 11-10 Gjennomgått vidaregåande opplæring i skole i Kunnskapsløftet¹²³

Reglane nedanfor gjeld for godskriving i læretida for lærlingar og lære kandidatatar og i praksistida for praksiskandidatar.

Vg1 i utdanningsprogrammet for det aktuelle lærefaget (ordinært løp eller godkjent kryssløp), blir godskrive med eitt år. Alle andre Vg1 blir godskrive med 1/4 år, men dersom innhaldet i prosjekt til fordjuping er relevant for det aktuelle lærefaget, kan godskrivinga aukast ytterlegare med inntil 1/4 år.

Vg2 som er fastsett for det aktuelle lærefaget (ordinært løp eller godkjent kryssløp), blir godskrive med eitt år. Andre Vg2 i det utdanningsprogrammet som er fastsett for det aktuelle lærefaget blir godskrive med 1/2 år, men dersom innhaldet i prosjekt til fordjuping er relevant for det aktuelle lærefaget, kan godskrivinga aukast ytterlegare med inntil 1/4 år. Alle andre Vg2 blir godskrive med 1/4 år, men dersom innhaldet i prosjekt til fordjuping er relevant for det aktuelle lærefaget, kan godskrivinga aukast ytterlegare med inntil 1/4 år.

Vg3 i skole som byggjer på det same Vg2 som det aktuelle lærefaget, blir godskrive med 1/2 år, og inntil 1 år dersom læretida i faget utgjer meir enn 4 år. Andre Vg3 blir ikkje godskrive.

§ 11-11 Gjennomgått vidaregåande opplæring i skole før innføringa av Kunnskapsløftet¹²⁴

Reglane nedanfor gjeld for godskriving i læretida for lærlingar og lære kandidatatar og i praksistida for praksiskandidatar.

Grunnkurs som i forhold til det aktuelle lærefaget kan likestillast med aktuelt Vg1 i Kunnskapsløftet blir godskrive med eitt år. Andre grunnkurs blir godskrivne med 1/4 år, men dersom den gjennomgatte opplæringa er relevant i forhold til lærefaget kan godskrivinga aukast ytterlegare med inntil 1/4 år.

VKI som i forhold til det aktuelle lærefaget kan likestillast med aktuelt Vg2 i Kunnskapsløftet blir godskrive med eitt år. Andre VKI blir godskrivne med 1/4 år, men dersom den gjennomgatte opplæringa er relevant i forhold til lærefaget kan godskrivinga aukast ytterlegare med inntil 1/4 år.

¹²¹ Endra ved forskrift 1 juli 2009 nr. 964 (i kraft 1 aug 2009)

¹²² Endra ved forskrift er 4 mars 2008 nr. 214 (i kraft 5 mars 2008), 1 juli 2009 nr. 964 (i kraft 1 aug 2009)

¹²³ Tidlegare § 11-15, nummerering endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008. Endra ved forskrift forskrift 9. juli 2008 nr. 830, i kraft 1. august 2008.

¹²⁴ Tidlegare § 11-16, endra nummerering ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008. Endra ved forskrift 9. juli 2008 nr. 830, i kraft 1. august 2008.

VKII innan same fagområde som det aktuelle lærefaget blir godskrive med inntil 1/2 år avhengig av kor relevant den gjennomgatte opplæringa er i forhold til lærefaget, og inntil 1 år dersom læretida i faget utgjør meir enn 4 år. Andre VKII blir ikkje godskrive.

Avvik frå opplæringsordninga¹²⁵

§ 11-12. Tidlegare læretid eller praksistid¹²⁶

Allsidig, dokumentert praksis i tilknytning til det aktuelle lærefaget, blir godskriven fullt ut som læretid for lærlingar og lære kandidatatar og som praksistid for praksiskandidatar.

Før praksiskandidaten kan gjennomføre fag- eller sveineprøva etter opplæringslova § 3-5, må praksisen etter ei samla vurdering dekkje dei mest vesentlege delane av innhaldet i læreplanen for opplæring i bedrift/Vg3 i lærefaget.

Dersom ein lærling eller elev ikkje gjennomfører eller ikkje består fag- eller sveineprøva etter reglane for slike prøve kandidatatar, kan vedkommande melde seg til fag- eller sveineprøva etter reglane som gjeld for praksiskandidatar når kravet om eit tillegg i tid på 25 prosent i opplæringslova § 3-5 er oppfylde.

§ 11-13. Tidlegare bestått fag- eller sveineprøve i Kunnskapsløftet¹²⁷

Bestått fag- eller sveineprøve i fag som byggjer på det same Vg2 som det aktuelle lærefaget, blir godskrive med 3 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

Bestått fag- eller sveineprøve i fag som byggjer på eit anna Vg2 innanfor det same utdanningsprogrammet som det aktuelle lærefaget, blir godskriven med 2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

Bestått fag- eller sveineprøve i fag innanfor andre utdanningsprogram enn det aktuelle faget blir godskriven med inntil 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar, dersom den gjennomgatte opplæringa er relevant i forhold til lærefaget.

§ 11-14. Tidlegare bestått fag- eller sveineprøve før Kunnskapsløftet¹²⁸

Bestått fag- eller sveineprøve i fag som kan likestillast med det aktuelle lærefaget, blir godskriven med 3 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

Bestått fag- eller sveineprøve i fag som slektar på det aktuelle lærefaget, blir godskriven med 2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar.

Bestått fag- eller sveineprøve i andre fag blir godskriven med inntil 1/2 år i læretida for lærlingar og i praksistida for praksiskandidatar, dersom den gjennomgatte opplæringa er relevant i forhold til lærefaget.

§ 11-15 Dispensasjon frå godskrivingsreglane¹²⁹

I særlege tilfeller og ved særlege fagkombinasjonar der godskrivingsreglane ut frå ei fagleg vurdering vil gi eit urimeleg resultat, kan fylkeskommunen fråvike frå forskrifta § 11-10 til § 11-14.

¹²⁵ Ny § 11-15 ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹²⁶ Tidlegare § 11-17, nummerering endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008. Endra ved forskrift 9. juli 2008 nr. 830, i kraft 1. august 2008.

¹²⁷ Tidlegare § 11-18, nummerering endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008. Endra ved forskrift 9. juli 2008 nr. 830, i kraft 1. august 2008.

¹²⁸ Tidlegare § 11-19, nummerering endra ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008. Endra ved forskrift 9. juli 1008 nr. 830, i kraft 1. august 2008.

¹²⁹ Ny paragraf, tilføyd ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

§ 11-16 (Paragrafene fra og med 11-16 til og med 11-20 er opphevet ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214)

Kapitel 12 Tryggleik for elevane

(Opplæringslova § 9a-9)

§ 12-1. Tryggleik for elevane¹³⁰

I tillegg til dei krav om førebygging av skade og ulykke som følgjer av andre lover og forskrifter, gjeld dette:

- a) Når skolen er ansvarleg for tryggleiken til elevane, må tilsynet i praksis vere forsvarleg i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje.
- b) I situasjonar der skolen er ansvarleg for symjing og bading i grunnskolen, skal det alltid vere ein tilsynsansvarleg, vaksen person til stades. Dersom den gruppa skolen har ansvaret for, overstig 15, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar påbegynt gruppe på 15. Dei som fører tilsyn, må vere flinke til å symje og dykke, og må kunne livredning. Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det nødvendig. For vidaregåande skole gjeld her berre det generelle kravet om tryggleik, slik det er formulert i bokstav a.
- c) I ordensreglementet for skolen bør det takast inn føresegner som nærmare regulerer trafikktryggleik og andre førebyggjande tiltak. Foreldra avgjer om barna får sykle til skolen eller ikkje.
- d) Reglane for grunnskolen gjeld tilsvarande for skolefritidsordninga.

Kapitel 13 Oppfølgingstenesta i vidaregåande opplæring

(Opplæringslova § 3-6 andre ledd)

§ 13-1. Formål¹³¹

Formålet med oppfølgingstenesta er å sørge for at all ungdom som høyrer til målgruppa, jf. § 13-2, får tilbod om opplæring, arbeid, andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Tilboda skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring.

§ 13-2. Målgruppe¹³²

Målgruppa for oppfølgingstenesta er ungdom som er omfatta av den lovfesta retten til vidaregåande opplæring, og som det aktuelle skoleåret

- a) ikkje har søkt eller teke imot elev- eller læreplass, eller
- b) avbryt slik opplæring, eller
- c) ikkje er i arbeid, eller
- d) har tapt retten som følgje av vedtak om bortvising med heimel i opplæringslova § 3-8 eller som følgje av vedtak om heving av lærekontrakt eller opplæringskontrakt i samsvar med opplæringslova § 4-6.

¹³⁰ Endra ved forskrifter 20. august 2015 nr. 974, 4. desember 2015 nr. 1407 (i kraft 01.08.2016).

¹³¹ Endret ved forskrift 2. desember 2011 nr. 1522 (i kraft 01.02.2012)

¹³² Endret ved forskrift 2. desember 2011 nr. 1522 (i kraft 01.02.2012)

§ 13-3. Oppgaver¹³³

Fylkeskommunen skal gjennom oppfølgingstenesta

- a) ha oversikt over alle i målgruppa, jf. § 13-2, og aktuelle tilbud for målgruppa. Registrering av ungdom som høyrer til ansvarsområdet for oppfølgingstenesta, og som tenesta formidlar tilbud til, skjer gjennom heile året.
- b) gi skriftleg informasjon til alle i målgruppa om kva rettar dei har. Føresette til ungdom som ikkje er myndig skal ha same informasjon med mindre denne er underlagd teieplikt etter anna lovgiving.
- c) etablere kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa med sikte på rettleiing og oppfølging.
- d) gi alle i målgruppa tilbud i samsvar med § 13-1, eventuelt i samarbeid med andre aktørar.
- e) etter behov følgje opp ungdom som har teke imot tilbud gjennom oppfølgingstenesta gjennom ei eller fleire rettleiingssamtaler.

Pliktene her gjeld så lenge ungdommen er i målgruppa for oppfølgingstenesta.

§ 13-4. Samarbeid og koorinering¹³⁴

Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbud frå ulike instansar. Aktuelle instansar for samarbeid er særleg grunnskolane og dei vidaregåande skolane, den pedagogisk-psykologiske tenesta, opplæringsadministrasjonen i fylkeskommunen, arbeids- og velferdsforvaltninga og helse- og sosialtenestene.

Oppfølgingstenesta kan bistå i arbeidet med å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med grunnskole og vidaregåande opplæring.

Kapitel 14 Krav til kompetanse ved tilsetjing og undervisning

(Opplæringslova og og § 10-3)

§ 14-1. Krav til pedagogisk kompetanse for tilsetjing¹³⁵

Alle som skal tilsetjast i undervisningsstilling, må ha pedagogisk bakgrunn i samsvar med krava i rammeplanane for lærarutdanningane med forskrifter, jf. lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler § 3-2 andre ledd, eller ha tilsvarande pedagogisk kompetanse.

Til opplæring av vaksne etter opplæringslova kapittel 4A kan det også tilsetjast personar utan formell pedagogisk kompetanse etter første ledd. Føresetnaden er at vedkommande har vesentleg erfaring med opplæring av vaksne og er eigna til undervisning av vaksne.

§ 14-2. Krav for tilsetjing og undervisning på barnetrinnet¹³⁶

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling på 1.- 4. årstrinn, må fylle eitt av desse krava:

- a) førskolelærarutdanning eller barnehagelærarutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, og minst 60 studiepoeng vidareutdanning innretta på undervisning på barnetrinnet
- b) førskolelærarutdanning eller barnehagelærarutdanning, jf. nasjonal rammeplanar, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarande minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg
- c) grunnskolelærarutdanning for 1.- 7. årstrinn, jf. nasjonale rammeplanar

¹³³ Endret ved forskrift 2. desember 2011 nr. 1522 (i kraft 01.02.2012)

¹³⁴ Endret ved forskrift 2. desember 2011 nr. 1522 (i kraft 01.02.2012)

¹³⁵ Endra med forskrift 31. mars 2014 nr. 383 (i kraft 03.04.2014).

¹³⁶ Endra ved forskrifter 9 juli 2007 nr. 884 (i kraft 1 aug 2007), 4 mars 2008 nr. 214 (i kraft 1 aug 2008), 31 mars 2014 nr. 383 (i kraft 3 april 2014), 14 juli 2015 nr. 901 (i kraft 1 aug 2015).

- d) faglærerutdanning i praktiske og/eller estetiske fag, jf. nasjonale rammeplanar, eller tilsvarende kompetanse i desse faga. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- e) treårig lærerutdanning for tospråklege lærarar. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning.

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling på 5.- 7. årstrinn, må fylle eitt av desse krava:

- a) grunnskolelærerutdanning for 1.- 7. årstrinn eller for 5.- 10. årstrinn, jf. nasjonale rammeplanar
- b) faglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- c) yrkesfaglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- d) universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 240 studiepoeng, inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- e) førskolelærerutdanning eller barnehagelærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarende minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg
- f) treårig lærerutdanning for tospråklege lærarar. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning.

For å undervise i norsk, samisk, norsk teiknspråk, matematikk eller engelsk på barnetrinnet krevst det at vedkommande har minst 30 studiepoeng som er relevante for faget.

§ 14-3. Krav for tilsetjing og undervisning på ungdomstrinnet¹³⁷

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling på ungdomstrinnet, må fylle eitt av desse krava:

- a) grunnskolelærerutdanning for 5.- 10. årstrinn, jf. nasjonale rammeplanar
- b) faglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- c) yrkesfaglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- d) universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 240 studiepoeng, inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning. Ved tilsetjing for undervisning i faga norsk, matematikk eller engelsk må vedkommande likevel ha minst 60 studiepoeng relevant utdanning for faget
- e) førskolelærerutdanning eller barnehagelærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarende minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg
- f) treårig lærerutdanning for tospråklege lærarar. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning.

For å undervise i norsk, samisk, norsk teiknspråk, matematikk eller engelsk på ungdomstrinnet krevst det at vedkommande har minst 60 studiepoeng som er relevante for faget.

For å undervise i andre fag på ungdomstrinnet krevst det at vedkommande har minst 30 studiepoeng som er relevante for faget. Dette gjeld ikkje for valfaga, utdanningsval og arbeidslivsfag. For dei som før 1. januar 2014 hadde tilfredsstillande kompetanse etter dagjeldande krav for tilsetjing i undervisningsstilling, eller har fullført tidlegare

¹³⁷ Endra ved forskrifter 4 mars 2008 nr. 214 (i kraft 1 aug 2008), 31 mars 2014 nr. 383 (i kraft 3 april 2014), 14 juli 2015 nr. 901 (i kraft 1 aug 2015).

allmennlærerutdanning etter 1. januar 2014, gjeld ikkje kravet om 30 relevante studiepoeng i andre fag.

§ 14-4. Krav for tilsetjing og undervisning i den vidaregåande skolen¹³⁸

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i studieførebuande fag i den vidaregåande skolen, må fylle eitt av desse krava:

- a) universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 240 studiepoeng, inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning
- b) faglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning
- c) lærarutdanning, jf. § 14-2 og § 14-3, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarande minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg.

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i yrkesfag i den vidaregåande skolen, må fylle eitt av desse krava:

- a) yrkesfaglærerutdanning, jf. nasjonal rammeplan, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning
- b) universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 180 studiepoeng inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning
- c) faglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 studiepoeng relevant utdanning
- d) fagbrev, sveinebrev eller fullført og bestått anna yrkesfagleg utdanning i vidaregåande opplæring, to års yrkesteoretisk utdanning utover vidaregåande skolenivå og fire års yrkespraksis etter fullført vidaregåande opplæring, for undervisning i fag/på fagområde som utdanninga/bakgrunnen er relevant for. I tillegg krevst pedagogisk kompetanse etter § 14-1
- e) lærarutdanning, jf. § 14-2 og § 14-3, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarande minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg.

For å undervise i den vidaregåande skolen krevst det at vedkommande har minst 60 studiepoeng som er relevante for faget. Dette gjeld ikkje for prosjekt til fordjuping. Dette gjeld heller ikkje for dei som er tilsette etter andre ledd bokstav d, gitt at minst eitt av dei to åra med yrkesteoretisk utdanning utover vidaregåande skolenivå er relevant for å undervise i faget.

Tredje ledd gjeld ikkje dei som før 1. januar 2014 hadde tilfredsstillande kompetanse etter dagjeldande krav for tilsetjing i undervisningsstilling, eller som har fullført tidlegare allmennlærerutdanning etter 1. januar 2014.

§ 14-5. Krav for tilsetjing som morsmåslærer for elevar frå språklege minoritetar¹³⁹

Den som skal tilsetjast som morsmåslærer, jf. opplæringslova § 2-8 og § 3-12, må fylle eitt av desse krava:

- a) lærarutdanning frå heimlandet til eleven og dokumentert gode norskkunnskapar

¹³⁸ Endra ved forskrifter 9 juli 2007 nr. 884 (i kraft 1 aug 2007), 31 mars 2014 nr. 383 (i kraft 3 april 2014), 14 juli 2015 nr. 901 (i kraft 1 aug 2015).

¹³⁹ Endra ved forskrifter 31 mars 2014 nr. 383 (i kraft 3 april 2014), 14 juli 2015 nr. 901 (i kraft 1 aug 2015).

- b) lærar med same morsmål som eleven: universitets- og/eller høgskoleutdanning av ei samla lengd på minst tre år inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, og dokumentert gode norskkunnskapar. Eitt og eitt halvt år av utdanninga må omfatte språket og kulturen til eleven
- c) norskspråkleg lærar som ikkje har same morsmål som eleven: universitets- og/eller høgskoleutdanning i eleven sitt språk som samla utgjør minst 90 studiepoeng, og god kjennskap til den kulturelle bakgrunnen til eleven, i tillegg til pedagogisk utdanning etter § 14-1
- d) treårig lærarutdanning for tospråkelege lærarar. Tilsetjing kan skje for undervisning der læraren har same morsmål som eleven.

§ 14-6. Krav til godkjenning før tilsetjing av lærarar med utdanning og praksis frå andre land¹⁴⁰

Personar med utdanning og praksis frå andre land må ha sentral godkjenning av yrkeskvalifikasjonane før dei kan bli tilsette som lærarar i grunnsopplæringa. Slik godkjenning kan berre bli gitt av Utdanningsdirektoratet.

Godkjenninga skal ta utgangspunkt i om kvalifikasjonane for å utøve læreryrket kan seiast å vere likeverdige med krava i § 14-1 til § 14-5. I tillegg til dette gjeld særlege vilkår for godkjenning av statsborgarar frå EØS-land og frå Sveits i § 14-8.

Vedtak eller mangel på vedtak frå Utdanningsdirektoratet kan klagast inn for Kunnskapsdepartementet.

I tillegg til å krevje godkjenning frå Utdanningsdirektoratet skal arbeidsgivaren før tilsetjing stille krav om kunnskapar, dugleik og innsikt i norsk språk og i norske samfunnsforhold og skoleforhold som er nødvendige for stillinga. Arbeidsgivaren skal også før tilsetjing stille krav om at vedkommande legg fram attest frå politiet i samsvar med reglane i opplæringslova § 10-9 med tilhøyrande forskrifter.

§ 14-7. Søknad om godkjenning frå personar med utdanning og praksis frå andre land og handsaming av slike søknader¹⁴¹

Søknad på eige formular utarbeidd av Utdanningsdirektoratet skal sendast til Utdanningsdirektoratet.

Med søknaden skal følgje:

- tilfredsstillande kopi av dokumentasjon for kvalifikasjonar
- bevis for nasjonalitet
- bevis for at søkjaren ikkje er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep frå tida før søkjaren kom til Noreg. Beviset skal utferdast av kompetent styresmakt i vedkommande land. Beviset må ikkje vere eldre enn tre månader. Dersom vedkommande land ikkje utferder slike bevis, eller andre forhold gjer det umogleg å skaffe bevis frå styresmaktene i landet, skal det leggjast fram ei eigenerklæring på ære og samvit gjeven til aktuell styresmakt i vedkommande land.

Utdanningsdirektoratet skal handsame søknadar så raskt som mogleg. Innan ein månad etter at søknad er mottaken, skal mottaket vere stadfest eller søkjaren få informasjon om manglande dokumentasjon. Avgjerd i ei sak skal gjerast seinast innan fire månader etter at all nødvendig og tilfredsstillande dokumentasjon er lagd fram.

Sjølv om ein person har dei yrkeskvalifikasjonane som skal til for å få godkjenning etter § 14-6

¹⁴⁰ Endret ved forskrifter 12. sept 2008 nr. 1070 (i kraft 3. oktober 2008), 31. mars 2014 nr. 383 (i kraft 03.04.2014).

¹⁴¹ Endret ved forskrifter 12. september 2008 nr. 1070 (i kraft 3. oktober 2008).

eller § 14-8, kan Utdanningsdirektoratet avslå å gi vedkommande godkjenning ut frå manglande dokumentasjon.

§ 14-8. Særlege vilkår for å få godkjenning for tilsetjing som lærar for statsborgarar frå EØS-land og frå Sveits¹⁴²

Statsborgarar frå EØS-land og Sveits har rett til godkjenning for tilsetjing dersom dei har kvalifikasjonar som er likeverdige med krava i § 14-1 til § 14-5.

Statsborgarar frå EØS-land og Sveits har likeeins rett til godkjenning for tilsetjing når godkjenninga følgjer av reglane i direktiv 2005/36/EF, sjølv om dei ikkje har kvalifikasjonar som er likeverdige med krava i § 14-1 til § 14-5. Hovudvilkåra for slik godkjenning etter reglane i direktiv 2005/36/EF er:

1) Søkjaren er godkjend i eit EØS-land/Sveits der læraryrket er regulert, og har eit utdanningsnivå frå EØS-land/Sveits som minst tilsvarer nivået like under det nivået som følgjer av krava i § 14-1 til § 14-5. I samanlikninga av utdanningsnivå skal ein nytte desse fem nivåa:

- Nivå a: Kompetansebevis for bestått utdanning og erfaring som ikkje femner om krava i nivåa b og e
- Nivå b: Bevis for fullført og bestått vidaregåande opplæring
- Nivå c:
- i) Eksamensbevis for bestått utdanning ut over vidaregåande opplæring på minst eit år, eller av tilsvarande lengd på deltid, men som ikkje er omfatta av nivåa d og e. I tillegg, dersom det måtte gå fram av krava, eksamensbevis for yrkesopplæring i vidaregåande opplæring, eller
 - ii) Eksamensbevis for bestått utdanning som går fram av vedlegg II til direktiv 2005/36/EF.
- Nivå d: Eksamensbevis for bestått utdanning ut over vidaregåande opplæring i minst tre år og høgst fire år, eller av tilsvarande lengd på deltid
- Nivå e: Eksamensbevis for bestått utdanning ut over vidaregåande opplæring i minst fire år eller av tilsvarande lengd på deltid,

eller

2) Søkjaren har utdanning frå EØS-land/Sveits der læraryrket ikkje er regulert, at utdanninga er relevant og minst på nivået like under det aktuelle kravet, og at søkjaren i løpet av dei ti siste åra har arbeidd som lærar i eit omfang tilsvarande minst to år i heiltid i eit slikt land,

eller

3) Søkjaren har relevant utdanningsnivå frå eit anna land enn EØS-land/Sveits, at denne utdanninga er godkjend av eit EØS-land/Sveits, og at søkjaren har tre års godkjend erfaring som lærar frå dette EØS-landet/Sveits.

Sjølv om ein søkjar som er statsborgar i eit EØS-land eller Sveits, tilfredsstiller eit av vilkåra etter andre ledd, kan Utdanningsdirektoratet krevje at søkjaren skal gjennomgå og bestå ein prøveperiode på høgst tre år eller bestå ein test på at vedkommande er eigna som lærar i samsvar med direktiv 2005/36/EF. Vilkår for å stille eit slikt krav, er

- at utdanninga søkjaren legg fram kvalifikasjonsbevis for, er minst eitt år kortare enn den samla utdanningstida som følgjer av § 14-1 til § 14-5, eller
- at innhaldet i søkjaren si utdanning avvik vesentleg frå innhaldet i den aktuelle norske utdanninga, eller

¹⁴² Endra ved forskrifter 12 sep 2008 nr. 1070 (i kraft 3 okt 2008), 31 mars 2014 nr. 383 (i kraft 3 april 2014), 14 juli 2015 nr. 901 (i kraft 1 aug 2015).

- at læreryrket i heimlandet til søkjaren ikkje er omfatta av dei reguleringar som gjeld læreryrket i Noreg, og at forskjellen består i at den norske lærerutdanninga inneheld vesentleg andre tema enn det søkjaren kan dokumentere.

Søkjaren kan sjølv velje mellom prøveperiode og test på om han er eigna.

Nærmare utdjujingar av vilkåra for godkjenning for tilsetjing av statsborgarar frå EØS og Sveits går fram av direktiv 2005/36/EF.

§ 14-9. Tilsetjing av personar med tidlegare godkjend utdanning¹⁴³

Alle som tidlegare har vore kvalifiserte for tilsetjing i ei undervisningsstilling, eller som har fått dispensasjon frå tidlegare utdanningskrav, vil framleis ha gyldig kompetanse for å bli tilsette i undervisningsstilling.

Dei som har allmennlærerutdanning fullført våren 2014 eller seinare, kan tilsetjast på same måte som dei med allmennlærerutdanning fullført før 2014.

Ein førskolelærer som starta si førskolelærerutdanning hausten 2007 eller tidlegare, kan tilsetjast på 1. årstrinn i grunnskolen utan å ha slik vidareutdanning som er kravd i § 14-2 første ledd.

§ 14-10 Kva som svarar til studiepoeng¹⁴⁴

Der det i forskrifta er krav om eit bestemt tal med studiepoeng, skal tilsvarende omfang av høgare utdanning som ikkje er fastsett i studiepoeng, reknast for å tilfredsstille kravet.

§ 14-11 Stillingstitlar¹⁴⁵

Stilling i grunnskolen og i vidaregåande opplæring skal normalt vere lærar, adjunkt eller lektor.

Kapitel 15 Krav om politiattest¹⁴⁶

(Opplæringslova § 10-9 fjerde ledd)

§ 15-1. Framgangsmåte¹⁴⁷

Arbeidsgivaren innhentar politiattest i samsvar med reglane i opplæringslova § 10-9, § 13-6, § 13-7 og § 13-7a. Politiattesten skal ikkje vere eldre enn tre månader.

Arbeidsgivaren skal i utlysingsteksten gjere søkjarar merksame på at det vil bli kravd politiattest ved tilsetjing, men at slik attest ikkje skal leggjast ved søknaden. Attest skal berre krevjast av den søkjaren som får tilbod om stillinga. Det skal i tilbodet takast atterhald om at merknadar på politiattesten kan føre til endring i tilbodet om stilling.

Politiattest skal liggje føre før arbeidstakaren blir tilsett i stillinga.

¹⁴³ Endra ved forskrifter 4 mars 2008 nr. 214 (i kraft 1 aug 2008), 12 sep 2008 nr. 1070 (i kraft 3 okt 2008, tidlegare § 14-8), 18 juli 2012 nr. 751 (i kraft 8 aug 2012), 31 mars 2014 nr. 383 (i kraft 3 april 2014), 14 juli 2015 nr. 901 (i kraft 1 aug 2015).

¹⁴⁴ Tilføyd ved forskrift 14 juli 2015 nr. 901 (i kraft 1 aug 2015).

¹⁴⁵ Endra ved forskrifter 12 sep 2008 nr. 1070 (i kraft 3 okt 2008, tidlegare § 14-9), 14 juli 2015 nr. 901 (i kraft 1 aug 2015, tidlegare § 14-10).

¹⁴⁶ Overskriften endret ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046 (i kraft 01.08.2010), 28. juni 2011 nr 932 (01.08.2011)

¹⁴⁷ Endret ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046 (i kraft 01-08-2010), 28. juni 2011 nr. 692 (i kraft 01.08.2011)

§ 15-2. Behandling av politiattest¹⁴⁸

Politiattesten skal oppbevarast utilgjengeleg for uvedkomande, og skal makulerast straks etter at attesten har vore nytta i tilsetjingssaka eller til det formålet attesten er innhenta med heimel i opplæringslova § 10-9, § 13-6, § 13-7 og § 13-7a.

§ 15-3. Teieplikt¹⁴⁹

Den som får kjennskap til opplysningar gjennom ein politiattest, pliktar å hindre at uvedkomande får tilgjenge eller kjennskap til opplysningane, jf. forvaltningslova § 13 - § 13e og politiregisterlova § 47. Brot kan straffast etter straffelova § 121.

§ 15-4. Utgått 01.08.2011

§ 15-5. Utgått 01.08.2011

Kapitel 16 Sakshandsamingsreglar

Endret ved forskrift 22.desember 2009 nr. 1767 (i kraft 28.12.2009)

§ 16-1 Sakshandsamingsreglar ved søknad om oppretting av privat grunnskole¹⁵⁰

For søknad om godkjenning av privat grunnskole etter opplæringslova § 2-12, skal sakshandsamingsfrist som nemnd i tjenesteloven § 11 første ledd første punktum vere fire månader.

Tjenesteloven § 11 andre ledd om at tillating er betrakta som gitt når sakshandsamingsfristen er overskride, gjeld ikkje for godkjenning etter opplæringslova § 2-12.

Kapitel 17 Kravet om språkleg parallellutgåve

§ 17-1. Elevens rett til læremiddel på eiga målform¹⁵¹

Eleven har rett til læremiddel på ønskja målform; nynorsk eller bokmål. Kravet til språklege parallellutgåver skal gjere det enklare for eleven å gjere seg nytte av opplæringa og sikre dei språklege rettane som eleven har.

I andre fag enn norsk kan det berre brukast læremiddel som ligg føre på nynorsk og bokmål til same tid, med mindre læremiddelet er omfatta av unntaka i § 17-2. Kravet til språkleg parallellitet gjeld berre for fag med årskull over 300 elevar.

Kravet om språklege parallellutgåver gjeld for læremiddel som skal brukast regelmessig i opplæringa og dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla eller er viktig for dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen for fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Med regelmessig meiner ein at læremiddelet blir brukt fast, over ei lengre periode eller jamleg. Når det er tvil om eit læremiddel dekkjer vesentlege delar av læreplanen i fag, skal skoleeigar vurdere saka konkret.

Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltståande eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

¹⁴⁸ Endra ved forskrift 28. juni 2011 nr. 692 (i kraft 01.08.2011)

¹⁴⁹ Endra ved forskrift 28. juni 2011 nr. 692 (i kraft 01.08.2011)

¹⁵⁰ Kapitteloverskrift og paragraf m/overskrift satt inn ved forskrift 22.desember 2009 nr. 1767 (I kraft 28. desember 2009).

¹⁵¹ Endret ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046 (i kraft 01.08.2010)

Når det skal vurderast om læremiddelet er omfatta av kravet til parallellitet gjeld dei same vurderingane for trykte og digitale læremiddel.

§ 17-2. Unntak frå parallellkravet¹⁵²

Reglane i § 17-1 skal ikkje hindre at elevane får ta i bruk eit breitt tilfang av læremiddel i opplæringa.

Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, avisar, oppslagsverk og likande kjem ikkje under kravet til språklege parallellutgåver, sjølv ved regelmessig bruk.

Læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, kjem ikkje inn under kravet til språkleg parallellutgåve.

Læremiddel vil her seie alle trykte eller ikkje-trykte element, enkeltståande eller slike som går inn i ein heilskap, og som aleine eller til saman dekkjer vesentlege delar av dei generelle måla i læreplanen, eller vesentlege delar av måla, lærestoffet, hovudmomenta eller hovudemna i eit fag etter læreplanen for eit visst klassetrinn eller kurs.

Regelmessig bruk vil her seie at læremidlet blir brukt fast, over ein lengre periode, eller jamleg. Dette må sjåast i samanheng med § 17-1.

§ 17-3. Ansvar til skoleeigar¹⁵³

Skoleeigar har ansvaret for at retten til eleven til læremiddel på si målform blir oppfylt etter § 17-1 og § 17-2. Dette gjeld uavhengig av kor mange elevar som brukar bokmål og nynorsk i kommunen eller fylkeskommunen. Skoleeigar skal ha eit forsvarleg system, jf. opplæringslova § 13-10, for å sikre at retten til eleven blir oppfylt.

§ 17-4. Opphevet (01.08.2010)¹⁵⁴

§ 17-5. Opphevet (01.08.2010)¹⁵⁵

Kapitel 18 Kommunen sitt økonomiske ansvar for grunnskoleopplæringa

(Opplæringslova § 13-1 andre ledd)

§ 18-1. Kommunen sitt økonomiske ansvar for elevar som får opplæring utanfor bustadkommunen¹⁵⁶

a) For barn som ikkje er særskilt nemnde under punkt b, c og d, og som får grunnskoleopplæring og spesialundervisning utanfor kommunen, betaler bustadkommunen etter avtale. Bustadkommunen fastset omfanget av spesialundervisninga etter sakkunnig tilråding frå vertskommunen. Bustadkommunen er den kommunen der foreldra, eller den av foreldra som har omsorga for barnet, bur.

b) For barn som er i og under opplæringspliktig alder, og som barnevernstenesta eller fylkesnemnda plasserer utanfor kommunen, i fosterheim eller i institusjonar som ikkje er nemnde under punkt c og d, gjeld dette:

¹⁵² Endret ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046 (i kraft 01.08.2010)

¹⁵³ Endret ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046 (i kraft 01.08.2010)

¹⁵⁴ Opphevet ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046 (i kraft 01.08.2010)

¹⁵⁵ Opphevet ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046 (i kraft 01.08.2010)

¹⁵⁶ Endra med forskrift 3. oktober 2016 nr. 1165.

- Den kommunen som etter lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester har det økonomiske ansvaret for disse barna, ber også det økonomiske ansvaret for grunnskoleopplæringa og spesialundervisninga, jf. lov om barneverntjenester § 9-1.
- Om ikkje anna blir avtalt, skal den kommunen som ber det økonomiske ansvaret, betale for vanleg undervisning det som ein elev i den kommunen der eleven har opphald, kostar i gjennomsnitt. For spesialundervisning fastset bustadkommunen omfanget etter ei sakkunnig tilråding frå vertskommunen. Det økonomiske ansvaret følgjer av det fastsette omfanget.

c) For barn og unge i institusjonar som den statlege regionale barnevernmyndigheita har ansvaret for etter barnevernlova § 5-1, og barn og unge i private og kommunale institusjonar som er godkjende etter barnevernlova § 5-8, gjeld opplæringslova § 13-2.

d) For pasientar i helseinstitusjonar som eit regionalt helseføretak eig, og for pasientar i private helseinstitusjonar som har avtale med regionale helseføretak, gjeld opplæringslova § 13-3a.

e) I tvilstilfelle avgjer Fylkesmannen i det fylket der barnet oppheld seg, kven som er ansvarleg for kostnadene.

§ 18-2 (Opphevet)¹⁵⁷

Opphevd med forskrift 1. juli 2014 nr. 973 (i kraft 1. august 2014).

Kapitel 19 Fylkeskommunen sitt økonomiske ansvar for vidaregåande opplæring

Refusjon av utgifter til opplæring for gjesteelevar som går i fylkeskommunale vidaregåande skolar

§ 19-1 Generelt

Reglane her gjeld refusjon av utgifter til undervisning for gjesteelevar som går i fylkeskommunale vidaregåande skolar.

Reglane gjeld i den utstrekning andre løysingar ikkje følgjer av andre føresegner eller er avtalte mellom eit heimfylke og eit skolefylke.

Reglane her omfattar ikkje

- elevar som blir dekte av landslinjeordninga
- elevar ved sentrale lærlingskolar
- elevar som blir dekte av fengselsundervisningsordninga
- elevar som blir lagde inn på sjukehus utanfor heimfylket medan dei er elevar ved ein vidaregåande skole.

§ 19-2 Definisjonar

Med gjesteelev er her meint elev som er teken inn til eit vidaregåande skoletilbod i ein fylkeskommune der eleven ikkje er registrert i folkeregisteret som busett per 1. januar det året kurset tek til.

Med heimfylke er meint den fylkeskommunen der ein elev er registrert som busett per 1. januar det året kurset tek til.

§ 19-3 Ansvar

Det er skolefylket sitt ansvar å bringe på det reine om vilkåra for å krevje refusjon er til stades.

¹⁵⁷ Tilføyd ved forskrift 12. august nr. 924 (i kraft 15. august 2008). Opphevet ved forskrift 1. juli 2014 nr 973.

§ 19-4 Refusjon¹⁵⁸

Det kan krevjast refusjon frå heimfylkeskommunen for gjesteelevar. For utrekning av refusjon for gjesteelevar skal kostnadsnøkkelen fastsett av Utdanningsdirektoratet nyttast.

For gjesteelevar som får spesialundervisning, betaler heimfylkeskommunen etter avtale. Heimfylkeskommunen fastset omfanget av spesialundervisninga etter sakkunnig tilråding frå vertsfylkeskommunen.

Fylkeskommunane avtaler særskild refusjon for andre gjesteelevar som er tekne inn

- a) til teoriundervisning for lærlingar
- b) etter førerrett til inntak ved institusjonar der dei er langtidspasientar, med 6 læretimar per veke per elev avgrensa til 3 år.

Økonomisk ansvar for utgifter til opphald for teiknspråklege elevar som får opplæring etter opplæringslova § 3-9

§ 19-5 Fylkeskommunen sitt økonomiske ansvar for utgifter til opphold

Fylkeskommunen har det økonomiske ansvaret for utgifter til kost og losji for elevar som får opplæring etter opplæringslova § 3-9.

Fylkeskommunen har det økonomiske ansvaret for utgifter til nødvendige sosialpedagogiske tiltak for elevar som har behov for hjelp med å finne seg til rette i skole- og fritida, mellom anna utgifter til nødvendig miljøpersonale.

Fylkeskommunen sitt økonomiske ansvar etter første og andre ledd gjeld elevar som er busette i fylket, og som må flytte heimanfrå for å få opplæring. Fylkeskommunen der eleven er busett, gjer det endelege vedtaket etter første og eventuelt andre ledd.

Økonomisk ansvar for utgifter til nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr

§ 19-6 Fylkeskommunen sitt økonomiske ansvar for utgifter til læremiddel og utstyr¹⁵⁹

Frå 1. august 2007 skal skoleeigar halde elevar på vidaregåande trinn 2 med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Frå 1. august 2008 gjeld ansvaret for elevar på vidaregåande trinn 3 og frå 1. august 2009 gjeld ansvaret elevar på vidaregåande trinn 1.

Dersom skoleeigar organiserer opplæringa på ein måte som krev at elevane må ha berbar pc, kan skolen krevje ein årleg eigendel frå eleven for å dekkje delar av kostnaden for pc-en. Eigendelen kan ikkje setjast høgare enn den lågaste stipendsatsen i det årlege ikkje-behovsprøvde læremiddelstipendet. Etter vidaregåande skole skal eleven få behalde pc-en.

Elevar som ikkje fullfører opplæringa skal få tilbod om å kjøpe pc-en. Samla betaling kan ikkje overstige tre gonger den lågaste stipendsatsen i det årlege ikkje-behovsprøvde læremiddelstipendet berekna på avbrotstidspunktet.

Refusjon av utgifter til opplæring for elevar i barneverninstitusjonra utanfor heimfylke¹⁶⁰

§ 19-7 Satsar for refusjon¹⁶¹

Reglane her gjeld satsar for refusjon av utgifter til opplæring som fylkeskommunen, der ein institusjon etter barnevernlova ligg, har rett til etter opplæringslova § 13-2 andre ledd.

¹⁵⁸ Endret ved forskrift 19. desember 2016 nr. 1675 (i kraft 01.01.2017).

¹⁵⁹ Tilføyd ved forskrift 3 juli 2007 nr. 880 (i kraft 1 aug 2007), ny deloverskrift og endret paragraftittel ved forskrift 25.august 2009 nr. 1216 (i kraft 25.08.2009).

Fylkeskommunen, der ein institusjon etter barnevernlova ligg, kan krevje refusjon av utgifter til opplæringa frå fylkeskommunen der eleven var busett på det tidspunktet det blei gjort vedtak om plassering, etter desse satsane per elev per år:

- a) Kr 86 000 for elevar som ikkje har behov for spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5.
- b) Kr 253 000 for elevar som har moderat behov for spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5.
- c) Kr 501 000 for elevar som har omfattande behov for spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5.

Twist om val av sats kan leggjast fram til avgjerd for fylkesmannen i fylkeskommunen der institusjonen ligg.

Reglane i § 19-4 gjeld dersom elevane blir tekne inn til vidaregåande opplæring i eit anna fylke enn heimfylket eller fylket der institusjonen ligg.

Refusjon av utgifter til opplæring for pasientar i institusjonar for rusmiddelavhengige og institusjonar innanfor psykisk helsevern utanfor heimfylke

§ 19-8 Satsar for refusjon¹⁶²

Reglane her gjeld satsar for refusjon av utgifter til opplæring som fylkeskommunen, der ein institusjon for rusmiddelavhengige eller institusjon innanfor psykisk helsevern ligg, har rett til etter opplæringslova § 13-3a andre ledd.

Fylkeskommunen der institusjonen ligg, kan krevje refusjon av utgifter til opplæringa frå fylkeskommunen der pasienten var busett på det tidspunktet pasienten vart innlagd, etter desse satsane per elev per år:

- a) Kr 86 000 for elevar som ikkje har behov for spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5.
- b) Kr 253 000 for elevar som har moderat behov for spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5.
- c) Kr 501 000 for elevar som har omfattande behov for spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5.

Twist om val av sats kan leggjast fram til avgjerd for fylkesmannen i fylkeskommunen der institusjonen ligg.

Kapitel 20 Foreldresamarbeid i grunnskolen og vidaregåande opplæring¹⁶³

(Opplæringslova § 11-9)

§ 20-1 Formålet med foreldresamarbeid¹⁶⁴

Skolen skal sørgje for samarbeid med heimen, jf. opplæringslova § 1-1 og § 13-3d. Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullfører vidaregåande opplæring.

¹⁶⁰ Overskrifta tilføyd ved forskrift 30 jan 2008 nr. 85 (i kraft 1 feb 2008).

¹⁶¹ Tilføyd ved forskrift 30 jan 2008 nr. 85 (i kraft 1 feb 2008). Endret ved forskrift 04.12.2009 nr. 1478 (i kraft 01.01.2010), 19. desember 2016 nr. 1675 (i kraft 01.01.2017).

¹⁶² tilføyd ved forskrift 04. desember 2009 nr. 1478 (i kraft 01.01.2010)

¹⁶³ Kapitteloverskrift endret ved lov 7. juli 2010 nr. 1081 (i kraft 01.08.2010)

¹⁶⁴ Endret ved forskrift 10. desember 2008 nr. 1467 (i kraft 01.01.2009), 7. juli 2010 nr. 1081 (i kraft 01.08.2010).

§ 20-2 Foreldreutvalet for grunnopplæringa¹⁶⁵

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom skole og heim. Mandatet til utvalet omfattar grunnskolen og første året av vidaregåande opplæring.

FUG skal arbeide for godt samarbeid mellom skole og heim, og skal vareta foreldra sine interesser i skolesamanheng.

§ 20-3 Foreldresamarbeid i grunnskolen¹⁶⁶

Skolen skal halde kontakt med foreldra gjennom opplæringsåret.

Skolen skal i starten av kvart opplæringsår halde eit foreldremøte der foreldra informerast om skolen, innhaldet i opplæringa, medverkinga til foreldra, rutinar og anna som er relevant for foreldra.

Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga. I tillegg skal kontaktlæraren samtale med foreldra om utviklinga til eleven i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket. Samtalen skal klargjere korleis eleven, skolen og foreldra skal samarbeide for å leggje til rette for læringa og utviklinga til eleven. Eleven kan vere med i samtalen med foreldra. Når eleven har fylt 12 år, har han eller ho rett til å vere med i samtalen. Samtalen kan sjåast i samanheng med samtalen med eleven etter § 3-11 tredje ledd og halvårsvurdering i fag etter § 3-13.

Foreldra skal få munnleg eller skriftleg:

- a) varsling om eleven sitt fråvær
- b) varsling dersom det er fare for at det ikkje er grunnlag for vurdering i fag, orden og oppførsel eller fare for at eleven kan få karakteren nokså godt eller lite godt i orden eller oppførsel, jf. § 3-7
- c) informasjon om eleven og foreldra sine rettar og pliktar etter opplæringslova og forskrifta
- d) anna viktig informasjon om eleven, med mindre denne er underlagt teieplikt etter anna lovgiving.

§ 20-4 Foreldresamarbeid i vidaregåande opplæring¹⁶⁷

Skolen skal halde kontakt med foreldra til elevar som ikkje er myndige etter verjemålslova § 1 gjennom heile opplæringsåret.

Skolen skal i starten av opplæringsåret på Vg1 og Vg2 halde eit foreldremøte der foreldra informerast om skolen, innhaldet i opplæringa, medverkinga til foreldra, rutinar og anna som er relevant for foreldra.

Foreldra til ikkje myndige elevar på Vg1 og Vg2 har første halvår av opplæringsåret rett til minst ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg og eleven sin kompetanse i faga. I tillegg skal kontaktlæraren samtale med foreldra om utviklinga til eleven i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket. Samtalen skal klargjere korleis eleven, skolen og foreldra skal samarbeide for å leggje til rette for læringa og utviklinga til eleven. Eleven har rett til å vere med i samtalen med foreldra. Samtalen kan sjåast i samanheng med samtalen med eleven etter § 3-11 tredje ledd og halvårsvurdering i fag etter § 3-13.

Foreldra til ikkje myndige elevar skal få munnleg eller skriftleg:

¹⁶⁵ Tilføyd ved forskrift 7. juli 2010 nr. 1081 (i kraft 01.08.2010)

¹⁶⁶ Tilføyd ved forskrift 7. juli 2010 nr.1081 (i kraft 01.08.2010)

¹⁶⁷ Tilføyd ved forskrift 7. juli 2010 nr. 1081 (i kraft 01.08.2010)

- a) varsling om eleven sitt fråvær
- b) varsling dersom det er fare for at det ikkje er grunnlag for vurdering i fag, orden og oppførsel eller fare for at eleven kan få karakteren nokså godt eller lite godt i orden eller oppførsel, jf. § 3-7
- c) informasjon om eleven og foreldra sine rettar etter opplæringslova og forskrifta
- d) anna viktig informasjon om eleven, med mindre denne er underlagd teieplikt etter anna lovgiving.

Kapitel 21 Tilgang til skolebibliotek

(Opplæringslova § 9-2 andre ledd)

§ 21-1. Tilgang til skolebibliotek

Skolen skal ha skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.

Kapitel 22 Retten til nødvendig rådgiving¹⁶⁸

(Opplæringslova § 9-2 første ledd)

§ 22-1. Generelt om retten til rådgiving¹⁶⁹

Den enkelte eleven har rett til to ulike former for nødvendig rådgiving: sosialpedagogisk rådgiving og utdannings- og yrkesrådgiving. Tilbodet skal vere kjent for elevar og føresette, og vere tilgjengeleg for elevane ved den enkelte skolen.

Retten til nødvendig rådgiving inneber at eleven skal kunne få informasjon, rettleiing, oppfølging og hjelp til å finne seg til rette på skolen og ta avgjerd i tilknytning til framtidige yrkes- og utdanningsval. Rådgivinga kan vere både individuell og gruppevis. Eleven sitt behov og ønske vil avgjere forma som blir teken i bruk.

Rådgivinga skal medverke til å utjamne sosial ulikskap, førebyggje fråfall og integrere etniske minoritetar. For at rådgivinga skal bli best mogleg for eleven, skal skolen ha eit heilskapleg perspektiv på eleven og sjå den sosialpedagogiske rådgivinga og utdannings- og yrkesrådgivinga i samanheng.

Eleven skal få den hjelpa han/ho treng for å utvikle seg vidare og utnytte eigne ressursar, utan omsyn til tradisjonelle kjønnsroller.

§ 22-2. Sosialpedagogisk rådgiving¹⁷⁰

Den enkelte eleven har rett til nødvendig rådgiving om sosiale spørsmål. Formålet med den sosialpedagogiske rådgivinga er å medverke til at den enkelte eleven finn seg til rette i opplæringa og hjelpe eleven med personlege, sosiale og emosjonelle vanskar som kan ha noko å seie for opplæringa og for eleven sine sosiale forhold på skolen.

Ved behov kan eleven få hjelp til mellom anna å:

- klarleggje problem og omfanget av desse
- kartleggje kva skolen kan medverke til, og om det er behov for hjelpeinstansar utanom skolen
- finne dei rette hjelpeinstansane og formidle kontakt med desse.

Eleven skal bli møtt med respekt av personalet på skolen i forhold til sine sosiale, personlege og emosjonelle problem.

¹⁶⁸ Kapitlet endret ved forskrift 19. desember 2008 nr. 1526 (i kraft 01.01.2009).

¹⁶⁹ Endret ved forskrift 19. desember 2008 (i kraft 01.01.2009)

¹⁷⁰ Endret ved forskrift 19. desember 2008 nr. 1526 (i kraft 01.01.2009)

Personalet på skolen skal ha tett kontakt og samarbeid med hjelpeinstansar utanfor skolen og heimen slik at det blir samanheng i tiltaka rundt eleven.

§ 22-3. Utdannings- og yrkesrådgiving¹⁷¹

Den enkelte eleven har rett til rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval. Utdannings- og yrkesrådgivinga har som formål å bevisstgjere og støtte eleven i val av utdanning og yrke og utvikle kompetansen til den enkelte til å planleggje utdanning og yrke i eit langsiktig læringsperspektiv.

Retten til nødvendig utdannings- og yrkesrådgiving inneber at eleven mellom anna har rett til:

- rådgiving og rettleiing som er knytt til val av yrke og utdanning
- oppdatert informasjon om utdanningsveggar i Noreg og andre land
- oppdatert informasjon om yrkesområde og arbeidsmarknaden lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- opplæring i å finne og orientere seg i informasjon og i bruk av rettleiingsverktøy
- informasjon om søknadsfristar, inntaksvilkår og finansieringsordningar
- opplæring og rettleiing om jobbsøking og andre søknadsprosedyrar.

Eleven skal gradvis bli bevisst sine egne interesser, dugleikar og verdiar, og få kunnskap, sjølvinnsett og evne til sjølv å kunne ta avgjerd om yrkes- og utdanningsval. Rådgivinga skal også utvikle eleven sine evner til å vurdere moglege konsekvensar av val og førebyggje feilval. Frå 8.-13. årstrinn skal rådgivinga leggjast opp som ein prosess.

Utdannings- og yrkesrådgiving skal vere eit samarbeid mellom ulike personar og instansar på skolen, og skolen skal så langt det er mogleg og hensiktsmessig trekkje inn eksterne samarbeidspartnarar for å gje elevane best mogleg informasjon og tilbod om rådgiving om yrkes- og utdanningsval. Aktuelle samarbeidspartnarar er til dømes andre utdanningsnivå, lokalt næringsliv, partnerskap for karriererettleiing og heimen.

§ 22-4 Ansvar¹⁷²

Skoleeigar er ansvarleg for å oppfylle eleven sine rettar etter § 22-1 til § 22-3, jf. opplæringslova § 13-10. Ansvaret inneber mellom anna at begge formene for rådgiving skal utførast av personale med relevant kompetanse for dei to områda.

Skolen skal arbeide systematisk og planmessig for å sikre at rådgivingstilbodet blir tilfredsstillande.

Kapitel 23 Dispensasjon frå forskrifta

§ 23-1 Dispensasjon¹⁷³

Departementet og Utdanningsdirektoratet kan i særskilde tilfelle dispensere frå reglane i kapitla 3, 4, 6 og 24.

§ 23-2 Dispensasjon frå krava til å få vitnemål i § 4-31 grunna lærarstreiken våren 2008¹⁷⁴

Dei elevane i vidaregåande opplæring som grunna lærarstreiken våren 2008 manglar eksamenskarakterar i eit eller fleire fag eller som ikkje har fått avlagt eksamen etter føresegnene, har i desse faga dispensasjon frå krava i § 4-31 andre ledd.

¹⁷¹ Endret ved forskrift 19. desember 2008 nr. 1526 (i kraft 01.01.2009)

¹⁷² Tilføyd ved forskrift 19. desember 2008 nr. 1526 (i kraft 01.01.2009)

¹⁷³ Endret ved forskrift 01.07.2009 nr 964 (i kraft 01.08.2009)

¹⁷⁴ Heimel: Fastsett av Kunnskapsdepartementet 17. juni 2008 med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd og lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolarar med rett til statstilskott (privatskolelova) § 2-3 andre ledd. I kraft 17. juni 2008.

§ 23-3 Dispensasjon frå krava til å få vitnemål i § 3-42 grunna streik våren 2010¹⁷⁵

Dei elevane i vidaregåande opplæring som grunna streiken våren 2010 manglar eksamenskarakterar i eit eller fleire fag som ikkje har fått avlagt eksamen etter føresegnene, har i desse faga dispensasjon frå krava i § 3-42 andre ledd.

§ 23-4 Dispensasjon frå krava til å få vitnemål i § 3-42 grunna streik våren 2012¹⁷⁶

Dei elevane i vidaregåande opplæring som grunna streiken våren 2012 manglar eksamenskarakterar i eit eller fleire fag eller som ikkje har fått avlagt eksamen etter føresegnene, har i desse faga dispensasjon frå krava i § 3-42 andre ledd.

Kapitel 24 Innføringstakt for Læreplanverket for Kunnskapsløftet og overgangsordningar frå L97 og Reform 94 til Kunnskapsløftet

Grunnskolen

§ 24-1. Grunnskolen

Frå og med 1. august 2006 skal 1. til 9. årstrinnet ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet, inklusive ny fag- og timefordeling. Frå og med 1. august 2007 skal 10. årstrinnet ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet, inklusive ny fag- og timefordeling.

Første eksamen i grunnskolen etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet er våren 2008.

Læreplan i Kunnskapsløftet for framandspråk og språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk blir innført på 8. årstrinnet frå og med 1. august 2006, på 9. årstrinnet frå og med 1. august 2007 og på 10. årstrinnet frå og med 1. august 2008. Frå og med 1. august 2006 til og med 31. juli 2008 skal læreplanen i tilvalsfag og vurderingsordningane i L97 gjelde for dei årstrinna som ikkje har framandspråk eller språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk. (Dvs. at eleven og foreldra kan velje om eleven skal ha vurdering med karakter i tilvalsfag. Dersom ein vel vurdering med karakter i tilvalsfag, skal det setjast terminkarakter og standpunktkarakter. Karakter i tilvalsfag tel ikkje ved inntak til vidaregåande opplæring.)

Faget programfag til val på ungdomstrinnet blir obligatorisk frå og med 1. august 2008. Frå og med 1. august 2006 til og med 31. juli 2008 kan faget programfag til val innførast lokalt på ungdomstrinnet. Departementets retningslinjer for lokal utarbeiding av læreplan for programfag til val skal da leggjast til grunn. Der ein lokalt ikkje innfører faget programfag til val, skal ein følgje læreplanen « Skolens og elevenes valg » i L97. Både for lokalt utarbeidd læreplan for programfag til val i Kunnskapsløftet og læreplanen « Skolens og elevenes valg » frå L97 gjeld timeramma for programfag til val i Kunnskapsløftet og vurderingsordningane for tilvalsfag i L97.

31. juli 2006 blir læreplanane i L97 trekte tilbake for 1.-9. trinn. 31. juli 2007 blir læreplanane i L97 trekte tilbake for 10. trinn. Læreplanen « Skolens og elevenes valg » blir trekt tilbake frå og med 31. juli 2008. Siste eksamen i grunnskolen etter læreplan i L97 er våren 2007.

Utdanningsdirektoratet fastset nødvendige justeringar i overgangsperioden når det gjeld eksamensordningar og vitnemålsformularar i samband med innføringa av Kunnskapsløftet. Det gjeld også dei som har avvikande lokalt starttidspunkt for Kunnskapsløftet på grunnlag av særskild søknad.

¹⁷⁵ tilføyd ved forskrift 16. juni 2010 nr. 839

¹⁷⁶ Tilføyd ved forskrift 5. juni 2012 nr. 491

Vidaregåande opplæring**§ 24-2. Poengutrekning ved inntak frå grunnskolen til vidaregåande opplæring**

Frå og med 1. august 2006 til og med 31. juli 2008 skal eventuell karakter i tilvalsfag og « Skolens og elevenes valg » med læreplan frå L97 ikkje telje med i poengutrekninga ved inntak til vidaregåande opplæring. Det same gjeld eventuell karakter i faga framandspråk, språklig fordjuping i engelsk, norsk eller samisk og programfag til val i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

§ 24-3. Overgang til vidaregåande opplæring i studieførebuande utdanningsprogram for elevar som har hatt framandspråk i grunnskolen

Elevar som fullfører 10. årstrinnet skoleåra 2005/2006, 2006/2007 og 2007/2008 med framandspråk som tilvalsfag, kan innanfor tilbodet på skolen dei skal gå på, velje

- a) å halde fram på nivå II i det framandspråket dei har hatt på ungdomstrinnet
- b) å ta eit nytt framandspråk på nivå I som dei ikkje har hatt opplæring i tidlegare
- c) å begynne på nytt på nivå I i det språket dei har hatt på ungdomstrinnet, eller
- d) å ta framandspråk på nivå I og nivå II over tre år.

Elevar som fullfører 10. årstrinnet skoleåra 2006/2007 og 2007/2008 med løyve til å bruke læreplanen for framandspråk i Kunnskapsløftet, kan, innanfor tilbodet på skolen dei skal gå på, velje mellom alternativ a og alternativ b, jf. første ledd.

§ 24-4. Overgang til vidaregåande opplæring i studieførebuande utdanningsprogram for elevar som ikkje har hatt framandspråk i grunnskolen

Elevar som fullfører 10. årstrinnet skoleåra 2005/2006, 2006/2007 og 2007/2008 utan framandspråk som tilvalsfag, kan innanfor tilbodet på skolen dei skal gå på, velje

- a) å ta eit framandspråk på berre nivå I over to år, eller
- b) å ta eit framandspråk på nivå I og nivå II over tre år.

Elevar som fullfører 10. årstrinnet frå og med skoleåret 2008/2009 med læreplanen for fordjuping i norsk eller engelsk i Kunnskapsløftet, skal innanfor tilbodet på skolen dei skal gå på, ta framandspråk på nivå I og nivå II over tre år.

Elevar i grunnskolen må gjerast kjende med at dersom dei ikkje vel framandspråk på ungdomstrinnet, vil timetalet til valfrie programfag i vidaregåande opplæring av denne grunn bli redusert med 140 timar, jf. § 1-10.

§ 24-5. Innføring av Læreplanverket for Kunnskapsløftet i vidaregåande opplæring

Frå og med 1. august 2006 skal vidaregåande trinn 1 ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet i fag som i samsvar med fag- og timefordelinga ligg på vidaregåande trinn 1. Frå og med 1. august 2007 skal vidaregåande trinn 2 ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet i fag som i samsvar med fag- og timefordelinga ligg på vidaregåande trinn 2. Frå og med 1. august 2008 skal vidaregåande trinn 3 ta i bruk Læreplanverket for Kunnskapsløftet i fag som i samsvar med fag- og timefordelinga ligg på vidaregåande trinn 3.

Elevar som har fått rett til utvida opplæring etter opplæringslova § 3-1 femte ledd, kan likevel fullføre opplæringa etter læreplanen for Reform 94. Det må skje innan dei tidspunkta som er fastsette i § 24-5 til § 24-7.

Første sentralt gitt eksamen i fag etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet er våren 2007 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta på vidaregåande trinn 1, våren 2008 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta på vidaregåande trinn 2, og våren 2009 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta på vidaregåande trinn 3.

Lokalt gitt eksamen skal følgje same innføringstakt som sentralt gitt eksamen. Fylkeskommunen kan bestemme at første eksamen i fag med lokalt gitt eksamen i staden skal vere om hausten same året som Læreplanverket for Kunnskapsløftet i faget skal takast i bruk.

Der programfag ikkje er knytte til spesifikke årssteg i fag- og timefordelinga i Kunnskapsløftet, fastset Utdanningsdirektoratet tidspunktet for første eksamen i faga.

§ 24-5a Elevar i vidaregåande opplæring som våren 2009 kan fullføre etter læreplanar i reform 94¹⁷⁷

Elevar som våren 2009 avsluttar vidaregåande opplæring kan fullføre etter læreplanar i reform 94 dersom dei skoleåret 2008-2009 følgjer opplæring som nemnt i det følgjande:

- a) opplæring over fire år i ein kombinasjon av ordinær treårig vidaregåande opplæring og idrettsutøving,
- b) allmennfagleg påbygging,
- c) opplæring som gir både studie- og yrkeskompetanse.

§ 24-6. Tilbaketrekking av læreplanar og siste eksamen i fag med læreplan for Reform 94 i vidaregåande opplæring

Frå og med 31. juli 2006 blir læreplanane i grunnkurs i Reform 94 trekte tilbake. Frå og med 31. juli 2007 blir læreplanane i vidaregåande kurs I i Reform 94 trekte tilbake. Frå og med 31. juli 2008 blir læreplanane i vidaregåande kurs II i Reform 94 trekte tilbake.

Etter at læreplanane for opplæring i Reform 94 er trekte tilbake, er det likevel høve til å komplettere og forbetre karakterar i fag ved å ta eksamen i faget. Siste eksamen i fag med læreplanar for Reform 94 skal haldast våren 2008 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta i grunnkurs, våren 2009 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta i vidaregåande kurs I, og våren 2010 for fag som i samsvar med fag- og timefordelinga blir avslutta i vidaregåande kurs II.

Siste høvet til å få utferda kompetansebevis og vitnemål frå Reform 94 er våren 2010. Etter siste eksamen i faget med læreplan for Reform 94 kan fag etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet erstatte fag frå Reform 94. Utdanningsdirektoratet fastset kva for fag i Kunnskapsløftet som kan erstatte fag i Reform 94.

§ 24-7. Lærekontrakt og fag-/sveineprøve etter læreplan for Reform 94 og Kunnskapsløftet^{178,179}

Lærlingar kan teikne lærekontrakt etter ordninga for Reform 94 fram til desse datoane:

- a) 31. desember 2007 for lærlingar utan grunnkurs
- b) 31. desember 2008 for lærlingar med fullført grunnkurs (særlop)
- c) 31. desember 2009 for lærlingar med fullført VKI
- d) 31. desember 2010 for lærlingar med fullført VKII (flyfag).

Etter desse datoane kan det likevel teiknast lærekontrakt etter ordninga for Reform 94 i lærefag med store endringar. Utdanningsdirektoratet bestemmer alternativ innføringstakt for desse faga.

¹⁷⁷ Tilføyd ved endringsforskrift 01. juli 2009 nr. 965 (i kraft 1. juli 2009)

¹⁷⁸ Endra fjerde ledd ved forskrift 4 mars 2008 nr. 214, i kraft 5 mars 2008

¹⁷⁹ Endret ved forskrift 30. juni 2010 nr. 1046 (i kraft 01.08.2010)

Fylkeskommunen avgjer kva for ein plan som skal leggjast til grunn ved lange avbrot i opplæringa.

Fag-/sveineprøve etter læreplan i Reform 94 må vere avlagd innan 31. desember 2011. Dette gjeld ikkje der Utdanningsdirektoratet har fastsatt ein annan frist eller for desse unntaka: Siste frist for å avlegge fag-/sveineprøve i Reform 94 for praksiskandidatar som har bestått sentralt gitt teoriprøve for praksiskandidatar innan våren 2009 og for lærlingar som har teikna lærekontrakt innan fristane gitt i første ledd bokstavane a-d:

- For lærefag med tre års opplæring og halvtanna års verdiskaping, er siste frist for å avlegge fag-/sveineprøve 30. juni 2012
- For lærefag med fire års opplæring og eitt års verdiskaping, er siste frist for å avlegge fag-/sveineprøve 31. desember 2012.

Siste sentralt gitte teoriprøve for praksiskandidatar med læreplanar for Reform 94 skal vere våren 2009. Følgjande unntak frå siste frist for eksamen for praksiskandidatar i avviksfag som har bestått sentralt gitt teoriprøve for praksiskandidatar innan våren 2009 og for lærlingar som har teikna lærekontrakt innan fristane gitt i første ledd bokstavane a-d:

- Siste sentralt gitte tverrfaglege eksamen på VKI-nivå (7000-serien) for lærlingar, som har teikna lærekontrakt innan fristane gitt i første ledd bokstavane a og b, er våren 2011.
- Siste sentralt gitte eksamen i avviksfag på VKII-nivå (6000-serien) for lærlingar og for praksiskandidatar som har bestått sentralt gitt teoriprøve for praksiskandidatar innan våren 2009, er våren 2011.

§ 24-8. Utvekslingselevar og andre som utset eller avbryt vidaregåande opplæring

Elevar som får godkjent opplæring i eitt år tilsvarande grunnkurs eller vidaregåande kurs I i utlandet, avsluttar opplæringa etter den læreplanen dei har begynt opplæringa i.

Elevar som har hatt avbrot i opplæringa, og som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, må følgje dei læreplanane som gjeld på det tidspunktet dei held fram opplæringa, jf. også § 24-7.

§ 24-9. Påbegynt opplæring i Reform 94 og overgang til Kunnskapsløftet i vidaregåande opplæring

Grunnkurs som er fullført og bestått i Reform 94 innan 1. august 2010, kan godkjennast som tilsvarande vidaregåande trinn 1 innanfor same fagområdet i Kunnskapsløftet. Vidaregåande kurs I som er fullført og bestått i Reform 94 innan 1. august 2010, kan godkjennast som tilsvarande vidaregåande trinn 2 innanfor same fagområdet i Kunnskapsløftet. Utdanningsdirektoratet fastset kva for krav som skal setjast til felles allmenne fag/fellesfag og studieretningsfag/programfag for å få godkjenning.

Dei som ikkje har fullført og bestått grunnkurs eller vidaregåande kurs I frå Reform 94 innan 1. august 2010, må tilfredsstille krava i Læreplanverket for Kunnskapsløftet fullt ut.

Beståtte fag i Reform 94 frå grunnkurs og vidaregåande kurs I og II kan også enkeltvis erstatte fag i Kunnskapsløftet. Utdanningsdirektoratet fastset kva for fag i Reform 94 som kan erstatte fag i Kunnskapsløftet.

§ 24-10. Overgangsreglar for opplæring spesielt organisert for vaksne i vidaregåande opplæring¹⁸⁰¹⁸¹

Innføringstakta for opplæring spesielt organisert for vaksne i vidaregåande opplæring følgjer normalt innføringstakta for ordinær opplæring etter læreplanane i Kunnskapsløftet, jf. § 24-5. For

¹⁸⁰ Endra ved forskrift 6 juni 2007 nr. 601 (i kraft 15 juni 2007).

¹⁸¹ Endra ved forskrift 6 juni 2007 nr. 601 (i kraft 15 juni 2007).

opplæring spesielt organisert for vaksne må likevel innføringstakta tilpassast i forhold til første høve til å ta eksamen i det enkelte faget i Kunnskapsløftet. Opplæringa i fag som er planlagde avslutta seinast hausten før første ordinære eksamen i faget i Kunnskapsløftet, må derfor følgje læreplanane i Reform 94. Opplæringa i fag som er planlagde avslutta samtidig med eller etter avviklinga av første ordinære eksamen i Kunnskapsløftet, skal følgje læreplanane i Kunnskapsløftet.

Opplæring spesielt organisert for vaksne etter læreplanane i Reform 94 skal seinast vere avslutta om hausten skoleåret før siste eksamen i det enkelte faget etter læreplanar i Reform 94. Siste eksamen i det enkelte faget er fastsett i § 24-6. Siste fag- og sveineprøve er fastsett i § 24-7. Etter dei tidspunkta som er angitte i desse paragrafane, vil det ikkje bli halde eksamen eller fag- og sveineprøve etter læreplanane i Reform 94. Siste tidspunkt for utferding av kompetansebevis og vitnemål i Reform 94 er fastsett i § 24-6, og for fag- og sveinebrev i § 24-7.

§ 24-11. Vitnemål

På kompetansebevis og vitnemål frå Kunnskapsløftet skal det berre førstast fag frå Kunnskapsløftet. På kompetansebevis og vitnemål frå Reform 94 skal det berre førstast fag frå Reform 94. Utdanningsdirektoratet fastset korleis fag som erstattar kvarandre frå Reform 94 og Kunnskapsløftet, skal førstast på dokumentasjonen.

§ 24-12. Unntak frå forskrifta

For elevar, privatistar, lærlingar, lære kandidat og praksiskandidatar som ikkje følgjer Læreplanverket for Kunnskapsløftet, gjeld i staden for tilvisingar til Læreplanverket for Kunnskapsløftet og ny terminologi fastsett i opplæringslova, læreplanane i L97, Reform 94 og tidlegare nemningar som er fastsette i desse reformene.

For dei som avsluttar opplæringa etter læreplanane i Reform 94, gjeld dette:

- a) Elevane skal ha éin felles karakter i orden og åtferd, jf. § 4-9.
- b) Føresegnene om kriteria for utferding av primærvitnemål er uendra.
- c) Det skal ikkje utferdast vitnemål for bestått fag- eller sveineprøve, jf. § 3-42.

Kapitel 25 Ikraftsetjing

§ 25-2. Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde 1. august 2006. Frå same dag blir forskrift 28. juni 1999 nr. 722 til opplæringslova oppheva.